7061 LA21 midlar skulen	-13 500,00	-13 500,00	0,00
7062 Kvalifiseringsprogrammet	-0,03	-0,03	0,00
7064 Vaksenopplæring	-80 000,00	-80 000,00	0,00
7065 Kystled Solund (kystarven)	0,00	-187 457,80	-187 457,80
7067 Strandsoneanalyse (2010)	-200 000,00	-200 000,00	0,00
7068 Spaserstokken	-8 700,00	-27 000,00	-18 300,00
7069 Vaksne framandspråklege	-209 300,00	-235 300,00	-26 000,00
7070 Omstill.midlar elektronisk arkiv	0,00	-27 851,00	-27 851,00
7071 Kystarven - kunnskapsprosjektet	-49 700,00	-49 700,00	0,00
7072 Sauen røktar kystarven	-82 472,50	-40 000,00	42 472,50
7073 Rekruteringsmidlar helsesektor	0,00	-6 800,00	-6 800,00
7075 Utjamningfond kart/oppmåling	-40 243,65	-50 388,49	-10 144,84
7076 Tursti "Gjensidige"	-38 064,00	-38 064,00	0,00
7077 Kompetansehevingsmidlar PLO	0,00	-19 677,50	-19 677,50
7078 HAFS skuleregion	-30 447,92	-490 723,48	-460 275,56
7079 Strandrydding	-95 000,00	-95 000,00	0,00
7080 Skogrydding	-10 000,00	-10 000,00	0,00

Note 12 - SPESIFIKASJON AV KOMMUNEN SINE FOND 31.12.14

	31/12 2014	31/12 2013	Endr.
7081 Likestillingsprosjekt	-14 535,40	-100 000,00	-85 464,60
7082 Gjenbruksbutikk	0,00	-57 239,54	-57 239,54
7083 Volontørarbeid	-100 000,00	-5 172,83	94 827,17
7084 Flittige hender	-5 666,14	-10 487,00	-4 820,86
7085 Minnegåve Bjørg Kråkås	-25 614,69	0,00	25 614,69
7086 Skulebasert kompetanseutvikling(2014)	-41 412,00	0,00	41 412,00
7087 Demensteam	-27 571,33	0,00	27 571,33
7088 Kompetanseløftet 2015 helse og omsorg	-143 242,37	0,00	143 242,37
7089 Barneverntenesta	-42 480,00	0,00	42 480,00
7090 Verdsdagen for Psykisk helse	-5 000,00	0,00	5 000,00
7091 Ruskonsulent	-220 000,00	0,00	220 000,00
7704 Bulyst	0,00	-376 587,80	

Bundne driftsfond	-5 549 329,83	-7 247 048,21	-1 697 718,38
--------------------------	----------------------	----------------------	----------------------

2013 År 2013	-32 787,97	0,00	32 787,97
2014 År 2014	915 789,24	0,00	-915 789,24
8000 Generelt ubundet kapitalfond	-766 207,94	-766 207,94	0,00
8016 Næringslån	-759 275,62	-649 075,62	110 200,00
8018 Stakaldefossen	-545 487,50	-552 587,50	-7 100,00
8019 Brannsyn (2007)	0,00	-9 994,00	-9 994,00
8020 Utvikling Solund Prestegård (2007)	-76 904,00	-76 904,00	0,00
8021 Mobilmast Kverhella	-47 520,87	-50 000,00	-2 479,13
8022 Bustadfelt Storehaugen (tidl. vegkryss Solneset)	-73 150,00	-73 150,00	0,00
8023 Tilbakekjøp eigedom Eide	-140 000,00	-140 000,00	0,00
8024 Veg Tangenes - Dalesund	-139 307,92	-2 000 000,00	-1 860 692,08
8025 Heisanlegg Solundheimen	0,00	-35 000,00	-35 000,00
8026 Tomt Storehaugen	-20 001,00	-20 001,00	0,00

Ubundne kapitalfond	-1 684 853,58	-4 372 920,06	-2 688 066,48
----------------------------	----------------------	----------------------	----------------------

7702 Tilskot vedl.. (snplass Lending)	0,00	-93 000,00	-93 000,00
8004 Ekstraord. innbet. formidlingslån	-394 068,00	-333 721,00	60 347,00
8009 Bru Ytre Solund	-14 592,15	-14 592,15	0,00
8100 Tettstadforming	-225 000,00	0,00	225 000,00
8101 Skateboardpark	-245 565,00	0,00	245 565,00
8102 Trafikktryggingstiltak	-345 218,00	0,00	345 218,00
8103 Kunstgrasbana	-75 000,00	0,00	75 000,00

Bundne kapitalfond	-1 299 443,15	-441 313,15	858 130,00
---------------------------	----------------------	--------------------	-------------------

8200 Generelt disposisjonsfond	-1 194 134,07	-1 628 683,65	-434 549,58
8215 Tursti / Turkart	0,00	-16 037,20	-16 037,20
8216 Kystled Solund	0,00	-123 000,00	-123 000,00
8221 Mobilutbygging Strand	-50 000,00	-213 348,30	-163 348,30
8222 Mobilutbygging Kverhella	-74 714,19	-74 714,19	0,00
8223 Utvikling næringsareal	0,00	-100 000,00	-100 000,00
8224 Vassforsyning Kolgrov	0,00	-3 000,00	-3 000,00

Disposisjonsfond	-1 318 848,26	-2 158 783,34	-839 935,08
-------------------------	----------------------	----------------------	--------------------

Ikke effektuerte vedtak:

Lån disposisjonsfond (fiberprosjekt Ytre Sula)

Rest fiberprosjekt Hardbakke-Eide (bruk i år 2012/2013)

920 000,00 Tilbakeføring år 2016 og 2017

98 000,00

Note 12 - SPESIFIKASJON AV KOMMUNEN SINE FOND 31.12.14

	31/12 2014	31/12 2013	Endr.
	0,00	0,00	0,00
Rekneskapsmessige resultat - drift	0,00	0,00	0,00
2013 Udisponert år 2013 - 2 59 60 000	0,00	-32 787,97	-32 787,97
Rekneskapsmessige resultat - investering	0,00	-32 787,97	-32 787,97

Note 23 : Interkommunale samarbeid, eigarskap, delegasjon m.m.

Interkommunalt samarbeid	Samarbeider om	Organisering	Samarbeidskommunar
SYS-IKT	Ikt –infrastruktur og programvare	Interkommunalt samarbeid	Førde, Gaular, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Solund, Askvoll, Gulen, Jølster, Høyanger, Flora (delvis)
PPT	Pedagogisk psykologisk teneste	Vertskommune	Kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler (vert), Gulen, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Solund og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Lutelandet Utvikling AS	Utvikling av industriområde	AS	S&Fj. Fylkeskommune, Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund
HAFS – oppvekst	Skule- og barnehageutvikling	Samarbeidsavtale	Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Gulen, Solund, Høyanger
Visit Fjordkysten AS	Destinasjonsselskap for reiselivet	AS	Flora, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Solund, Hyllestad, Gulen
Hafs interkommunale barnevernsteneste	Barnevernsteneste	Vertskommune	Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund. Kontorstad i Dale.
Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling –NGiB	Brannførebyggjing	Vertskommune	Nordhordland, Gulen og Solund
Feieteneste	Feing og tilsyn av eldstader	Vertskommune	Masfjorden (vert), Gulen, Modalen og Solund
Miljøretta helsevern	Interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.	Vertskommune	Kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn. Flora kommune er vertskommune.
			Flora kommune er vertskommune.
Karrierettileiar	Karrierettileiar - 100 % stilling	Sogn og Fjordane fylkeskommune har koordinerings- og driftsansvar	Det er tilsett karrierettileiar i 100 % stilling med følgjande finansieringsnøkkel: fylkeskommunen 55%, HAFS-kommunane 30% og NAV 15%. Kontorstad Dale
Nordhordland og Gulen Interkommunale renovasjonsselskap NGIR IKS	Interkommunalt selskap og skal utføre renovasjonstenestene i kommunen.	IKS	Nordhordland, Gulen og Solund.
Kryss-revisjon	Felles kommunerevisjon	IKS	Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund
Sekom	Sekretariat for kontrollutvala	IKS	Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.
SunnLab A/S	Tekniske prøvar og analysar (vatn og næringsmiddel)	AS	Flora, Naustdal, Førde, Jølster, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Solund, Fjaler og Askvoll.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	Naudalarmsentraltenester knytt til brann og ulykker og tryggleikstelefonar	IKS	Alle kommunane i fylket er medeigar.
Hafs Utvikling AS	Næringsutviklingsorganisasjon	AS	Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund
ØHD	Samarbeid om øyeblikkeleg hjelp	IKS	Solund og kommunane i Sunnfjord og HAFS
Incestsenter		IKS	Kommunane i fylket
Krisesenteret		Vertskommune	Kommunane i fylket
Interkommunal rekneskapskontrollør IRK	Arbeidsgevarvarkontroll for skatteoppkrevarane i kommunane	Vertskommune Solund	Solund, Gulen, Hyllestad, Fjaler, Askvoll,
Vassområde Ytre Sogn	Vassområdeforvaltning	Vertskommune Høyanger	Solund, Høyanger, Vik, Balestrand, Hyllestad og Gulen
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Avtale	Fjaler, Hyllestad (ansvar), Solund
Felles innkjøpssteneste SFFI	Felles innkjøpsavtalar	Vertskommune	Solund saman med alle (?) andre kommunane i SF
Interkommunalt utval mot akutt ureining IUA	Oljevern m.v.	Interkommunalt samarbeid	Kommunar i Bergenregionen + Solund og Gulen.
Alarmsentral Brann			Hordalandskommunar + Solund
Lækjarvaktssentral	Sentralbordteneste tilknytt legevakt	Vertskommune	Helse Førde til 3.kvartal 15 Deretter samarbeid: Jølster, Gaular, Førde, Naustdal, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund, Høyanger, Balestrand, Bremanger
Uformelle interkommunale samarbeid i form av deling av ressursar, med føremål å skapa ei god utvikling:			
Økonominettverk FØYS	Felles utviklingsaktivitetar, system og opplæring innan økonomi	Samarbeid	Leiarar frå ulike fagområde i kommunane i SYS-IKT området
Helsenettverk i HAFS	Samordning av behov for kompetanseoppbygging, rekruttering, erfaringsutveksling innan helseområdet	Samarbeid	Hyllestad, Askvoll, Solund, Gulen og Fjaler
Personalnnettverket i HAFS	JF ovanfor innan personalområdet	Samarbeid (administrativt)	Hyllestad, Askvoll, Solund, Gulen og Fjaler
Teknisk nettverk i HAFS	JF ovanfor innan drift, plan og utvikling	Samarbeid (administrativt)	Hyllestad, Askvoll, Solund, Gulen og Fjaler
Nettverk for folkehelsekoordinatorar	Arena for erfaringsutveksling og felles prosjektaktivitetar	Samarbeid (administrativt)	Hyllestad, Askvoll, Solund, Gulen og Fjaler


REKNESKAP OG AVSTEMMING FOR SOLUND KOMMUNE SITT NÆRINGSFOND

Konto	Kontonamn	Beløp	Beløp
3847 09 50045	Saldo 31.12.2014		1 696 507
2 10 20.021	Saldo 31.12.2014		1 696 507
	Dobbel- og feilført Lending Rederi	(200 000)	
	Korr Nf-konto 2013	9 500	
	Losfisk	(10 000)	
	Solund Næringsutvikling	(110 000)	
	Sponevika	(33 750)	
	Forvaltningskostnader næringsfond	(26 000)	
2.10.20.021	Justert saldo 31.12.2014		1 326 257
2.51.99.700	IB 01.01.2014		1 208 032
UTGIFTER:			
1.4700.400.32570	Tilskot til andre	(283 990)	
1 2900.400 32570	Interne tilskot	(160 250)	
	Sum utgifter		(444 240)
INNTEKTER:			
1.8102.400.32570	Statstilskot	522 553	
1.9009.400 32570	Renter	41 912	
	Sum innleker.		564 465
2.51.99.700	Saldo pr. 31.12.2014		1 326 257

Beløp mellom bank og fondskonto


Avstemming bank, fond og Næringsfonddatabase:

Saldo kontobeholdning iflg. Næringsfonddatabase	1 360 007	
Saldo bank og fond		1 326 257
Sponevika rest utbetaling i 2015		33 750
Rest disponible midlar pr. 31/12 2014	1 360 007	1 360 007



 Hardbakke 17.03.2014
 Kjell Mongstad
 Økonomisjef

Note 15 - Kapitalkonto

Tekst:	Beløp:	Beløp:	Konto:	Beløp:	Beløp:
UB 31.12.2014		38 176 717,63	25 990 001,00 IB 01.01.2014		32 445 088,54
Av/ og nedskrivning fast eiendom		3 100 364,45	Aktivering fast eiendom		8 312 115,75
Av/ og nedskrivning utstyr, maskiner & transp		1 004 761,72	Aktivering utstyr, maskiner & transp		1 890 557,21
Av/nedskrivning aksjer / andelar		300 000,00			
Sal eiendom		0,00	Aktivering aksjer		
Eigenkapitalinnskot KLP		0,00	Eigenkapitalinnskot KLP		213 509,00
Sal av dr.midl. Og fast eiendom?			Avdrag på lån/utlån:		
Avdrag på utlån:			05200 Andre utlån	300 000,00	
E.o. avdrag formidl.lån	60 347,00		05200 Utlån Formidlingslån	242 052,00	
Avdrag på sosiallån	26 147,66		05109 Avdrag på formidlingslån	102 499,00	
Omgjering sosiallån til bidrag	107 093,00		15 100,00 Avdrag på lån	2 889 413,00	
Ordinære avdrag utlån	548 265,64	741 853,30	15 200,00 Sosiallån	9 077,00	3 543 041,00
Bortskrivning sosiallån		0,00			
Tap på næringslån		0,00			
Bruk av lån:					
Bruk av lån til investering	4 487 020,40				
Bruk av lån til videre utlån	242 052,00	4 729 072,40			
Endring pensjonsforpliktelser KLP*		7 615 637,00	Endring pensjonsmidlar KLP*		8 956 040,00
Endring pensjonsforpliktelser SPK*		-222 599,00	Endring pensjonsmidlar SPK*		-73 438,00
Endring arb.giv.avg. netto pensjonsforpl KLP		-142 083,00			
Endring arb.giv.avg. netto pensjonsforpl SPK		-15 811,00			
Balanse		66 286 913,50	Balanse		66 286 913,50
Differanse		0,00			
		7 393 038			8 882 802
Avstemming		7 393 038			8 882 802
Kontroll		0			0


Erik Askeland
 Administrasjonssjef

Hardbakke 31.03.2015


Kjell Mønstad
 Økonomisjef

Til
KRYSS Revisjon

6957 Hyllestad

UTTALE FRÅ LEIINGA FOR SOLUND KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP FOR 2014

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for Solund kommune for driftsåret 2014.

I tilknytninga til kommunen si rekneskapsavlegging og etter beste skjønn og overtyding, stadfester vi med dette følgjande:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktingar av vesentleg grad – også påløpne og betinga forpliktingar.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktingar for kommunen, utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktingar for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret, er medteke i oversikta over garantiforpliktingar pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eignelutar oppført i balansen. Eignelutane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. Desse var ikkje stilt som sikkerheit for kommunen sine forpliktingar, utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan gje kommunen vesentlege økonomiske forpliktingar.
- Vi kjenner ikkje til at det har skjedd hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som har vesentleg avgjersle for årsrekneskapen, utover det som fram går av denne.
- Vi har ikkje opplysningar om misleghald eller andre ureglementerte tilhøve som har vesentleg avgjersle for årsrekneskapen, og som ikkje er kome til uttrykk i denne.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å setja i verk turvande rekneskapsrutinar og kontrolltiltak, for å hindra og å avdekka misleghald og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen og som ikkje seinare er retta opp, så handlar dette om tilhøve som både einskildvis og samla er uvesentleg for årsrekneskapen sin heilskap.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle misleghald eller mistankar om misleghald som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha fått konsekvensar for kommunen .
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre risikovurderingar om kor vidt rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon, som følgje av misleghald.

Kommentarer til kulepunkta på side 1 (jf. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følge rekneskapssaka):

Hardbakke 31. mars 2015

(Administrasjonssjef/Rådmann)

(Økonomiansvarleg/rekneskapsansvarleg)

Solund kommune
v/ordfører
Postboks 73
6921 Hardbakke

Dykkar ref.:
Rekn311214

Vår ref.:
Revmeld 2014/ame

Arkivkode:
212

Journalnr.:
014/2015

Dokumentdato:
15.04.2015

REVISJONSMELDING 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2014 for Solund kommune. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og notecopplysningar. Driftsrekneskapen syner eit negativt netto driftsresultat på kr. 2.042.305-, og eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0,- etter avsetningar og bruk av fond. Investeringsrekneskapen for 2014 er avslutta med eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0,-.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

På grunnlag av vårt revisjonsarbeid er vår oppgåve å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderingar av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Foremålet er å utforme revisjonshandlingar som er forenålstlenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Halstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Fide, 57 61 26 46
- evt. mobil: 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil: 47 65 50 93

Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Solund kommune pr. 31. desember 2014 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen i all hovudsak stemmer med regulert budsjett. Vi minner likevel om Lov om kommunar og fylkeskommunar, §§ 46 og 47, som omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad.

Det er gjort greie for vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE 3000, «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon elles begrensa revisjon av historisk økonomisk informasjon»), meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Solund kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Hyllestad, 15.04.2015

Kommunerevisjonen
 Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 489, 6801 Førde
 Terje Førde
 Revisjonssjef
 Dagleg leder/Revisjonssjef

Aud Mart Nyland Eide
 Aud Mart Nyland Eide
 Kommunerevisor I
KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

ÅRSMELDING

År 2014




Foto: Gunn Åmdal Mongstad

Solund kommune

Vedteke i Solund kommunestyre den ?? .06.2015 i sak ???/15.

INNHALD:

1	INNLEIING:	Side 3
2	POLITISK ORGANISERING OG AKTIVITET	Side 4
3	ADMINISTRATIV ORGANISERING OG AKTIVITET	Side 9
4	OVERORDNA ØKONOMISKE VURDERINGAR	Side 11
5	LÅNEGJELD	Side 26
6	FOLKETALSUTVIKLING	Side 26
7.	SJUKEFRÅVÆR	Side 28
8.	RAPPORTAR FRÅ DEN DAGLEGE DRIFTA	
8.1.	Ansvar 100, 120, 121, 130, 410 og 420	Side 30
8.2	Ansvar 210 og 211	Side 42
8.4	Ansvar 271	Side 45
8.5	Ansvar 300	Side 48
8.6	Helse- og omsorg 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373	Side 50
8.7	Ansvar 400, 600, 601 og 620	Side 61
9.	INVESTERINGAR	Side 65
10.	KONKLUSJON	Side 74

1 INNLEIING:

Driftsåret 2014 har vore eit aktivt år, der Kommunestyret har hatt mange viktige og arbeidskrevjande saker til handsaming, som t.d. vedtaka om mobil- og breibandutbygging. Det er også gjort viktige vedtak i år 2014, som legg føringar på kva som vil få fokus og krevja ressursar i kommunen i åra som kjem, som utgreiing av kommunestruktur og mottak flyktningar.

Solund kommune har hatt vesentlege utfordringar knytt til folketalsutviklinga dei siste åra med ditto inntektssvikt og årvisse nedskjeringar i driftsorganisasjonen.

For å motverka denne negative trenden, har Kommunestyret m.a. vedteke ei ny organisering av næringsutviklingsarbeidet, gjennom å aktiv deltaking i verksemda HAFS Utvikling AS.

Kommunestyret har også starta opp ein «Strategisk utviklingsprosess», gjennom Bulyst-prosjektet. Denne prosessen skal bidra til at Solund får posisjonert seg i høve framtida; - herunder også møta eventuelle strukturendringar som måtte koma i kjølvatnet av utgreiingane som pågår.

Solund har no gjennomført sitt første heile driftsår med berre éin felles skule i drift.

Dernest har omstillingsprosessar i helse- og omsorgssektoren dei siste åra, ført til at ein ved utgangen av året, driftar med felles turnus for institusjon og heimeteneste.

Det vert til sist nemnt at frå 1/1 2015 vert barnehagen frå 3 til 2 avdelingar.

Administrativt har starta opp interne utviklingsprosessar som m.a. handlar om å tilpassa stabs- og støttefunksjonar og organisasjonen elles til kravet om moderne og fulldigital drift.

Både organisasjons- og leiarutvikling vil verta prioritert i komande år. Dette også for å makta følgja opp krav som innbyggjarar og næringsliv stiller til kommunen.

Plan- og utviklingsavdelinga har drifta med vesentlege vakansar i 2014, og er samstundes i omstilling både i høve utviklings- og forvaltningsarbeid. Utviklingsprosessen femnar også om denne avdelinga.

Det er positivt at trass i dei mange endringsprosessane som har gått føre seg i driftsåret, har sjukefråværet gått ned.

Investeringsnivået har vore høvesvis høgt i Solund kommune i år 2014, samanlikna med tidlegare år. Oppstart av prosjekt «Ny heis Solundheimen» og «Veg Dalesund-Tangen» er hovudårsaka til dette. Det er positivt at mange gamle vedtekne prosjekt, er gjennomført i driftsåret.

Resultat drift og investering:

Drifta syner for år 2014 eit negativt netto driftsresultatet på 2,04 mill. Det vert vist eigen note 19 til årsrekneskapen, samt til kapittel 4.1 i denne årsmeldinga, for oversyn over kva som er ekstraordinære hovudårsaker til nedgangen i netto driftsresultat og endringar i resultatet frå året før.

Sjølv om det er gjort mange utgiftsreduserande og inntektsaukande tiltak, så har desse ikkje vore tilstrekkelege for å løysa dei økonomiske utfordringane. Ubalansen i drifta er ved årslutt på kr. 1.057`. Brorparten av dette meirforbruk skuldast kjøp av vikartenester ved Helse- og omsorgsavdelinga. Etter forskriftene er det difor gjort strykningar av budsjetterte avsetnader. Strykninga er fordelt med kr. 37` av budsjettert avsetnad til disposisjonsfond og kr. 1.020` av budsjettert avsetnad til investering.


I utgangspunktet syner investeringsrekneskapen eit mindreforbruk på kr. 104`.

Sidan budsjettert løyving frå driftsrekneskapen er stroken med kr. 1.020`, har ein etter forskriftene saldert det samla uløyste finansieringsbehovet med bruk av ubunde investeringsfond, stort kr. 916`.

Drifts- og investeringsrekneskapen er etter dette avslutta med kr. 0 i rekneskapsmessig resultat.

2 POLITISK ORGANISERING OG AKTIVITET:

2.1.1 Den politiske organiseringa har vore slik i meldingsåret:



2.1.2 Politisk leiing:

Ordførar: Ole Gunnar Krakhellen
Varaordførar: John Kåre Larsen

2.1.3 Kommunestyret

Kommunestyret har vore slik samansett:

Høgre:	Ole Gunnar Krakhellen Sveinung Kråkås Vigdis Ravnøy Steinar Kjell Krakhellen Otto Einen
FrP:	John Kåre Larsen Egil Rong
PULS (Politisk Uavhengig LiSte):	Sigve Lerpold Svein Jardar Utvær
SP:	Linne Lending Anne Kristine Dyrdal Øyvind Lending
AP:	Anne Marie Gåsvær Færøy* Tom Færøy Irene Lambrechts Vaulen

* Gunn Åmdal Mongstad (SP) har hatt permisjon frå og med våren 2012

Saker det har vore arbeidd særskilt med i Kommunestyret

Kommunestyret har handsama 62 saker i år 2014 mot 59 saker året før. Her kan nemnast skriv- og meldingssaker og alle årvisse saker som t.d. eigarskapsmelding, rekneskap, budsjett-/økonomiplan (herunder utskrivinga av årets eigedomsskatt), fastsetjing av gebyr, m.m..

Andre viktige / prinsipielle og/eller ressurskrevjande saker som det har vore arbeidd særskilt med:

- Plan-, oppstart-, tilleggsløyvingar for mobilutbygging Hersvik og Strand
- Plan-, oppstart-, tilleggsløyvingar for breidband/fiberutbygging

- Hardbakke - Eide
- Hardbakke – Ytre Sula
- Plan for integrering av flyktningar – vedtak om mottak av flyktningar
- Vedtak om utgreiing av framtidig kommunestruktur
 - Felles utgreiingsarbeid for ein samanslutnad av reine øykommunar i Noreg
 - Samarbeid i HAFS-regionen
 - Samarbeid med Gulen / Nordhordland
- Innkjøpsstrategi
- Tilleggsøyving / oppstart prosjekt Ny heis Solundheimen
- Ny vurdering vindkraft
- Samarbeidsavtale med Helse Førde om lækjarvakt og ØHD
- Felles landbruksforvaltning
- Sal av Ytre Solund skule / Ytrøygrend barnehage
- Felles utviklingsorganisasjon i HAFS – HAFS utvikling AS
- Reguleringsplanar for industriområde Sponevika
- Reguleringsplan for Hyttefelt Klubben
- Oppheving av klausul for oppstart av Storehaugen bustadfelt
- Sal og kjøp av tomtar
- Forvaltningsrevisjon sjukefråvær / oppfølging sjukemelde
- Etablering av ny pensjonsordning for ordførar
- Oppnemning av nemnd «Nye omsorgsbustader»
- Oppnemning av nemnd Brusamband Ytre Steinsund
- Grunnlovsjubileum 2014
- Fritakssaker for eigedomsskattenemnd
- Utviding SFO
- Sommarstengd barnehage

2.1.4 Formannskapet

Formannskapet har vore slik samansett:

Ole Gunnar Krakhellen (H)
 John Kåre Larsen (FRP)
 Sigve Lerpold (PULS)
 Linne Lending (SP)*
 Tom Færøy (AP)

* Gunn Åmdal Mongstad har hatt permisjon frå og med våren 2012

Formannskapet har hatt til handsaming 86 saker i år 2014. Dette er det same tal saker som året før. Formannskapet har gjeve tilråding i alle saker som Kommunestyre seinare skal handsama. I tillegg har Formannskapet nytta sin eigenkompetanse i einskilde saker.

Formannskapet er også kommunen sitt planutval og næringsfondsstyre. Det vert vist til årsmelding for ansvar 400 for ytterlegare informasjon om statistikk og aktivitet knytt til plan- og næringsfondsaker.

Som årsmøte for Frivillegsentralen: Det vert vist til eiga årsmelding frå Frivillegsentralen. Sjå også ansvar 420 for ytterlegare informasjon.

Formannskapet har i tillegg vore styringsgruppe for BULYST-prosjektet . For år 2014 har formannskapet særskilt arbeidd med å utvikle ein Strategisk utviklingsplan som skal gjelda for heile kommunen. Likeins vedtok Formannskapet at BULYST skulle lage ei eksklusiv Fotobok for Solund. Denne vart utgjeven i år 2014. Sjå under ansvar 100 for ytterlegare informasjon.

2.1.5 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har vore slik samansett:

Rune Steinsund (AP)
Heidi Sanden (PULS)
Steinar Kjell Krakhellen (H)

Kontrollutvalet har hatt til handsaming 24 saker.

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon på «Sjukefråvær og system for oppfølging av sjukefråvær» / oppfølging sjukemelde» i år 2014.

Kontrollutvalet har i år 2014 også vedteke at det skal utarbeidast ein ny forvaltningsrapport «Vurdering av bemanning og ressursbruk på ulike tenesteområde» med grunnlag i tilgjengelege ulike relevante samanlikningar i KOSTRA-databasen.

Det vert elles vist til kontrollutvalet si eiga årsmelding for deira aktivitet i meldingsåret.

2.1.6 Solund Ungdomsråd:

Solund Ungdomsråd har vore slik samansett:

Perioden 01.01.2014 – 31.08.2014

Ida Bahun – leiar
Lisbeth Trovåg – nestleiar
Håvard Mjåtveit
Sofie Steinsund
Emil Hersvik Strøm

Perioden 01.09.2014 – 31.12.2015

Håvard Mjåtveit - leiar
Lisbeth Trovåg – nestleiar
Sofie Steinsund
Åsmund Rød
Trine Vågen

Ungdomsrådet har hatt 4 møter i meldingsåret.

Dei viktigaste sakene som har vorte handsama har vore:

- Innspel til ulike politiske saker som utbygging av fiber, mobil og breiband, strategiutviklingsplanen, utbygging av skatepark, budsjett og økonomiplan
- Søknad om transportmidlar til ungdom og organisering av tildelte midlar
- Har kvart år ansvar for å halde tale og legge ned krans ved minnestøtta ved kyrkja

2.1.7 Andre råd og utval

Det vert vist til eigne vedtak, for kven som er medlemmer i dei ulike råd og utval som følgjer.

Solund eldrerådet og råd for funksjonshemma:

Solund Eldreråd og Råd for funksjonshemma har handsama 4 saker i år.

Rådet har m.a. fremja eit krav om betre tilgang til offentlege bygg.

Dei har også engasjert seg i saka om utbygging av omsorgsbustader og oppmoda om å verte representert i nemnd som skal utgreie dette.

Arbeidsmiljøutvalet:

Dei viktigaste sakene Arbeidsmiljøutvalet har hatt til handsaming i meldingsåret, har vore:

- Redusere sjukefråværet
- Generell fokus på arbeidsmiljøet

Tilsetjingsutvalet:

Tilsetjingsutvalet har hatt 17 tilsetjingssaker i meldingsåret. I nokre av sakene vert det gjort fleire tilsetjingar.

Rekruttering av ny arbeidskraft har hatt størst fokus og å få inn riktig kompetanse på riktig stad i organisasjonen.

Dei største utfordringane har vore å få rekruttert til helse- og omsorgssektoren, og til undervisningsstillingar i grunnskulen.

Nytt i meldingsåret er at Solund har motteke generelt fleire søkjarar til utlyste stillingar enn tidlegare.

Trafikktryggingsutvalet:

Trafikktryggingsutvalet følgjer ein eigen plan for gjennomføring av tiltak.

Det er positivt at den fylkeskommunale finansieringa har auka til 75%, på dei prosjekt som vert godkjende. Det vert også vist til avsnitt om investeringar for ytterlegare informasjon.

Tidsplanen for gjennomføring av tiltak vart utsett til 2015, og dette er akseptert av Fylkeskommunen.

Ad-hocutval - Bru over Ytre Steinsund:

Det vart i år 2014 sett ned eit nytt adhoc-utval som har som mål å få på plass eit positivt vedtak om bygging av «bru til Ytre Steinsund».

2.1.8 Eigedomsskattenemndene:

Innføringsprosessen starta i år 2013, men år 2014 har vore eit aktivt arbeidsår, men svært høg møteaktivitet, synfaringar og aktivt takseringsarbeid.

Dei fleste møta har bore preg av å vera reine arbeidsmøter.

Sakkunnig takstnemnd:

I tillegg til at det er gjennomført ei mengd med arbeidsmøter og synfaringar, er det gjennomført 4 møter der det er gjort konkrete vedtak. Fokusområde i desse møta har vore:

- Informasjonstiltak / synfaringar
- Vedtak Takseringsreglement
- Endelege utskrivingsvedtak
- Vurdering av alle innkomne attendemeldingar / klagesaker – opprettingar av feil og manglar

Det vart gjennomført 948 utskrivingsvedtak den 30. juni 2014.

Av desse fekk sakkunnig takstnemnd henvendingar knytt til over 200 vedtak.

Etter løpande dialog med den einskilde skatteytar, vart mange saker retta opp, og dermed avslutta utan vidare handsaming.

Likeins, etter grundige vurderingar av sakkunnig takstnemnd med ditto opprettingar, vart resterande saker oversendt klagenemnda for ei ny og uhilda handsaming.

Klagenemnd for eigedomsskattesaker:

Klagenemnda heldt 4 møter og gjennomførte 2 omfattande synfaringar.

Klagenemnda fekk seg førelagt 69 utskrivingsvedtak til endeleg handsaming. Klagesakene utgjer om lag 7,2% av samla utskrivingsvedtak. Dette vert rekna som ein låg prosent i samband med ein kommune si 1. års utskriving av eigedomsskatt.

Sakkunnig takstnemnd og Klagenemnda oversende avslutningsvis tilsaman 7 saker om fritak for betaling av eigedomsskatt, til handsaming i Kommunestyret. Nokre av desse sakene vart sendt kommunestyret, utan handsaming i klagenemnda.

Grunna den vanskelege interne ressursituasjonen, måtte leiaren av takstnemnda tre inn som sakkunnig takstmann. Resten av nemnda har også vore direkte involvert i takserings- og synfaringsarbeidet, noko som ikkje var opphavleg planlagt. Vegen vart på den måten kort mellom skatteytar, taksator, nemnd og sjølve eigedomsskattekontoret, noko som var ein viktig faktor for at målet vart nådd innfor tidsfristen. Diverre førte dette også med seg ein vesentleg auke i kjøp av tenester. (jf. kap 4.3b).

2.1.9 Utviklingsarbeid

Som følge av kommunen si prioritering av omdømeskulen i år 2013, har Kommunestyret gjennom BULYST-prosjektet, og ei eiga oppnemnt styringsgruppe, køyrt ein brei og involverande strategisk utviklingsprosess i år 2014. Det er særleg arbeidd med å koma fram til ein felles visjon og posisjon for Solund kommune.

Kommunestyret har i år 2015 handsama det strategiske utviklingsdokumentet med m.a. følgjande formuleringar:

Visjonen:

«I dei unge sine framtidsplanar»

Posisjon:


«Kva meir kan vi skapa av det sjøen og kystlandskapet gir oss»

Dette arbeide og desse formuleringane er meint å munna ut i ein konkret handlingsplan som skal bidra til å få gjeldande Kommuneplan sine målformuleringar effektuert, samt gje viktige signal og positive innspel til den komande Kommuneplanprosessen.

Kommunestyret vedtok i år 2014 å løysa framtidig næringsutviklingsarbeid, gjennom ein eigen utviklingsorganisasjon i HAFS som vart stifta som eiga verksemd i år 2014. Herunder er det ein intensjon å få overført dei samarbeidande kommunane sine næringsfond til same verksemd. I skrivande stund vert tilsetjing av dagleg leiar og andre medarbeidarar gjort i den nye organisasjonen.

Andre råd og utval har gjennomført sin aktivitet i tråd med sine faste gjeremål, eller etter oppdrag frå Kommunestyre og/eller Formannskapet.

3.1.1 Organisering i meldingsåret:



3.1.2 Aktivitet

Det vert vist til oppstillinga under pkt.2.1.4, når det gjeld saker som har hatt særleg administrativ fokus og prioritet i meldingsåret.

Det overordna administrative nivået i kommunen har brukt mykje av sine ressursar til å førebu og følgja opp dei mange viktige sakene som har vore til handsaming politisk. Dette gjeld også for einskilde saker som er vedtekne tidlegare år.

Det vert vist til pkt. 2.1.8 – der det går fram at utviklingsarbeid har hatt ein sterk fokus i kommunen i meldingsåret og at konkrete tiltak er gjort som t.d. etablering av HAFS Utvikling AS og utarbeiding strategisk utviklingsplan.

Det er prioritert mykje ressursar i meldingsåret, mot å få på plass både planar og gjennomføring av dei store satsingane på mobil- og breibandsutbygging i Solund kommune.

Likeins har innføring av eigedomsskatt kravt særskilt mykje ressursar, der økonomikontoret og plan- og utviklingsavdelinga har vore sterkt involvert.

Ved inngangen til år 2014 vart det lagt opp ei 3-trinns satsing som både har fokus på å sette kommunen i stand til å møte ei «ukjent» og fulldigitalisert framtid, samstundes som fokus vert dreia mot å få organisasjonen og kommunen meir utviklingsorientert.

- Trinn 1 av satsinga er å få på plass eit fullelektronisk arkivssystem og rutinar i den interne organisasjonen. Det er lagt opp til at Fylkesmannen skal finansiera ein ekstra ressursinnsats også for år 2015.
- Trinn 2 av satsinga er ein organisasjonsutviklingsprosess som ein i år 2014 har førebudd. Ekstern konsulenthjelp vert kopla på i 2015, og dette vert finansiert med eksterne OU-midlar.
- Trinn 3 av satsinga er knytt til den pågåande strategiske utviklingsprosessen som er initiert og køyrt gjennom BULYST-satsinga. Denne prosessen skal munne ut i ein konkret handlingsplan, som saman med ei rullering av kommuneplanen, skal gjerast gjeldande frå år 2016 og frametter.

Som følge av trinn1-satsinga, har ein i år 2014 gjennomført ei rekkje digitaliseringsprosessar ved økonomikontoret, der også andre delar av organisasjonen har vorte mykje involvert.

Førebuingar knytt til både kommunestrukturarbeidet og mottak av flyktningar har også vore viktige og ressurskrevjande fokusområde i året som har gått.

Likeins har ein lagt ned mykje ressursar i koma i mål med reguleringsarbeidet for både «Industriområde Sponevika» og «hyttefeltet Klubben» i meldingsåret.

Det har vore eit krevjande økonomisk driftsår. Dei overordna rammene (skatteinntektene) har krympa i driftsåret som følge av både justert folketal pr. 1/1 2014, men også som følge av generell nedgang i skatteinntekter på nasjonalt nivå.

Dei mange tunge sakene som ein har måtta prioritera i år 2014, har diverre ført til dempa fokus på økonomistyringa i kommunen.

I både administrasjonen, staben og dei tenesteytande eining vert det lagt vekt på at alle brukarane skal få ein best mogleg service og eit optimalisert tenestetilbod.

Smådriftsfordeler som nærleik, fleksibilitet og samhandling vonar ein kjem til nytte for alle brukarane. Attendemeldingar tyder på at ein lukkast godt med strevet.

Dei tilsette viser evne til å tilpassa seg svært skiftande rammevilkår. Grunnlaget er difor godt for å lukkast med å drifta Solund kommune som eigen kommune også i framtida.

Det vert elles vist til kap- 8 – Dagleg drift og kap 9 - Investeringar, når det gjeld aktiviteten knytt til administrativ aktivitet.

4 OVERORDNA ØKONOMISKE VURDERINGAR

4.1 Driftsresultat (2013-tal i parantes):

Bokført brutto driftsresultat (før finansutgifter) for driftsåret 2014, er negativt med 2,8 mill. (-1,5 mill.). Resultatet utgjør -3,2% av samla driftsinntekter. Reduksjonen er på om lag 4,3 mill. frå året før.

Bokført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2014 (før avsetnader), er negativt med 2,1 mill. (-2,3 mill.). Resultatet utgjør -2,4% av samla driftsinntekter. Reduksjonen er på om lag 4,4 mill. frå året før.

For å få eit rett samanlikningsgrunnlag på utviklinga i netto driftsresultat, må ein hensynta 3 tilhøve:


1. Opphøyr av føring av momsinnntekter frå investeringar i drift frå og med år 2014 (1,0 mill.)
2. E.o. bustadtilskot ført som driftsinntekt i år 2013 og som utbetalt tilskot i år 2014 (2,0 mill.)
3. Pålegg om flytting av investeringsløyving til fiberutbygging frå investering til drift (1,15 mill.)

Ved å justere for desse 3 første punkta, er det samanliknberre netto driftsresultat om lag 0,25 mill. lægre enn året før. Då er naturleg nok dei nye eigedomsskatteinntektene inkludert med 1,4 mill. Utan desse inntektene ville resultatet vore tilsvarende lægre.

Saman med andre driftsmessige negative endringar som har kome til, vart det ved årsavslutninga trong for å stryke budsjetterte avsetnader til investeringsrekneskapen med kr. 1.020` og kr. 37` av budsjettert fri avsetnad til disposisjonsfond.

Det vert elles vist til pkt. 4.1.1 om korleis ein har kome fram til eit rekneskapsmessig balansert resultat for både drift og investering; - herunder korleis forskriftsmessige strykningar er vurdert.

4.1.1 Utvikling i netto driftsresultat (%):



KS har definert 3% som målindikator for «sunn kommuneøkonomi» i kommunesektoren.

Dette målet er korkje nådd i år 2014 for Solund kommune, eller i nyare tid i det heile, men diagrammet ovanfor syner at det er store svingingar frå år om anna.

I snitt ligg netto driftsresultat langt under nivået med fylket og landet elles.

Dette har si openberre forklaring i reduserte rammetilskot frå staten. Og årsaka til inntektssvikten er som tidlegare nemnt, i all hovudsak folketalsutviklinga.


Som det går fram av førre avsnitt, så er det korrigerte netto driftsresultat for år 2014, om lag 0,25 mill. lægre enn året før. Då har ein tatt omsyn til e.o. bustadtilskot (inntekt 2013, utgift 2014) og momsrefusjonar frå investeringar i år 2013, samt fiberutbygginga som måtte førast i drifta i år 2014.

Dei nye eigedomsskatteinntektene er fortsatt inkludert.

Samanliknar med landet og fylket, syner at Solund også i år har eit lågt driftsresultat; - også om ein korrigerer for periodiserberre transaksjonar.

4.1.2 Samanlikningar etter korreksjon (justert for berre Solund):

Det er verd å merke seg at sjølv om ein berre korrigerer netto driftsresultat for Solund sin del, så kjem veksten i Solund likevel vesentleg under både Fylket og Landet elles.



Om ein held utanom eigedomsskatteinntektene, ville Solund-prosenten vore -1,5%.

Utanom det som er nemnt i pkt. 4.1, så har følgjande vesentlege faktorar, påverka resultatet negativt:

- Auka kjøp av vikarbyråtenester i helse- og omsorgssektoren (om lag 0,85 mill.)
- Endringar i endeleg premieavvik/pensjonsoppgjer gjev ei negativ endring (0,2 mill.)
- Negativ realvekst - rammetilskot / skatt i vs. landet sin prisvekst .
Sjølv med ein auke på 0,45 mill. i e.o. skjønsmidlar /prosjektskjønsmidlar, er den nominelle veksten i rammetilskot / skatt på 1,4% ; - under halvparten av prisveksten (om lag 1,0 mill.).

Kommunen har såleis ikkje har fått frie midlar til å dekke kørkje heilårsverknader av fjorårets sentrale satsingsområde eller nye satsingar i det heile. Her kan nemnast innføring av valfag, etterutdanning brannvernspersonell, auka satsing på helsestasjon/skulehelseteneste, auka tilsyn barnevern, 1-åringar i barnehage, samt ekstra veskt i pensjonskostnader, m.m.

Følgjande vesentlege faktorar påverka resultatet positivt:

- Reduksjon i netto lønnskostnader (justert for refusjonar og prisvekst) med om lag 1,0 mill.
- Nye eigedomsskatteinntekter etter innføring av eigedomsskatt med om lag 1,4 mill.

Negativ folketalsutvikling er meint å skulla gje inndecking for kommunen sine tapte inndecking. Også ekstra skjønsmidlar vart tilført kommunen i år 2013, for å hjelpe kommunen til å løysa effektane av negativ utvikling i rammetilskotet året før.

Ved årslutt fekk Solund kommune eit nytt ekstraordinært skjønstilskot på 1,15 mill. Dette bidreg til å oppretthalde det reelle netto driftsresultatet på omlag same nivå som i fjor. I tråd med FM sine føresetnader for tildelinga vart midlane vedteke avsett til disposisjonsfond. Difor er strykningar av budsjettert avsetnad til investering prioritert.


Sidan budsjettert løyving frå drift til investering vart forskriftsmessig stroken med 1,02 mill., må inndecking av manglande finansiering i investeringsrekneskapen skje, ved anten å stryke:

- A) ledige ubundne investeringsmidlar, og/eller
- B) unytta løyvingar i sjølve driftsåret

Unytta løyvingar i investering reknar administrasjonssjefen som «øyremerkte», og desse vert tilrådd overført til neste budsjettår, gjennom budsjettrevisjonen for tertial nr. 1.

Administrasjonssjefen vil koma attende til nye vurderingar om korleis ein skal tilbakeføra dei strokne frie fondsmidlane, gjennom dei løpande økonomiplan- og budsjettprosessar som står for døra.

4.2. Fordeling av driftsinntekter:



Som det går fram av diagrammet ovanfor, så er det tre inntektsområde som er meir vesentlege for Solund kommune sitt resultat, enn andre inntekter. Dette er rammetilskot og skatt, samt overføringer med krav til motyting. For sistnemnde kategori, som inneheld både momsrefusjonar, sjukerefusjonar, refusjonar for sal av tenester m.m., skal det i dei aller fleste tilfella finnast ei motsvarande utgift (t.d. momskostnad, vikarløn, prosjektløn, utbetalte tilskot, m.m.).

Det er svært lite kommunen sjølv kan auka desse inntektene, utan ei motsvarande auke i inntekt.

Det er verd å merka seg at brukarbetalingar og andre sals- og leigeinntekter utgjer pr. i dag 8,6% (auke på 0,9%) samla driftsinntekter. Dette er inntekter som kommunen sjølv kan påverke gjennom sine budsjettvedtak. Det same gjeld for egedomsskatteinntektene.

I det vidare, vert dei ulike inntektsgruppene vurdert og utviklingstrekk kommentert.

Det vert presisert at fram til år 2012 så vart ekstraordinært skjønstilskot frå Fylkesmannen og Næringsfondstilskot ført under inntektsgruppa «andre generelle statstilskot».

I år 2013 inngår skjønstilskotet i rammetilskotet og Næringsfondet vert ført som Fylkeskommunalt tilskot. Dette skaper nokre avvik mellom hovudoversiktar og kommentarane, sidan tilskota vert stilt opp og samanlikna for det dei er tenkt å vera.

År 2013 og 2014 skal vera meir direkte samanliknberre.

4.3 Utvikling i skatt og rammetilskot (utan prisjustering):


Kommunesektoren har vore prioritert høgt i statsbudsjettet sine løyvingar dei siste 10 åra. Både den nominelle (ikkje prisjustert) og den reelle veksten har vore høvesvis høg, heilt sidan år 2007. Mykje av årsaka er den demografiske utviklinga i landet.

Solund har, i langt mindre grad enn andre kommunar, nytt godt av denne utviklinga sidan utviklinga i folketalet har falt og mykje av realveksten i inntektssystemet er direkte knytt til ei positiv folketalsutvikling.

I år 2014 har det vore ein vesentleg nedgang i dei nasjonale skatteinntektene. Dette gjev fordelingsverknader, når inntektsutjamninga skal gjerast. Sjå dei påfølgjande avsnitta om dette.

Endringar i folketalet i driftsåret påverkar ikkje rammetilskotet før neste driftsår. Dette fordi det er foketalet den 1/7 året før som gjev grunnlag for rammetilskotet. Desse inntektene er såleis føreseielege. Men ein lyt ta høgd for endringar fram til 1/7, for å fastsette neste års rammetilskot.

4.3.1 Utvikling i frie inntekter – 5-årsperspektiv:



Tabellen syner at Solund kommune har hatt ein nominell vekst på om lag 10,6 mill. i frie inntekter for perioden 2009-2014. Dette kan høyrast mykje ut.

Men når Solund først må dekkja løns- og prisveksten på 9,5 mill. i same periode, så er realveksten på beskjedne 1,0 mill. for perioden

Derneft må korrigering for oppgåveendringar og endringar i øyremerkte tilskot i same periode.

M.a. opphøyr av øyremerkte tilskot til barnehagedrift (om lag 1,7 mill.).

Innføring av Samhandlingsreform (om lag 1,0 mill.).

I tillegg kjem alle andre «mindre» oppgåver som kommunen også må løysa med same inntekter som den 3-årige opptrappingsplanen på valfag i ungdomsskulen, leirskuletilskotet som opphøyrde, barnevernssatsinga, 1-åringar i barnehagen, etc. etc.

Reelt sett har Solund hatt både store oppgåver og formidable økonomiske utfordringar å løyse i denne perioden. Dette styrkar oppfatninga av at inntektssystemet ikkje fungerer for dei minste og mest sårbare kommunane på folketalssvingingar.


På grunn av alle disse oppgåvekorrigeringar som må gjerast individuelt for den einiskilde kommune, kan det ikkje gjerast direkte samanlikningar med fylket og landet pr. år, i denne årsmeldinga. Men ser ein netto driftsresultat i eit lengre tidsperspektiv, gjev dette ein viss indikasjon på korleis Solund kommune vert prioritert i inntektssystemet.

4.3.2 Effektar av negativ utvikling i rammetilskot og netto driftsresultat


Solund kommune har ikkje hatt tradisjon for å drifte uansvarleg i høve dei rammevilkår som er gjevne. Solund har gjennomført store reduksjonar i drifta kvart år og dermed unngått å hamna på ROBEK-lista (kommunar som ikkje klarer handtere sin økonomi tilfredsstillande, vert sett under Fylkesmannen sitt tilsyn). Dette er positivt.

Dei negative konsekvensane av ein slik ansvarleg drift, er at stillingsheimlar stendig må bort og dette forsterkar naturleg nok ei negativ folketalsutvikling. Ei slik utvikling gjev ytterlegare nedgang i rammetilskot frå staten og som regel påfølgjande nedgang i skatteinntekter. Det er eit paradoks at ein vedlikeheld ein negativ spiraleffekt ved å opptre økonomisk ansvarleg. Dette er ein spiral som kommunen må klare å bryte, og då utan å opptre uansvarleg. Det er sett i verk mange tiltak i år 2014 som skal forsøke skape den motsette spiraleffekten.


4.3.3. Om skatteutviklinga med verknad på inntektsutjamninga



Skatteveksten frå år 2013 til 2014 er på 8,6% og 10,2% vekst i åra før.



Sjølv med ein samla skattereduksjon totalt sett, så har altså skatteinntekta pr. innbyggjar vore aukande og kompenserer såleis noko for det generelle skattetapet på landsplan og ved den lokale nedgangen i folketal. Noko neste tabell også illustrerer.



Skatteinntektene i % av landsgjennomsnittet er gode (89,4%), om ein samanlikna med resten av kommune-Noreg. Faktum er at omlag 300 kommunar har eit skattenivå som er under 90% av landssnittet.

På landsbasis har skatteinntektene vorte vesentleg redusert i år 2014.

Kommunesektoren har difor ikkje fått behalde ekstra skatteinntekter via inntektsutjamninga på tampen av driftsåret slik som tidlegare år.

Solund kommune har ikkje justert sitt budsjett etter siste nasjonale rapport om at skatteinntektene på landsplan, og dermed også inntektsutjamninga til kommunen, ville få ein vesentleg svikt.

Noko av svikten er som ein kan analysere, dekkja av lokal skatteauke.

Summen av redusert skatteinngang / inntektsutjamning er på -0,27 mill., i høve revidert budsjett.

4.3b Eigedomsskatteinntekter

Eigedomsskatteinntektene er 1,42 mill. for år 2014, basert på ein skattesats på 2,0 promille.

Det er verd å merka seg at det berre er Skatteetaten sine formuesgrunnlag (på «bustader» og «heilårsbustader benytta som fritidsbustader»). Dei manuelt takserte takstgrunnlaga, står fast i 10 år utan prisjustering.

For år 2015 er det fastsett ein reduksjonsfaktor på 0,8 på formuesgrunnlaga (rå 2014 = 0,67).

Det vil seie at det berre kan forventast eit høgare skattenivå i år 2015, på den delen av utskrivinga som er knytt til Skatteetaten sine formuesgrunnlag.

Innføringsprosessen har vore krevjande. Alle kostnader med innføringa er ført i investeringsrekneskapen.

Det vert vist til kap. 2.1.8 og kap. 9.1.2.2 for vidare informasjon om dette.

Eigedomsskatteinntektene er i balanse ved årsslutt i høve revidert budsjett.

4.4 Andre statlege overføringar / andre overføringar

Andre generelle statstilskot er på nivå med året før, om ein tek omsyn til det store ekstraordinære bustadtilskot som vart tildelt i år 2013, for vidareformidling seinare år.

Andre statlege overføringar er elles reine kompensasjonstilskot, som er knytt til kommunale investeringar med rentekompensasjon via Husbanken.

Næringsfondet har elles fått ei påfylling frå Fylkeskommunen, som er 0,1 mill. lægre enn året før.

Dette er negativt. Ved etablering av HAFS Utvikling AS og dersom NF-forvaltninga vert lagt til denne organisasjonen, vil det tilflyte ekstra NF-midlar til fellesskapet i år 2015.

Andre generelle statstilskot / andre overføringar, er i balanse ved årsslutt i høve revidert budsjett.

4.5 Brukarbetalingar og andre sals- og leigeinntekter

Desse har gått vesentleg opp (+0,6 mill.) frå året før.

Dette skuldast i all hovudsak at inntektsgrunnlaget for brukarbetalingar ved Solundheimen falt vesentleg i år 2013, men er komen tilbake på normalnivå i år 2014.

Inntektene er nokonlunde på nivå med revidert budsjett.

4.6 Overføringar med krav til motytingar / andre overføringar

Desse inntektene er redusert med nær 4,0 mill. frå året før.


Som nemnt innleiingsvis, så finn ein normalt ei motsvarande utgiftsside i rekneskapen (sjå avsnitt 4.11.3 og 4).

Her kan nemnast dei mest vesentlege:

- Momsrefusjonar frå drifta er auka med om lag 0,4 mill., der momsinnpekt i drifta knytt til Fiberprosjekt Hardbakke-Eide utgjer 0,3 mill. aleine.
- Sjukerefusjonar er redusert med 1,4 mill. (jf. god utvikling i sjukefråvær)
- Refusjon frå Fylkeskommune - tippemidlar vidareformidla til Solund Ungdomslag med om lag 1,3 mill.
- Refusjonar frå private er redusert med om lag 0,4 mill.
- Refusjonar frå kommunar er redusert med 0,2 mill.
- Grunna opphøyr frå og med år 2014 med ordninga der momsinnpekter frå investeringar vert ført i drifta, viser denne inntektsgruppa ein reduksjon på om lag 1,0 mill. meir enn reell verdi

Desse inntektene er om lag 0,15 mill. høgare enn revidert budsjett.

4.7 Netto finansutgifter:



Årsaka til veksten i netto finansutgifter frå åra 2012-2014 (om lag 0,6 mill.) er m.a. det faktum at det var eit vesentleg fallande rentenivået fram til år 2012.

I tillegg vart låneopptaket for 2012 utsett til år 2013.

Frå år 2013 og 2014 vart det så gjennomført ein god del større investeringar med ditto låneopptak. T.d gjeld dette i høve Utviding av barnehage, ny heis Solundheimen, ny Brannbil, oppgradering kommunale vegar, ekstra investeringsløft kyrkjene m.fl.
Også budsjettert låneopptak til alle dei investeringane som ikkje er gjennomført i år 2014, er tatt med. M.a. gjeld dette budsjettert Rehabiliteringskostnad for skulen år 2014.


All denne positive satsinga (gamal som ny), gjev auka finanskostnader frå år 2013 til år 2014. Når no alle låneopptak frå vedtak i både 2014 og tidlegare år er effektuert, uavhengig av om alle prosjekt er gjennomført, gjev dette ein betra likviditetssituasjon og dermed eit betra renteinntektsnivå.

Det er samstundes verd å nemne at utbyte på kraftaksjane vart halvert frå år 2012 til år 2013, noko som gav ein reduksjon på 0,55 mill.

Dette tilsvarar heile den negative utviklinga i netto finansutgifter frå år 2012 til 2014.

Alt dette ovanfor nemnde vert illustrerer i søylediagrammet under.


4.7.1 Fordeling av finansiinntekter- og utgifter:



Budsjettmessig vart det tatt høgde for alle desse utviklingsfaktorane i revidert budsjett; - og då med ein god del forsiktigheitsmarginar, m.a. grunna signal om trongare rammevilkår. M.a. vert det alltid budsjettert med 1 avdrag på nytt låneopptak i året og ein rentemargin på både utgift- og inntektssida.

Netto finansutgifter gav til slutt eit mindreforbruk på om lag 0,4 mill. i høve revidert budsjett.


4.8 Netto avsetnader (ekskl. overføring frå drift til investeringsføremål):



Som det går fram av grafen ovanfor, så har dei samla fondsreservane vorte redusert vesentleg frå året før. I tillegg vert det vist til kap. 4.1. om faktorar som gjer at reduksjonen vert meir enn budsjettert. Det vert også vist til same avsnitt som syner dei bakanforliggende årsakene til kvifor endringa frå året før, er vorten såvidt stor.

4.8.1 Kommenterar til endringar i avsette fondsmidlar:

Det vert vist til eigne noter (nr. 12-14) for detaljar omkring endringar i netto avsetnader i driftsåret.



Kommenterar til vesentlege endringar:

- Om lag 1,7 mill. av netto reduksjonen i bundne driftsfond, skuldast periodiseringstilhøve. Herav det tidlegare nemnde utbetalte utbetringsstilskotet i år 2014 på 1,0 mill., som vart motteke i år 2013 og avsett på fond i det driftsåret.
- 1,3 mill. av netto reduksjon i disposisjonsfondet, skuldast først og fremst nemnde satsing på fiberprosjektet Hardbakke-Eide. Derneast utbygginga av mobilstasjonar i kommunen.
- 1,86 mill. av netto reduksjon i ubunde investeringsfond, skuldast mellombels «lån» av fondet til utbygging av veg Dalesund-Tangen (frå fond Stakaldefossen). Tilbakeføring av lånet skjer jamt over tid, straks Fylkeskommunen effektuerer sitt refusjonsvedtak (fordelt over 15 år).
- 0,85 mill. av netto vekst i bundne investeringsmidlar, skuldast utbetalte tilskot til m.a. fleire Bulyst-satsingar som Tettstadforming, Skateboard- og klatrepark, samt tilskot til Trafikktryggingstiltak. I tillegg er det gjeve ei privat gåve til etablering av Kunstgrasbane.
- Til sist; - om lag 0,92 mill. av reduksjonen i ubunde investeringsfond, skuldast saldering av udekka finansiering av investeringsrekneskapen ved årsslutt, som følgje av strykninga av finansieringa «overføring frå drift». Sjå avsnitt 4.1.
Denne salderinga vil verta lagt fram for politisk vurdering på nytt, ved handsaming av økonomiplanen for 2016-2019.

Korrigerte restmidlar på disposisjonsfond:

Saldo på disposisjonsfond pr. 31/12 2014 er om lag 1,32 mill.

Kommunestyret har sjølv bunde opp 0,92 mill. av desse midlane til fiberprosjekt Hardbakke-Ytre Sula og 0,1 mill. til restfinansiering av Hardbakke-Eide.

Etter drøftingar med revisor og dialog med formannskapet, er 1,15 mill. av kostnadane i fiberprosjekt Hardbakke-Eide ført over drifta på år 2014, sjølv om løyvinga m/finansiering vart endra budsjettert til

drift og i år 2015. Denne endringa skjedde fordi det kom signal om at prosjektgjennomføringa, ville skje i år 2015.

Når no kostnaden likevel kom på år 2014, har administrasjonssjefen i samråd med formannskapet, foreslått å nytta det mellombelse «lånet» av disposisjonsfondet som finansiering, ved avslutning av driftsrekneskapen. Det oppstår såleis eit avvik mellom budsjett og rekneskap, sjølv om Kommunestyret sin intensjon med bruken av midlane er følgt; - berre på feil driftsår.

«Lånet» er budsjettert attendeført på år 2016 og 2017, som tidlegare vedteke.

For at det skal vera mogleg med ei attendebetaling, må Fylkesmannen følgja opp med nye tildelingar av ekstraordinære skjønsmidlar med min. 0,9 mill. i år 2015, 0,5 mill. i 2016 og 0,25 mill. i år 2017. Ein annan føresetnad for å framtidig vekst på disposisjonsfondet, er at ein lukkast med å få til ei integrering av flyktningar på ein god måte, slik som intensjonen er med det vedtaket.

Det er i årsavslutninga stroke kr- 37` av budsjettert avsetnad til fritt disposisjonsfond.

Denne strykninga vil administrasjonssjefen prøve legge tilbake ved budsjettrevisjonar i år 2015.

Sum korrigerte frie midlar på disposisjonsfond pr. 31/12, er etter dette om lag 0,2 mill.

Korrigerte restmidlar på ubundne investeringsfond:

Sum saldo på ubunde investeringsfond er pr. 31/12 om lag 1,68 mill.

Kommunestyret har sjølv bunde 0,5 mill. av desse midlane til ulike vedtekne investeringsføremål.

Dernest har Kommunestyret restmidlar etter sal av Stakaldefossen på eit eige ubunde investeringsfond, stort 0,55 mill. samt «øyremerkte» lånemidlar på eit lokalt styrt næringsfond på 0,77 mill.

Til sist er det i komande budsjett- og økonomiplan løyvingar med «øyremerkt» finansiering frå desse fondsmidlane. Sjå note 12 - spesifikasjon av fondsmidlar, om dette.

Til saman tolkar administrasjonssjefen det slik at 1,8 mill. av fondet er «øyrmerkte» (sjølv om dei etter forskriftene er frie) og dermed omfatta av strykningsreglane.

Dette vil seie at når ein no, etter forskriftene har avslutta investeringsrekneskapen i balanse, har stroke om lag 0,12 mill. av det som er tolka som «øyremerkte» midlar på ubunde investeringsmidlar. Denne summen bør, slik administrasjonssjefen ser det, som eit minimum takast opp til ny vurdering politisk.

Sum korrigerte frie midlar på fritt investeringsfond pr.31/12, er negativt med om lag -0,12 mill.

4.9 Overføring til investering:

Det var i driftsbudsjettet sett av kr. 200` til overføring til investeringsrekneskapen. Desse midlane var meint å skulle dekkja kostnadane til Eigenkapitalinnskot KLP (180`) og til netto utlånsutgifter (20`). Dernest var det avsett kr. 820` frå drift, til å finansiera andre investeringsføremål. Det går fram av budsjettskjema 1A at det er overskytande eignedomsskatteinntekter som er meint nytta, og mestedelen av overføringa er såleis nytta til dette prosjektet. Til saman 1,020 mill var budsjettert og no strokne.


Desse overføringane er strokne, i og med at driftsrekneskapen syner eit meirforbruk kr. 1.057`.

Kr. 224` er ført som overføring frå drift til investeringsprosjekt Uteområde Solundheimen. Det vart i dette prosjektet vedteke ei delfinansiering via gåvemidlar som er avsett på eit bunde driftsfond.

Bunde driftsfond må førast via drift, når løyvinga står oppført som ei investering og er difor ført slik. Likeins er kr. 8` overført, som då salderer restløyvinga all IKT-satsing på skulen frå år 2012-2014.

Overføring til investering gjev eit mindreforbruk på kr. 1.020` , i og med forskriftsmessig strykning.

4.10 Utvikling i samla driftsutgifter vs. driftsinntekter (ikkje prisjustert):




Tabellen syner at Solund kommune i driftsåret har hatt om lag 2,7 mill. høgare samla driftsutgifter enn samla driftsinntekter.

Det vert vist til kap 4.1, der det vert gjort greie for dei ekstraordinære tilhøva som påverkar samanliknbart netto driftsresultat. Tilsvarande må ein då ta høgd for at -2,15 mill. av desse tilhøva er ekstraordnære for utgiftssida sin del (fiberprosjekt og utbetalt utbetringstilskot).

Realiteten er at det såleis er omlag 0,55 mill. høgare reelle driftsutgifter i driftsåret enn driftsinntekter. Dette er ei utfordring som administrasjonssjefen må arbeide vidare med dette i komande driftsår; - enten ved å skape auka driftsinntekter eller redusere driftsutgiftene; - eller begge deler. Dette må uansett gjerast på ein måte, der ein søkjer å unngå reduksjon i folketalet som ein negativ sideeffekt.


4.11 Fordeling av driftsutgifter historisk:



Som ein kan sjå så utgjer lønnskostnadane om lag 2/3 av dei kommunale utgiftene og dette er såleis naturleg nok den delen av utgiftssida som påverkar netto driftsresultat mest. Og som ein ser av diagrammet, så har denne andelen falt vesentleg frå året før. Det vert vist til neste avsnitt 4.11.1 og avsnitt 4.6 for nærare forklaringar omkring denne utviklinga.

Ingen av tala som er oppgjeven i diagrammet ovanfor, er prisjustert.

4.11.1 Løn og sosiale kostnader



Netto lønskostnader (ergo inkl. sjuke- og svangerskapsrefusjonar) i år 2014 for Solund kommune utgjorde 62,2% av samla driftsutgifter. Dette er ei markant nedgang på -3,4% (-1,5 mill.) og dei nominelle faktiske lønskostnadane er såleis tilbake på under 2012-nivå.

Ved å prisjustere desse kostnadane, er realendringa på om lag -3,3 mill. frå året før.

Dersom ein reknar med auken i vikarbyråkostnaden på 0,8 mill., er endringa på -2,5 mill.

Nedgangen skuldast også i vesentleg grad heilårsverknader frå 2013, då både skulane vart samanslegne, samt omstruktureringa i helse- og omsorgsavdelinga både i år 2013 og 2014.

Dette er ei positiv utvikling med tanke på tilpassinga til den utgiftsdekninga kommunen får gjennom inntektssystemet.

Men igjen; - folketalet i Solund vert diverre påverka av ei slik utvikling.

Underdekninga i høve samla budsjettet nettoløn, er 1,3 mill., der 0,2 mill. skuldast auka premieavvik (med rekneskapsmessig attendeføring over 7 år). Resten av avviket skuldast i grove trekk for høg bemanningsfaktor i høve budsjettet ved barnehagen, Solundheimen og Lækjartenesta. Sjå eigen avsnitt for desse tenesteområda.

4.11.2 Kjøp av tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon

(løpande andre driftsutgifter utanom løn, t.d. inventar og utstyr m.m.)

Desse utgiftene har auke med 2,2 mill. frå året før og avviket frå budsjettet er på 1,48 mil.

Utstyret knytt til fiberprosjektet Hardbakke-Eide, inngår i denne veksten / avviket med 1,15 mill.

Auka kostnader med drift av veglys, auka kjøp og drift av dei mange fagsystema ved helse- og omsorgsavdelinga og drift av det sentrale telefonsystemet, bidreg alle sterkt til både vekst og avvik.

4.11.3 Kjøp av andre tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon

Veksten i desse kostnadane er på nivået med den generelle prisveksten. Det kan likevel nemnast 2 faktorar som hindrar eit mindreforbruk samla sett, for denne utgiftsgruppa.

- Kjøp av transporttenester frå Fylkeskommunen har hatt ein særskilt høg vekst dei siste åra
- Meirforbruk på kjøp av vikartenester ved helse- og omsorg

Det er ein vesentleg del av totalbudsjettet som går med til kjøp av tenester frå kommunar (3,3 mill.). Det er ynskjeleg å arbeide for få til ein større del verdiskaping lokalt, der dette er mogleg. Dei fleste interkommunalt samarbeid er diverre etablert med ein altfor høg flat kostnadsfordelingsnøkkel (ofte heile 50%). Dette gjer at vår kommune subsidierer ein uføreholdsmessig stor del av fellesskapet utan at dette vert tilstrekkeleg kompensert gjennom inntektssystemet. Likeins er det sjeldan at eit

interkommunalt samarbeid reduserer sitt driftsnivå. Dette gjer at det vert ein større andel av inntektssvikten som fell på den lokale drifta kontra det interkommunale / regionale nivået

Som døme kan nemnast at kostnaden i SYSIKT-samarbeidet pr. innbyggjar, er kr. 1.420 for Solund og kr. 349 pr. innbyggjar for Førde kommune.

I lækjarvaktsamarbeidet er kostnaden kr. 257 pr. innbyggjar for Solund og kr. 105 for Førde.

Så lenge samarbeidet har vore styrt av Helse Førde var det etablert ein felles kostnad pr. innbyggjar som var uavhengig av folketal.

Det er verd å merka seg at inntektssystemet gjev den same kompensasjon via utgiftsdekninga pr. innbyggjar, både før og etter etableringa av desse samarbeida. Solund er aktiv i å forsøka endra denne praksisen.

4.11.4 Tilskot og overføringar

Desse utgiftene syner berre ein mindre vekst, men her kan ein verte noko lurt av det som går fram av dei grove hovudoversiktane.

Det vart motteke eit tippemiddeltilskot på 1,25 mill. i år 2013, som under denne utgiftsposten vart vidareført i sin heilskap same år. Men dette var 0-sumspel for kommunen og påverka berre aktuelle inntekts- og utgiftsgruppe same år; - ikkje netto driftsresultat.

Den reelle veksten er såleis om lag 1,4 mill0 og skuldast i hovudsak.:

- Tilsvarande vidareformidling av eit tippemiddeltilskot i år 2014 på 0,1 mill.
- Ekstraordinært bustadtilskotet som vart motteke i år 2013, er utgiftsført i 2014 med 1,0 mill.
- Momsen av utgiftene til Fiberprosjekt Hardbakke-Eide aleine, utgjer om lag 0,3 mill.
- Tilskot til næringsfondet er gått ned, og dermed også utbetaling av tilskot. I tillegg er 2. tildeling gjort i år 2015. Reduksjon i utbetalte tilskot er på om lag -0,3 mill.
- Utbetaling av eit direkte tilskot til Grendahuset på 0,5 mill. for år 2014 i tråd med vedtak.

Veksten i dei løpande tilskotsutgiftene er etter dette innafor normale svingingsverdiar.

Det kan nemnast at tilskot til samhandlingsreforma gjekk ned med om lag 0,1 mill. og at driftstilskotet til kyrkja vart styrka med omlag 0,1 mill. (til forskriftsmessig inndecking av akkumulerte underskot).

4.12 Ansvar 901 – Opphøyr Momsrefusjonar frå investering til drift

År 2013 var siste år der denne ordninga var aktiv; - og då med krav om at 80% av mva. frå investeringar, som skal først i drift. Inntektene i år 2013 var på om lag 1,0 mill.

Denne endringa gjer at netto driftsresultat vert langt meir samanliknbart i framtida, og særleg mellom mindre kommunar der moms frå einskildinvesteringar har gjeve så store utslag frå eit år til eit anna.

Frå år 2014 går lukkelegvis all moms direkte tilbake til kvar investering .

4.13 Ansvar 900 – Solund Sokneråd

Solund Sokneråd har dei siste åra fått styrkja sitt driftstilskot. Det har vorte gjeve nokre føresetnader for bruken av desse midlane. Desse føresetnadane var knytt til det å gjennomføra lovpålagd drift, gjennomføre ei planmessig nedbetaling av akkumulert underskot, innbetale likviditetslånet frå kommunen, samt å rydde opp i tidlegare års netto bruk av bundne fond.

Føresetnadane er så godt som alle følgt opp, og pr. 31/12 og det står att kr. 56` av akkumulert underskot. Etter planen skulle det stått att kr. 25`, men uforutsett auke i gravferdskostnader og ei naudsynt prioritering av kyrkjegardsslåten, gjorde det vanskeleg å følgja nedbetalingsplanen fullt ut.

Det skal seiast at vakansar i år 2013 og 2014 bidreg vesentleg til at oppryddinga har kunna vorte gjort på ein så rask måte.

Frå og med mars 2015 vert det tilsett ny Kyrkjevevje og om vakansar i drifta vert dekkja opp elles også, kan det verte ei utfordring å få budsjettmessig balanse i komande driftsår.

Det er ingen rekneskapsmessige avvik ved årsslutt ved dette rammeområde.

4.14 Ansvar 900 – Ufordelte overordna driftsutgifter- og inntekter

Nokre driftsinntekter- og utgifter vert rekna som overordna, og lyt oppstillingsmessig skiljast ut og verta sortert for seg, sjølv om dei sorterer under ansvar 900. Her finn ein, forutan driftstilskotet til Solund Sokneråd (sjå førre avsnitt), Fylkeskommunal kompensasjonstilskot til vegen Grønevik-Sandvik og vidareformidla kompensasjonstilskot frå Staten til Solund Bustadstifting.

Her vil ein også finna det fylkeskommunale refusjonstilskotet til veg til Dalesund – Tangenes/Leirvika, når vegen er ferdig til bruk og skulekyssen opphøyrer.

Her vil også visse driftsutgifter- og inntekter knytt til arbeidsområde Finans.

I komande driftsår vil direkteutgifter knytt til den utskrivinga av eigedomsskatten også verta ført her.

I år 2014 så er bankavtalen på innskot reforhandla (ekskl. lån) for alle HAFS-kommunane felles. Det vart kjøpt konsulenttenester til å framforhandla ein ny felles bankavtale.

Kostnaden med dette arbeide har vore om lag kr. 20` for Solund sin del og den var ikkje budsjettet.

Auka renteinntekter ved ny bankavtale, gjev inndecking for ovanfor nemnde auka driftsutgifter.

Det er om lag kr. 25` i auka driftsutgifter i høve revidert budsjett ved dette rammeområde.

4.14 Ansvar 899 - Pensjonsoppgjjer og premieavvik:

Forklaring omkring premieavviksordninga:

Kvart år kjem det frå pensjonsselskapa ei avrekning, eller såkalla aktuaroppgåve, som viser kor stort kommunen sitt premieavvik knytt til pensjonsordninga ein er innmeld i vert (d.v.s. avsette pensjonsmidlar vs. pensjonsforpliktingar som faktisk har påløpt).

Eit premieavvik vert påverka av det årlege sentrale lønsoppgjret, avkastninga på Noreg sitt pensjonsfond og ikkje minst Stortinget sitt vedtak på kor stor del kommunane skal bidra med mot nasjonen sine samla pensjonsforpliktingar kvart år.

Svingingane er til dels store frå år til år, og det vert difor laga prognosar årleg for neste års innbetaling.

Det ein veit er at pensjonsforpliktingane er veksande og inndecking vert styrt med å auka pensjonstrekk på løn pr. rammeområde.

Ordninga vs. Solund kommune sitt budsjett og økonomiplan:

Solund kommune har budsjettet med dei sist kjende aktuarprognosane sine stipulerte premieavvik i driftsåret.

Den endelege aktuarberekninga syner om lag 0,2 mill. lægre premieavvik enn prognosane.

Dette fører til ei rekneskapsmessig utgiftsføring med denne summen i år 2014, men med ei rekneskapsmessig attendeføring av utgifta dei komande 7 åra i form av ei inntektsføring.

Ergo; - eit positivt resultat i år 2014, gjev eit negativt avvik på rekneskapen år 1.

Ved lønsskyringane vert det avsett trekt pensjon frå dei tilsette, som skal dekkja stipulert premieavvik. Pensjonssatsen var for låg både i år 2013 og i dei 2 første månadane av år 2014, til å kunna dekkja premieavviket ved årsslutt. Denne satsen er justert opp for år 2015, men ikkje tilstrekkeleg til å dekkja auken i premieavviket ved endeleg aktuarberekning på 0,2 mill.

Det kan opplysast at fjorårets budsjettmessige avvik var på nær 0,6 mill.

Årets premieavvik:

Det er inntektsført omlag 2,35 mill. + arbeidsgjevaravgift knytt til årets premieavvik.

Dette er 0,2 mill. mindre i inntekter enn ved sist kjende aktuarberekning.

Dette betyr samstundes at det i 7 år frametter skal først ei driftsutgift på amortisert premieavvik, som då vert på om lag kr. 30' lægre enn tidlegare stipulert.

Amortisert premieavvik:

Det er her utgiftsført 0,45 mill. + arbeidsgjevaravgift. Dette er i tråd med revidert budsjett, sidan den amortiserte kostnaden vart oppjustert i revidert budsjett, der ein tok høgd for premieavviket for 2013.

Neste års premieavvik og amortisert premieavvik:

Både neste års premieavvik og det amortiserte premieavviket er budsjettert etter det som går fram av endelege aktuarutrekningar for år 2014.


Avrekning mot innbetalt pensjon:

Dei høge premieavviksinntektene og betalt pensjon, vert avrekna mot premiefond og reguleringspremie frå pensjonsselskapa, som i sin tur har tatt høgd for svingingane i premieavvika i sine pensjonskrav til kommunen.

Samla meirforbruk / mindreinntekter på ansvar 899 er etter dette kr. 195` i høve revidert budsjett.

5 LÅNEGJELD

5.1. Utvikling i lånegjeld



Netto lånegjeld er om lag 56,4 mill. og har gått opp med omlag 2,9 mill. frå året før. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er då på kr. 70`og har gått opp med kr. 4.563. (sjå spesifikasjon under).


Dei største einskildprosjekta som bidreg til auken dei siste åra, er satsinga på utviding av ny barnehage, ny heis Solundheimen, veg til Tangenes, rehabilitering skule (delar av låneopptaket er gjennomført) og ny Brannbil.

5.2 Endring i lånegjeld pr. innbyggjar

	31.12.2012	31/12 2013	31/12 2014	Endring siste år
Formidlingslån	4 597 626	4 432 157	4 265 945	-166 212
Eigne lån	49 101 440	53 706 540	56 368 840	2 662 300
Brutto lånegjeld	53 699 066	58 138 697	60 634 785	2 496 088
Innbyggjarar	851	815	800	-15
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	57 699	65 898	70 461	4 563

Som det går fram av tabellen ovanfor, auka lånegjelda meir året før. Veksten i lånegjeld pr. innbyggjar er også redusert noko, men effekten vert dempa grunnen nedgangen i folketalet.

6 FOLKETALSUTVIKLING



Som det går fram av tabellen ovanfor (henta frå SSB), har det vore ein vesentleg nedgang i folketalet det siste året (-3,2%). Nedgangen i år 2013 skuldast nok fleire årsaker. Desse vil ikkje verta drøfta her, men det er opplagt at det ved så store omstruktureringar og nedskjeringar i kommunal sektor, så må slikt føre til tap av arbeidsplassar og nedgang i folketalet for den yrkesaktive/produktive delen av befolkninga.

For å vurdera korleis dette har påverka dei frie inntektene, så kan ein som ein tommelfingerregel rekne med eit gjennomsnittleg tap i frie inntekter på om lag kr. 50.000 pr. innbyggjar. Ein nedgang i folketalet på 50 personar frå år 2012- 2014, kan ein anslå å ha gjeve 2,5 mill. i nedgang i rammetilskot frå staten. Endringar for den eldste og yngste generasjonen påverkar utgiftsutjamninga meir enn ved endringar i den yrkesaktive delen av befolkninga, slik at dette talet er ikkje eksakt vitenskap.

Det er folketalet pr. 1/7 som gjev grunnlag for kommunane sitt innbyggjartilskot og utgiftsutjamning i inntektssystemet. Det kan såleis vera nyttig å sjå korleis folkesamansetnaden har endra seg dei siste åra pr. 1/7.

Folkesamansetnad pr. 1/7 i driftsåret									
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Folketal per 1.7 i driftsåret	871	874	884	878	865	862	851	829	799
Innbyggere 0-1 år (fra 2013), tidligere 0-2 år					25	18	11	12	8
Innbyggere 2-5 år (fra 2013), tidligere 3-5 år					26	28	29	28	24
Innbyggere 6-15 år	97	102	101	95	99	98	99	87	85
Innbyggere 16-22 år					81	75	79	75	68
Innbyggere 23-66 år					473	475	468	455	440
Innbyggere 67-79 år	107	101	105	112	103	105	109	117	117
Innbyggere 80-89 år	50	51	47	47	51	56	48	47	47
Innbyggere 90 år og over	15	17	16	11	7	7	8	8	8
Innbyggere 0-17 år						160	163	153	136
Innbyggere 18-49 år						299	288	270	263
Innbyggere 50-66 år						235	235	234	226

Som det går fram av tabellen ovanfor, så har det knapt vore endring i folketalet for den eldste delen av befolkninga. Denne delen av befolkninga gjev størst utteljing i inntektssystemet.

Det er innbyggjarar i produktiv alder og dermed også den yngste delen av befolkninga som har vorte redusert det siste året.

Reduksjon av 0-15 åringar gjev også vesentlege utslag på kommunen sine inntekter, men størst utjamning av desse får 6-15 åringane, med ei utjamning på om lag 0,1 mill. pr. stk.

Nedgangen i den sistnemnde gruppa er på 2 stk. frå året før.

Det er ei utfordring at reduksjonen skjer i tal barnefamiljar, og at talet på born i alderen 0-5 år har vorte redusert med 8 stk., sjølv om utgiftsindeksen er noko lægre der, enn for dei eldre borna.


Kommunen har starta opp fleire prosjekt som har som føremål å skapa vekst i folketalet. Det kan vera prioritering mot mjuke verdiar som t.d. kulturskule, vedtak om mottak av flykningar, m.m., så vel som planarbeid for anna samfunns- og næringsutvikling med tilhøyrande investeringsløyvingar.

I arbeidet med å skape ei positiv utvikling, må alle stå saman og dra i lag, om måla skal verta nådd. Dette gjeld både privat næringsliv, lag- og organisasjonsliv og offentlege instansar.

Kommuneplanen har eit ambisiøst mål på 2,0% folketalsvekst (pr. år). Veksten må då vera på om lag 16 personar pr. år. Om utviklinga først snur, kan mykje endre seg like fort positivt, som negativt.

7. SJUKEFRÅVÆR


7.0 Samla oversyn over lækjarmeldt sjukefråvær i Solund kommune



Denne tabellen synleggjer kor store utslag ein sjukefråværsstatistikk får i ein liten kommune. Ei stk. langtidssjukemelding, gjev svært store utslag på offentlege statistikkar. Om ein skal prøve forklare årsakssamanhengar, utifrå denne tabellen, så vert det heile nærast meningslaust og i mange tilfelle altfor lett å spore kommentarar tilbake mot einskilde sjukemelde.


Kommentarane på neste side, vert difor gjort på eit generelt nivå.

7.1 Gjennomsnittleg sjukefråvær i driftsåret for Solund kommune m/samanlikningstal:



Dette er gjennomsnittstal for året og trenden er svært god. Sjukefråværet er likevel for høgt, om ein gjer samanlikningar med andre på årsbasis. Det har vore sett fokus på det faktum, og Solund kommune har difor arbeidd aktivt i driftsåret med utfordringa. Og ein har lukkast godt med dette arbeidet, noko som neste diagram viser.

7.2 Kvartalsvise endringar i sjukefråvær i Solund kommune:




Om ein ser på kvart einiskild kvartal i år 2014, så går sjukefråværet ned i høve same periodar åra før. 3. og 4. kvartal syner ein ekstra stor nedgang i sjukefråværet. Dette ber bod om at den positive utviklinga kan halde fram i år 2015.

Arbeidsgjevar har rutinar for oppfølging av dei sjukemelde og gjer seg kjend med om fråværet skuldast arbeidsmiljøfaktorar eller ikkje. Etter det arbeidsgjevar kjenner til, så er ikkje arbeidsmiljøfaktorar hovudårsaka til fråværa.

Sidan berre 1 og 2 langtidssjukemelde gjev så store utslag på statistikken, må denne nyttast med varsemd, særleg om ein vil trekke tilstandskonklusjonar på fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Ser ein utviklinga over tid, kan likevel statistikken fungere som ein varsellampe og gje ein indikasjon på at det er tid for å setje temaet sterkare på agendaen, slik Solund kommune har gjort dei siste åra.

7.3 Utvikling i refusjonsinntekter:



Fordi sjukefråværet har gått vesentleg ned utover i driftsåret, så er også sjukerefusjonane redusert monaleg. Dette er udelte positivt.

Sjå tidlegare avsnitt 4.6 og 4.11.1 om korleis denne utviklinga har slått ut på samla driftsutgifter- og inntekter i kommunen.

8. RAPPORTAR FRÅ DEN DAGLEGE DRIFTA

I det vidare følgjer ein rapport frå dei einskilde einingane i kommunen.

Då budsjettet vart lagt, vart det tildelt nokre økonomiske rammer for at fastsette mål for drifta skulle kunna nåast. Lesaren skal gjennom årsmeldinga få eit lite innblikk i korleis drifta har fortona seg, med fokus på måloppnåing. Det vert sett ekstra fokus på avvik som har oppstått, positive som negative. Avslutningsvis for kvar eining, vert dei største økonomiske avvika presentert og ev. kommentert.

Det er gjennomført to omfattande budsjettrevisjonar i driftsåret, der Kommunestyret har tilpassa budsjettet til mest mogleg reell drift, men samstundes utan å ha auka opp det samla driftsnivået.

Ei gjennomgåande utfordring i drifta, har vore å gjera driftsreduksjonar, utan å måtta gå direkte til oppseiing av personell. Og driftsreduksjonane har vore store dei siste åre.

Jamfør prosess med samanslåing av skular og omstrukturering i heile pleie- og omsorgsavdelinga og no seinast ei overgang frå 3 til 2 avdelingar i barnehagen.

Administrasjonssjefen har forsøkt å unngå oppseiingar, og ynskjer heller gjere tilpassingar etter kvart som naturlege avgangar skjer i organisasjonen. Då unngår ein å gå til direkte oppseiing av dei yngre og sist tilsette arbeidstakarane, d.v.s dei som framleis kan bidra til å auka fødselstalet i kommunen.

I det vidare er det alltid kommunestyret sitt reviderte budsjettvedtak som er samanlikningsgrunnlag. Det er også gjennomført interne budsjettjusteringar ved kvart rammeområde, slik at det berre vert prinsipielle og vesentlege avvik som står att å kommentera.

Drifta har vore stram, og ein har i staden for å styrkje eit rammeområde når eit noko usikkert behov har meldt seg, heller prioritert å styrkja tilleggsløyvingspostar og andre budsjetterte avsetnader. Dette fordi det ville koma endå tøffare økonomiske tider og driftsnivået må før eller seinare likevel tilpassast desse rammevilkåra.

Med ei slik prioritering vil det naturleg nok vera vanskeleg for dei budsjettansvarlege å halda tildelte rammer.

Avvik i økonomiske tabellar står oppført i heile 1000 og summane er avrunda til næraste kr. 25`.

8.1. Ansvar 100, 120, 121, 130, 410 og 420:

Rådmannen

Talmateriale:

	Tilsette - årsverk	Tilsette - tal	Merknad
Folkevalde	1,045	2	
Administrativ leining	3,80	4	
Økonomikontor	3,00	3	Ekskl. IRK
Servicekontor	3,30	4	
Reinhald	0,43	1	
BULYST-prosjekt	1,00	1	2012-2015
Prosjektmedarbeidar	1,00	1	2014-2015

Overordna mål:

Solund kommune er ein organisasjon som er serviceorientert, effektiv og har høg kompetanse. Lovverket vert fylgt og det er stort fokus på likebehandling.

- Innbyggjarane får kontakt med kommunen både personleg og på aktive websider.
- Brukarane av kommuneadministrasjonen opplever god service, kompetente medarbeidarar og at saker blir fylgt opp som forventa.
- I størs mogleg grad er forvaltninga basert på bruk av IKT. Dette er tilpassa krav i høve til offentlegheits- og arkivlovgjevinga.

Solund kommune er ein godt organisert og effektiv organisasjon som leverer dei tenestene som innbyggjarane har trong for.

- Tenestene vert produserte av kompetente og myndiggjorte medarbeidarar med arbeidsglede og motivasjon for arbeidsoppgåvene sine.
- Naudsynt kompetanse er til stades til ei kvar tid.
- Solund kommune utfører arbeidsgjevarrolla si slik at dei tilsette opplever rettviss handsaming
- Solund kommune tilbyr attraktive og varierte arbeidsplassar for begge kjønn.

8.1.1 Ansvar 100

Politikk, administrasjon, fellesutgifter, servicekontor, økonomikontor, IKT, m.m.

Aktiviteten har vore høg i driftsåret og mange av sakene ein har arbeidd med, har vore arbeidskrevjande for både politisk nivå, administrativ leining og stab.

Det vert her vist til både pkt. 1 – innleiinga og pkt. 2.1.4 og 3.1.2, for saker og aktivitetar både politisk nivå og administrativ leining har arbeidd særskilt med i driftsåret.

8.1.1.1 Solund Servicekontor (SSK) sin aktivitet

SSK har ansvaret for førstelinjeteneste mot publikum med resepsjon, telefon og epost. Avdelinga har ansvar for drift av arkiv, postmottak og politisk sekretariat. SSK yter og merkantile tenester mot einingane i organisasjonen. Rådgjevar/leiar for SSK har og administrativt ansvar for Frivillegsentral, Bibliotek og Gjenbruksbutikk.

Arbeidet på SSK har m.a. vore klargjering for overgang til fulldigitalisert arkiv i løpet av 2016.

Dette arbeidet medfører gjennomgang av alle arkiva på avdelingane. Det vert og implementert nye digitale modular på økonomikontor og Servicekontor for å gjennomføre fulldigitalisering.

SSK har og arbeidd med klargjering av ny heimeside der ein spesielt vil utvikle digitale, sjølvbetjente skjema for publikum. Lansering vil kome i 1. kvartal 2015.

Samhandlingsprosjektet innan telefoni er avslutta, med unntak av nokre få tilpassingar.

Det betyr at alle SYS-kommunane no har Lync-telefoni via nett og kan samhandle via telefonkonferansar og video innanfor det eksisterande datanettet. Dette kan erstatte ein del møteverksemd som krev reise ut av kommunen, og telefonkonferansar har spart oss for mykje reisetid i 2014.

Oppgåvefordelinga ved SSK har i 2014 vore slik:

Arkiv/politisk sekretariat	200%
Resepsjon/tlf./IT-utvikling/heimeside	130%

I tillegg har det vore engasjert ein prosjektmedarbeidar på på prosjekt fullelektronisk arkiv, i om lag 40% stilling.

Leiarfunksjonen er ikkje tatt med i oppstillinga ovanfor. Sjå innleiinga til kap 8.1 og avsnitt 8.1.3. Ressursen er rekna med under overordna administrativ leiing.

8.1.1.2 Økonomikontoret sin aktivitet

Økonomikontoret har etter mange år med vanskeleg ressursituasjon, hatt full bemanning og stabil organisering. Tunge og arbeidskrevjande oppryddings- og innføringsprosessar, har ført til at fokus på økonomistyring diverre har vore dempa; - særleg i 1. halvår.

Ekstra stor fokus har vore sett på å få økonomiprosessar på kjøp (jf. revisormerknad til årsrekneskapen 2013), samt etablere gode rutinar og arbeidsdeling internt.

Det er i driftsåret innført ei mengd med ny programvare som skal bidra til både å få digitalisert arbeidsprosessar og til å nå fellesmålet om å få eit fullelektronisk arkiv. Ein må undervegs kople saman den tenesteytande verksemda (fagsystema) med stabs- og støttefunksjonen (økonomisystemet).

Målet er også å få drifta økonomikontoret på og kommunen på ein moderne og effektiv måte.

Økonomikontoret og økonomi/fagsystema skal bidra til å spela resten av organisasjonen gode.

Innbyggjarane skal så få nytte godt av heilskaplege, fleksible og effektive tenester i Solund kommune.

I arbeidet med å få alt dette systemet på plass, har ein nytta ein ekstra prosjektmedarbeidar.

Dette har også vore naudsynt, fordi økonomikontoret vart sett til både å leia og gjennomføra arbeidet med å innføre eigedomsskatt i Solund kommune i år 2014.

Skatteetaten har i år 2014 sett særleg fokus på å få køyrt ein utgreiingsprosess på statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane. Dette har skapt ein viss «uro» for framtida.

Utgreiingsarbeidet og konklusjonar frå denne prosessen, kjem i mai/juni 2015.

Som for Servicekontoret, så er har dei tilsette ved økonomikontoret vist stor innsats for å løyse utfordringane som har kome til.

8.1.1.3 BULYST-prosjektet sin aktivitet:

Solund kommune sitt Bulystprosjekt har vore gjennomført i perioden 2012-2014 med støtte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Prosjektet har i denne perioden hatt ei ekstern finansiering på om lag 80 % (50% Kmd og 30% FK).

Fylkeskommunen støttar prosjektet også i 2015.

I 2014 har Bulystprosjektet hatt fokus på å utarbeidde ein lokal utviklingsstrategi. Det var satt ned ei arbeidsgruppe med representantar frå formannskapet, kommuneadministrasjonen, næringsliv og frivillig sektor. Strategien, inklusive handlingsplan, vil bli vedtatt av kommunestyret i 2015 og liggje til grunn for framtidig utviklingsarbeid i kommunen.

Prosjektet har òg utarbeidd ein bustadanalyse for å synleggjere behov og ynskje.

Eit spørjeskjema som vart sendt ut til innbyggjarar, personar med tilknytning og bedrifter fekk om lag 350 svar. I tillegg vart det gjort intervju med nøkkelpersonar.

Andre aktivitetar som har vore arbeida med i 2014 er mellom anna:

- Koordinering av spelemiddelsøknad og innkjøp av element til Solund skatepark (søknaden

- fekk tilsegn og parken vil opna våren 2015)
- Koordinering av produksjonen av fotoboka «Solund – eit år der land møter hav»
- Koordinering av produksjonen av Solundavisa, inklusive skriving artiklar
- Koordinering av søknad om hovudprosjektet Tettstadforming Hardbakke som fekk tilsegn av fylkeskommunen
- Koordinering av dugnader og diskusjonar om Kystarboretet
- Deltaking i arbeidsgruppa for Solunddagen
- Deltaking i arbeidsgruppa for Alt lys på Solund og lysfestivalen
- Deltaking i arbeidsgruppa for Internasjonal kafé
- Deltaking i arbeidsgruppa for flyktningar
- Gjennomføring av kurs i styrearbeid
- Gjennomføring av båtførarkurs og båtførarprøve
- Produksjon av hefte med informasjon om Solund sine lag og organisasjonar
- Produksjon av turistbrosjyre for sommaren
- Produksjon av julekalender på Solund Nyheter
- Produksjon av «vaffelløypa» på Hardbakke med informasjon om ulike stadar
- Støtte til Solund Frivilligsentral ved rekruttering av nye volontørar
- Gjennom Bulystprosjektet har representantar frå Solund kommune deltatt på konferansar om bustadutvikling
- Arrangert forelesing om Hamarøymodellen for å realisere nye bustadar i Solund
- Arrangert HAFS-treff i samarbeid med dei andre HAFS-kommunane
- Tilgang til Tilskuddsportalen for alle lag og organisasjonar

Det er generert svært mykje av både aktivitet og tilskotsmidlar gjennom denne hovuddelen av prosjektet. Svært mange av dei utviklingsoppgåver som Bulyst-prosjektet har hatt hand om, er oppgåver som administrasjonen normalt elles ikkje hadde hatt høve til å prioritere.

Det er såleis positivt at Fylkeskommunen held fram med sin del av finansieringa av prosjektet i år 2015. Det vert ei utfordring å arbeide fram vidare finansiering til ein slik type stilling også fr år 2016 og frametter.

8.1.1.5 Rekrutteringsarbeid - profilering

I 2014 har ein arbeidd med ein strategi for å tiltrekke merksemd og på denne måten prøve å rekruttere naudsynt kompetanse. BULYST-koordinator har vore aktiv med i dette arbeidet.

Det er sett fokus på korleis oppnå positiv merksemd i media og det vert nytta den utarbeidde malen til bruk for utlysing av ledige stillingar som har ein spanande profil og strategisk biletbuk.

Denne synast å vera svært effektiv og søknadsgrunnlaget ser ut til å veksa på dei utlyste stillingane. Profileringa er god og heng saman med all anna fokus som er sett i kommunen sitt utviklingsarbeid.

Positiv medieomtale av kommunen, er eit rekrutteringstiltak i seg sjølv og ein arbeider aktivt for at dette skal skje.

8.1.1.6 Sommarjobbar

Kommunen er aktiv på å tilby / ta i mot ungdom som ønskjer utplassering og arbeidspraksis.

Det er under planlegging ytterlegare tiltak for ungdom mellom 13år og 17 år som skal vere klare til gjennomføring i år 2015.

Solund-ungdom vert prioritert for tilbod om sommarjobb.

Målsetjinga er å synleggjere Solund som framtidig arbeidskommune.

Ei anna målsetjing er å synleggjere at ungdom kan ha eit positivt og meningsfullt liv i Solund.

8.2 Ansvar 120

Rådgjevar med barnehage og skulefagleg ansvar

8.2.1 Talmateriale:

Kvartal / periode	Tal på brukarar / elevar	Tilsette årsverk	Tilsette tal	Merknad
1., 2., 3. og 4. kvartal	Born i barnehage, born og ungdom grunnskuleopplæring, vaksne med rettigheitar etter opplæringslova, norskopplæring for vaksne, lærlingar og læreandidatar.	0,6	2	
1., 2., 3. og 4. kvartal	Reinhald	0,6	1	

Ein person blir rekna som tilsett når han/ho er inne i ein periode på eit ½ år eller meir.
Er det anna talmateriale kan det leggjast inn i tabellen, eller skildrast nedanfor tabellen.

8.2.2 Organisering:

Overordna administrasjon av sektoren, Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), vaksenopplæring, norsk/samfunnsfagopplæring for framandspråklege vaksne, skuleskyss og reinhald idrettsbygg. Solund er del av HAFS+Høyanger oppvekstregion. Regionen samarbeider om felles satsingar innan barnehage og skule.

8.2.3 Overordna mål:

Sentralt mål:

Legge til rette for at born, ungdom og vaksne får eit livslangt opplæringstilbod i tråd med opplæringslova med forskrifter.

Lokale mål:

Er vedteken i Kommuneplan for Solund 2008 – 2020, samfunnsdelen.

Måla er overordna med konkret målsetjing på innhald på tenesta som vert gjeve born, ungdom og vaksne samt som arbeidsgjevar.

Skule- og barnehagetilbodet i Solund er blant dei beste i Sogn og Fjordane.

	Målberre mål
1	Kommunen har godkjente fagpersonar i alle pedagogiske stillingar og fagarbeidarar med god kompetanse.
2	Innanfor læringsutbytte i skulen skårar elevane i Solund blant dei beste i fylket
3	Barn i barnehagane og skulane opplever høg grad av trivsel.
4	Føresette til born i barnehagane og skulane er nøgde med det tilbodet kommunen gjev.
5	Skulane og barnehagane er mellom dei beste til å bruke digitale verkty.
6	Det vert jamleg gjennomført skulevurderingar i samarbeid med HAFS.

Den einskilde barnehage og skule lagar lokale handlings-/opplæringsplanar med utgangspunkt i Rammeplan (gjeld barnehage) og Kunnskapsløftet 06 (gjeld skule).

8.2.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

Opplæring er livslangt.

Sentral målsetting er at uavhengig av kvar ein bur skal alle oppleve opplæringa som likeverdig og individuelt tilrettelagt. Dette føreset at det til ei kvar tid er naudsynt kompetanse tilgjengeleg.

I tråd med barnehage- og opplæringslova betyr dette variert pedagogisk kompetanse, enten tilsett ved den einskilde barnehage og skule eller at kompetanse er tilgjengeleg gjennom eksternt samarbeid.

Oppvekst har samarbeid med fleire eksterne samarbeidspartar som t.d. PPT, barnevern, hjelpemiddelsentralen og STATPED som tilbyr særskilt kompetanse. Oppvekstsektoren har jamleg møte med fleire av desse partane, enten på kommunenivået eller på einingsnivå. Møter på einingsnivå er opp mot konkrete saker. Solund kommune tek del i internkommunal avtale om PPT og barnevernstenesta og betalar eigendel for bruk av tenesta.

Solund kommune er arbeidsgjevar for 30 % stillingsstorleik som er kommunal spesialpedagogisk kompetanse. Ressursen vert fortrinnsvis nytta til einskildsaker, rettleiing til føresette og tilsette ved barnehage og skule og er såleis del av ressurs/kompetanse ved dagleg opplæring av born og unge. Ressursen kan også verte nytta opp mot vaksne som har rett til grunnskuleopplæring etter opplæringslova. Vaksne vert ikkje prioritert grunna kapasitet.

Gjennom regionssamarbeidet i HAFS+Høyanger deltek Solund i felles satsingsområdet innan barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring.

I 2014 har rådgjevar i Solund vore regionsleiar i HAFS+Høyanger innan oppvekst, og har gjennom denne funksjonen delteke på møte på fylkesnivået. Her møtest dei ulike samarbeidspartane om lag 3 gonger pr. år. I tillegg kjem deltaking og medansvar på fylkeskonferansar, og ved behov delteke på arbeidsmøte knytt til dette. Dei ulike partane har representantar frå høgskulen, fylkeskommunen, fylkesmannen, Utdanningsforbundet, Skuleleiarforbundet og KS. KS er representert med fylkesnivået, ein frå rådmannsutvalet og 4 regionsleiarar.

Rådgjevar i Solund er valt som fylket sin eigar-representant i regional ressursgruppe STATPED-vest. Dette er ei 4 årig (2014 – 2017) nasjonal satsing med fokus på kompetanseheving for tilsette ved Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT). Ressursgruppa er samansett av ein representant frå kommune-/eigarnivået og ein PPT-leiar frå kvar av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Deltaking og representasjon krev ressursar. Reise- og overnattingsutgifter knytt til regionsleiar vert refundert frå KS, og STATPED dekkjer reiseutgifter knytt til møta i regional ressursgruppe. Arbeidet er «dugnadsbasert» og kjem i tillegg til dei daglege oppgåvene. At Solund deltek i denne type samarbeid vert likevel vurdert som viktig og tilfører kommunen kunnskap, hjelp til kompetanseheving og satsingar som ein likevel må til med og såleis bidra til at kommunen kan utvikle opplæringstilbodet i riktig retning.

I korte trekk har HAFS+Høyanger oppvekst regionen felles fokus på kompetanseheving, utvikle kvalitetssystem (der ekstern vurdering er eit tiltak) og kommunen som eigar og tilsynsmynde. Innan barnehage har hovudsatsinga vore kompetanseheving retta mot leiarar og assistentar. I den obligatoriske opplæringa (grunnskule og vidaregåande) har fokus vore å legge til rette for at ungdom skal i større grad fullføre vidaregåande opplæring.

Eit lokalt tiltak sommaren 2014 var å gje ungdom i alderen 13 – 17 år sommarjobb. I tillegg til å få smakebit på ulike arbeidsoppgåver og yrker i kommunen, og dermed lukkast betre i val av vidaregåande opplæring, er ei målsetjing at ungdom skal verte kjent med arbeidsmoglegheita i kommunen og at dette kan vere ei arena for framtidig rekruttering. Tilbakemeldingane er at tiltaket var positivt.

Solund barne- og ungdomskule, tok hausten 2014 til på den nasjonale ungdomstrinnssatsinga, «Motivasjon og meistring». Dette er skulebasert kompetanseheving, der arbeidet vert gjort lokalt i fagleg samarbeid med høgskulen i Sogn og Fjordane. I tillegg vert lokal ressurslærar gjeve opplæring og regionskoordinator, Åsmund Berthelsen, føl arbeidet tett. Nasjonalt er satsinga retta mot ungdomstrinnet, men i Solund deltek heile personalgruppa.

Kompetanse og rekruttering er fokusområde.

Det er ei lokal målsetjing å ha riktig kompetanse ved einingane til ei kvar tid. I årsmeldingsperioden har det ikkje lukkast å gje tenester med tilsette som har formell kompetanse etter lov og avtaleverk. Dette gjeld først og fremst pedagogisk personell med høgskulekompetanse. Det er likevel grunn til å

poengtere at ufaglærte (etter definisjon i tråd med lov og avtaleverk) har levert tenester som langt på veg har vore tilfredstillande.

Etter fleire år med fokus på kompetanseheving har tilsette ved barnehage og SFO tilfredstillande grunnkompetanse. Det er fagarbeidarar og tilsette med ulik høgskulekompetanse i faste stillingar. Tverrfagleg personalsamansetning sikrar tilfredstillande pedagogisk barnehage- og SFO-tilbod. Det er likevel ei utfordring å ha tilgang på vikarar med tilfredstillande kompetanse. Vidare målsetjing ved barnehagen er personalgruppe med relevant vidareutdanning.

Solund kommune står framføre stor utskifting av undervisningspersonell grunna avgang til pensjonisttilvære og at tilsette sluttar/har permisjon frå stillinga. Dette gjer at behovet for rekruttering av grunnleggande pedagogisk kompetanse må ha fokus. Rammeplan for barnehage og Kunnskapsløftet 06 legg til grunn at det er spesifikk fagkompetanse ved barnehage og skule. Å vere tilsett ved små einingar krev stor fleksibilitet i personalgruppa. Feks kan ikkje tilsette i Solund-skulen forvente fulltidsstilling i tråd med eigen fagkompetanse, men må rekne med å undervise i fag der eigen kompetanse ikkje er tilfredstillande. Dette er ein av fleire faktorar som ikkje gjev Solund kommune fortrinn på arbeidsmarknaden i rekrutteringsarbeidet. Å rekruttere grunnleggande pedagogisk kompetanse (barnehagelærarar og lærarar) er ei utfordring.

I 2014 vart det nytta ny og spanande mal ved utlysing av ledige stillingar. Responsen var svært positiv! Solund fekk fleire kvalifiserte søkjarar og gav tilbod til fleire aktuelle. Det lukkast ikkje heilt med å få dei vi faktisk gav jobb-tilbod, men både barnehagen og skulen fekk styrka personalgruppa med kompetanse. Tilbakemelding på at Solund ikkje vart vald som arbeidsgjevar var at fleire av søkjarane fekk jobb-tilbod der dei allereie hadde vore tilsett. Solund har også i år teke i mot ungdom som ønskjer utplassering og arbeidspraksis samt prioriterer Solund-ungdom ved tilbod om sommarjobb.

Vaksne har rettar etter opplæringslova,

Dette gjeld både på grunnskule, vidaregåande og spesialpedagogisk opplæring. Solund kommune sitt ansvar er knytta til grunnskuleopplæring og som lærebedrift når det vert teke inn lærlingar/lærekandidatar. I årsmeldingsperioden har Solund kommune hatt ein ordinær lærling, og har lagt til rette for at vaksne kan fullføre vidaregåande opplæring. Praktisk opplæring er å få opplæring innan ulike arbeidsfelt og –oppgåver i tråd med opplæringsplanen i det spesifikke faget. I årsmeldingsperioden har det vore lagt til rette for at eigne tilsette får både gjennomføre grunnkompetanse, etter- og vidareutdanning.

Fleksibilitet, løysingsorientert fokus, langsiktig planlegging og tilstrekkeleg budsjetttramme er stikkord for å oppnå ønska mål. Solund kommune har lagt til rette for følgjande utdanning:

- Barnehage
 - o 1 stk grunnopplæring for assistentar
- Skule
 - o skulebasert kompetanseheving, heile personalgruppa
 - o 2 stk lærarutdanning, grunnutdanning
- Helse- og omsorg
 - o 8 Demensomsorgens ABC + 2 på vidare kurs
 - o 1 vidareutdanning
 - o 1 sjukepleiar, grunnutdanning
 - o 2 stk helsefagarbeidar + lærling som helsefagarbeidar:
- 5 stk Grunnkurs for nye leiarar, regi av KS

I tillegg er det gjennomført IA grunnopplæring for verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarane.

Norskopplæring med samfunnsorientering:

Dette vert tilbode framandspråklege vaksne med to ulike nivåkurs kvart semester.

Kva nivåkurs som vert gjeve er avhengig av behov. I 2014 vart det gjennomført 2 nivå om

våren og nivå 1 om hausten. Det er mogeleg for deltakarane å ta norskprøve som kan vere dokumentasjon til bruk for vidare utdanning og jobbsøknad.

Solund kommune har ansvar for aktivitet i idrettsbygget på dagtid/skuletida. Bygget vert nytta av både barnehage, skule og har tilbod til vaksne. Det er generelt stor aktivitet i bygget og er eit positivt alternativ å nytte til bruk for fysisk aktivitet når utemiljøet ikkje er like praktisk å nytte. Solund idrettslag har ansvar for aktivitet i bygget på ettermiddag/kveldstid.

Vurdering av oppveksttilbodet i Solund kommune

2014 vart prosjektet med å vurdere oppveksttilbodet i Solund kommune fullført. Arbeidet med å vurdere/få på plass eit tilbod for ungdom som ventar igjen på Hardbakke etter skuletid, før dei skal på fritidsaktivitet om ettermiddagen/kvelden, er ikkje fullført.

8.3 Ansvar 121

Solund Kulturskule

Solund kulturskule starta opp i ny drakt hausten 2014 og då organisert som ei kommunal avdeling.

Hausten har vore nytta til å sette den interne drifta, legge planar for både og kort og lang sikt, bygge nettverk og gjennomføre einskilte kurs. Det er ei viktig investering å bruke tid på dette planarbeidet, for å få på plass ein kulturskule som er tilpassa vårt samfunn og brukarane sine behov.

Det har difor vore viktig å utarbeide fram ein Kulturskuleplan for Solund.

Denne planen vart vedteke i Kommunestyret rett før påske år 2015 og skal gjelde perioden 2015-2021.

Det har også vore sett i verk nokre einskildståande kurstilbod, og deltakinga har vore god. Ein vil vurdere å halde fram med slike tilbod i året som kjem

Elles har ein denne hausten lagt vekt på å vidareføra det grunnlaget som ligg frå tidlegare års redusert drift av kulturskuletilbod i kommunen.

Den jamne deltakinga er god og det er mykje positivt å bygge vidare på.

Utvikling av nettbasert undervising, vil få ekstra fokus i komande driftsår.

Her kan det vera eksterne prosjektmidlar å hente.

Det er ynskjeleg å få på plass eit administrativt fagsystem, der m.a. handtering av elevmapper, rapportar og statistikk inngår.

Driftsområde er omlag i balanse. Det vart lagt opp til ein avsetnad til disposisjonsfond på kr. 25`, men delar av desse midlane vart nytta i driftsåret, og resten (kr. 12`) vart stroke ved årsavslutninga.

8.1.4 Ansvar 130

Rådgevar samferdsle:

Det overordna målet til rådgevar samferdsle er å drifte kommunale eigedomar og kjøp av tenester frå ruteselskap/fylkeskommune. Ein driv med utleige av kommunale bustader, har ansvar for festeavgifter, kjøp av tenester frå ruteselskap, drift av kai/venterom Krakhella og anna. Administrerer kjøp/sal av kommunale eigedomar.

I tillegg har leing av Servicekontor vore tillagt denne stillinga, samt særskilt ansvar for innkjøp, mobil- og breibandutbygging, IKT, dessutan sakshandsaming i sentraladministrasjonen.

Breiband- og mobilutbygging.

I 2014 fekk ein sett i drift 2 4G- mobilstasjonar, Strand og Husefjell. Dette er eit stort framsteg for mobildekninga i Solund. Kommunen har no delteke økonomisk/administrativt i 7 mobilprosjekt i Solund sidan 2007.

Solund kommune fekk i 2014 undertekna ein utbyggingsavtale innan utbygging av fiberbasert breiband på Hardbakke, Hop, Solund Verft, Pollen og Eide. Dette arbeidet vert sett i gang 1. kvartal 2015.

Det har og vore arbeidd med anbod på breibandsløyising frå Hardbakke til Ytre Solund, og anbodet vart lyst ut i desember 2014. I dette prosjektet har kommunen fått tildelt ca. 5 mill kr. i offentlege midlar. Anbodet her vert handsama i mars 2015.

8.1.5 Ansvar 410

Biblioteksjef

Solund folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek, dvs. at det òg er skulen sitt skulebibliotek. Biblioteket har vore lokalisert i det tidlegare banklokalet attmed kommunehuset sidan 2012.

Utlån:

Etter flytting i frå lokalet i kjellaren i barnehagen har utlånet falt kraftig, men har flata seg ut etter etableringa i noverande lokalet. Det er gledeleg å sjå at det er blitt ein vesentleg auke i utlån av barnebøker i frå 2012/2013, noko som betyr at skulen er begynt å bruke biblioteket meir. Utlån av bøker for vaksne har heldt seg ganske stabilt i desse åra vi har vore lokalisert her. Det blir lånt ut vesentleg fleire filmar for barn enn for vaksne. Lån av tidsskrifter har blitt mindre, noko som delvis kan tilskrивast begrensa utval.

I 2014 begynte vi å låne ut e-bøker, noko som ser ut til å vere eit populært tilbod. Ved e-bok-utlån har vi fått nye brukarar, som av ymse grunnar tidlegare ikkje har kunna nytte seg av bibliotekets sine tenesta (som at ein ikkje når biblioteket i opningstida, avstand osv.). Fleire har oppdaga at e-bøker er veldig praktisk på reiser. E-bok utlånet har (heldigvis) ikkje erstatta vanleg utlån, men komme i tillegg.

I tillegg til heimesida (<http://websok.mikromarc.no/Mikromarc3/web/default.aspx?db=solund-fb&unit=6465> eller www.solund.no (velg «bibliotek»)) har biblioteket i lag med Gulen og Fjaler starta felles facebookside (biblioteka i Ytre Sogn), fordelene med facebookside framfor heimesida er at ein kan melde i frå om aktuelle hendinger, som stenging, utstillingar osv., bakkdelen er at dei meldingane når berre dei som har «likt» sida. Elles nytta ein seg gjerne av facebookside «Solund Nyheter», der ein når litt fleire.

Heimesida er styrt av utlånsprogrammet til biblioteket, og det er dårleg med moglegheiter til å legge ut «personlege» eller aktuelle hendingar der. Til gjengjeld kan ein via heimesida bestille bøker, fornye utlån, følgje med på nyinnkjøp osv.

For at ikkje biblioteket skulle bli så sårbart ved fråvær som sjukdom, ferie, kurs og liknande, og sidan vi ikkje har pengar til vikar, begynte vi i 2014 med «sjølvbetjenings»-bibliotek. Det vil sei at dei som oppsøke biblioteket når den tilsette er vekke og biblioteket er stengt, kan henvende seg på kommunehuset som låser opp til dei. Dei må sjølv finne det dei er på jakt etter og få det skanna på kommunehuset.

Det har vore lite med tilbakemeldingar i frå publikum om kva dei synst om det tilbodet, men det har i alle fall blitt nytta ein del, og det er grunn til å tru at tilbodet er betre enn ingenting.

Når det gjeld innkjøp av bøker er det er ikkje til å komme forbi at det er ofte er bøker som blir spurt etter og/eller er på «topplister» som blir innkjøpt. Aktuelle hobbybøker prøve ein å kjøpe ein del av (i 2014 var det strikking som gjaldt), i tillegg litt fornying av fagbøker. Med eit begrensa budsjett vil ein gjerne unngå å kjøpe «hyllefull». Vel halvparten av tilveksten av bøker er kulturfondbøker.

Kulturfondbøker er bøker innkjøpt av Norsk Kulturråd og distribuert gratis til biblioteka i landet, vi betaler for plasting og nummerering. Blant kulturfondbøkene er det mykje bra, men òg ein del «ymse», men ein er pliktig til å ha dei tilgjengeleg i 5 år, difor blir det lett ein del «hyllefull» likevel.

Små bibliotek med små budsjett har sjølvsagt eit avgrensa utval av bøker og då spesielt fagbøker for studentar. Difor har vi heldigvis ordninga med fjernlån der vi kan låne i frå andre bibliotek bøker som vi ikkje har sjølv. Ordninga er mykje brukt på dette biblioteket og fleire og fleire fjernstudentar har oppdaga tenesta. Ulempen er at biblioteka gjerne vil ha boka tilbake før studenten er ferdig med den (i allefall viss det er venteliste), men stort sett går det greitt.

Ein fjernlåna sjølvsagt andre bøker òg, men nye og etterspurde bøker kjøpe vi inn så langt råd er, elles kan ein bli ståande lenge på venteliste.

Fjernlån fungera mykje betre no etter at vi er blitt med i Norsk bibliotektransport, som er ein landsomfattande «budbil»-teneste mellom biblioteka. Tidlegare brukte vi posten som distributør, eller bruk av «kreative» løysninga (for å spare porto) som å ta med /sende med bøkene til Førde, Bergen eller anna, når ein likevel var på farten.

Det er ei dyr teneste, men likevel ikkje dyrare enn om vi hadde nytta posten, og vi betaler for antall besøk pr. veke. Større bibliotek har besøk av transportbilen kvar opningsdag, vi har valgt 1 dag i veka som er minimum.

Biblioteksjefen var i september på «Bibliotekdagane». Bibliotekdagane er ei årlig to-dagars samling av bibliotektilsette i fylket og er i regi av fylkesbiblioteket. Vi har ulike føredragshaldare som tek føre seg tidsaktuelle temaer for biblioteka. Det variera kvart år kvar bibliotekdagane blir haldne, i 2014 vart det Førde.

Elles har fylkesbiblioteket teke initiativ til regionale samarbeid. Solund er med i Hafs-regionen, og vi har hatt samling i Dale og Hyllestad i 2014, vi skal ha ny samling i april 2015 i Hyllestad. Biblioteksjefane sine overordna er òg inviterte på dei samlingane.

8.1.6 Ansvar 420

Leiar frivilligsentral

Solund Frivilligsentral har som mål å:

- Synleggjere Frivillegsentralen som ein viktig resurs og stimulere til frivillig arbeid.
- Ansvarleg for volontørprosjekt
- Utvikle møteplassar
- Legge til rette for kulturtilbod
- Koordinere og informere i høve aktivitetar og arrangement
- Ansvarleg for Gjenbruksbutikken

Solund Frivillegsentral har eit godt samarbeid med lag og organisasjonar, det offentlege, næringsliv og privatpersonar i Solund kommune.

Under følgjer konklusjon og utfordringar frå Frivillegsentralen si eiga årsmelding (som allereie er handsama politisk):

Konklusjon og utfordringar:

Ein har fått utført oppgåvene som var vedtekne i driftsplanen.

Frivilligsentralen har vorte godt etablert i kommunen.

Som ein ser ut frå årsmelding har det vore ein del samarbeid med Bulyst og folkehelsekoordinator. Noko som har vore til stor hjelp for å få utført ulike aktivitetar arrangement. I september starta kulturskulen oppatt og vil i framtida verte ein naturleg samarbeidspartnar.

Det går mykje tid til å søke på økonomiske tilskot til ulike prosjekt, som i etterkant også skal rapporterast.

Det er svært få lag/org som melder inn aktivitetar og arrangement. Sjølv om det vert sendt ut e-postar og etter spør kva som skjer.

Frivilligsentralen ynskjer å vere ein møteplass for folk i alle aldersgrupper.

Gjenbruket er vorte ein slik møteplass på Hardbakke. Serviseskyssen er tilpassa torsdagslunsjen frå både Nord- og Ytre Solund. Frå Ytre Solund er det svært få som kjem, så det er ei utfordring å nå dei som bur der. Målet er å få til møteplassar andre stadar i kommunen også.

Frivilligsentralen sine to største prosjekt er Gjenbruket og voluntørteneasta.

Med hjelp frå einskild personar, lag og organisasjonar har ein fått gjennomført kvalitative godeaktivitetar og arrangement.

8.1.7 ØKONOMISK RESULTAT FOR RAMMEOMRÅDA 100-130, 410 og 420

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/ 2013	
Ansvar 100							
Sum inntekter:	-3 239 636	-3 224 000	-16	0,5 %	-3 799 468	560	-14,7 %
Sum utgifter:	13 783 293	13 699 000	84	0,6 %	13 977 489	-194	-1,4 %
Netto driftsramme:	10 543 657	10 475 000	69	0,7 %	10 178 021	366	3,6 %
Ansvar 120							
Sum inntekter:	-1 520 366	-1 360 000	-160	11,8 %	-1 314 290	-206	15,7 %
Sum utgifter:	2 079 007	2 135 000	-56	-2,6 %	2 212 968	-134	-6,1 %
Netto driftsramme:	558 641	775 000	-216	-27,9 %	898 677	-340	-37,8 %
Ansvar 121							
Sum inntekter:	-23 445	-20 000	-3	17,2 %	0	-23	
Sum utgifter:	136 143	145 000	-9	-6,1 %	0	136	
Netto driftsramme:	112 698	125 000	-12	-9,8 %	0	113	
Ansvar 130							
Sum inntekter:	-438 023	-504 000	66	-13,1 %	-483 338	45	-9,4 %
Sum utgifter:	718 812	729 000	-10	-1,4 %	641 577	77	12,0 %
Netto driftsramme:	280 790	225 000	56	24,8 %	158 238	123	77,4 %
Ansvar 410							
Sum inntekter:	-101 619	-101 000	-1	0,6 %	-170 897	69	-40,5 %
Sum utgifter:	572 419	576 000	-4	-0,6 %	613 465	-41	-6,7 %
Netto driftsramme:	470 800	475 000	-4	-0,9 %	442 568	28	6,4 %
Ansvar 420							
Sum inntekter:	-1 018 115	-1 002 000	-16	1,6 %	-1 038 768	21	-2,0 %
Sum utgifter:	1 456 485	1 427 000	29	2,1 %	1 388 853	68	4,9 %
Netto driftsramme:	438 370	425 000	13	3,1 %	350 085	88	25,2 %
Ansvar 100-130, 410 og 420							
Sum inntekter:	-6 341 204	-6 211 000	-130	2,1 %	-6 806 762	466	-6,8 %
Sum utgifter:	18 746 159	18 711 000	35	0,2 %	18 834 352	-88	-0,5 %
Netto driftsramme:	12 404 956	12 500 000	-95	-0,8 %	12 027 589	377	3,1 %

8.1.7.1 Spesifikasjon / kommentarar avvik:

Politisk verksemd	- 75'	høgare aktivitet enn planlagt, mellom anna reiseverksemd knytt til utgreiingar av framtidig kommunestruktur
Administrasjon	- 75'	som førre strekpunkt og mindre rekneskapsføring mot investeringsprosjekt enn planlagt
Økonomikontor	- 25'	auka driftsutgifter i samband med utskriving av eigedomsskatt
	+ 25'	auka sjukerefusjonar
Fellesutgifter	- 100'	Telefonsystem (katalogtenester), avgifter/kontingenter
BULYST-prosjekt	+ 75'	Overskytande tilskot
Verdibrev for ungdom	+ 50'	Ingen utbetalingar av tilskot
Etableringstilskot	+ 50'	Ingen utbetalingar av tilskot
Sum avvik ansvar 100	- 67'	Avvik = 0,7%
Prosjekt HAFS skulereion	+ 50'	Overskytande tilskot
Vaksenopplæring	+ 25'	Unytta løyving
Framandspråkleg undervisning	+ 125'	Overskytande tilskot
Sum avvik ansvar 120	+ 216'	Avvik = 27,9%
Sum avvik ansvar 121	+ 12'	Avvik = 9,8%
Husleigeinntekter	- 50'	Redusert husleige
Sum avvik ansvar 130	- 56'	Avvik = 24,8%
Sum avvik ansvar 410	+ 4'	Avvik = 0,9%
Drift frivilligsentral/voluntørar	+ 25'	Meirutgifter kjøp av tenester, Sokneråd
Andre tillagte oppgåver	- 50'	Delar av kulturskule 1. halvår / Turistinformasjon
Sum avvik ansvar 420	- 13'	Avvik = 3,1%
Sum mindreforbruk	+ 95'	Avvik = 0,8%

Nettoutgiftene har auka med om lag 3,1%, noko som tilsvarar ein vekst på nivå med den kommunale deflatoren. I komande driftsår må utgiftsveksten dempast, sidan inntektsnivået for kommunen vil falla vesentleg.

8.2 Ansvar 210

Solund barne- og ungdomsskule.

8.2.1 Talmateriale:

Kvartal / periode	Tal brukarar/ Elevar	Tilsette årsverk	Tal Tilsette	Merknad
Vår 2014	85	17,4		Inkl. SFO 0,3 og reinhald 1,6
Haust 2014	89	16,1		Inkl. SFO 0,6 og reinhald 1,6

8.2.2 Organisering:

Solund barne- og ungdomsskule er organisert som 4-delt barnesteg og 2-delt ungdomssteg. I tillegg hadde ein eit eige spesialpedagogisk opplegg. Skulefritidsordninga var organisert som tidlegare, med tilbod kvar onsdag frå kl 08.50 – 16.00, og kvar ettermiddag fram til kl 16.00. Det var tilbod om leksehjelp to dagar i veka, lagt til SFO.

Frå hausten 2015 vart opningstida på SFO utvida til morgon frå kl 07.30 – ettermiddag kl 16.30 i tillegg til kvar onsdag. Våren 2014 var det 10 brukarar av SFO tilbodet. Hausten 2015 var det 8 brukarar. Det er i hovudsak onsdagar som vert nytta. Det er få brukarar på morgon/ettermiddag, men for dei dette gjeld er tilbodet viktig.

8.2.3 Overordna mål:

I kommuneplanen sin samfunnsdel er eit av måla at skulen skal vere blant dei beste i fylket. Vidare er det peika på område som fysisk aktivitet, kjennskap til lokalmiljø og arbeidsliv. Dette kjem også til uttrykk i skulen sin utviklingsplan. Her finn ein satsingsområde som skulen i lokalmiljøet, positivt skulemiljø, IKT/digital læringsplattform, og lesing.

8.2.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

Ein god skule er avhengig av å ha tilstrekkeleg med kompetente lærarar. Ein har i Solund mange dyktige lærarar som har lang røynsle og som syter for kontinuitet og stabilitet. Dei siste åra har ein også rekruttert nyutdanna lærarar. Likevel har ein framleis fleire tilsette utan godkjent pedagogisk utdanning.

Skulen deltek i inneverande skuleår i den nasjonale satsinga ”Motivasjon og meistring” der vår skule har prioritert områda ”klasseleiing” og ”lesing i alle fag” som satsingsområde.

Dette er ei skulebasert kompetanseheving, og det vert nytta felles tid i kollegiet til fagleg oppdatering, observasjon av kollegaer sin praksis, og til refleksjon.


Ein deltek også i eit forskingsprosjekt i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane, der ein undersøker kva verknad fysisk aktivitet har på læring. Prosjektet er kalla ASK (Aktive smart kids) og omfattar elevar i 5.klasse. Erfaringane så langt er positive, og skulen har fått prøvd ut god praksis som ein ynskjer å nytte også på fleire klassesteg.

8.2.5 Skulemiljø:

Skulen har eit godt samarbeid med foreldre. Dette er t.d. formalisert gjennom møte i samarbeidsutval, skulemiljøutval og foreldreråd, og elles gjennom klassevise foreldremøte og konferansar.

8.2.6 Sjukefråvær.

Ein har dette året hatt mindre langtidssjukmeldingar, og eigenmeldt fråvær enn tidlegare år, noko som vert stadfesta av diagrammet under.



Grafen gjev uttrykk for gjennomsnittleg lækjarmeldt sjukefråvær for heile driftsåret. Fråværsprosenten pr. 31/12, er på berre 3,5%.

8.2.7 Samarbeid med lokalmiljø:

Skulen ynskjer å nytte lokalmiljø og arbeidsliv som læringsarenaer. Gjennom utplassering og besøk på ulike arbeidsplassar får elevane kjennskap til moglegheiter i eigen kommune. I ungdomsskulen får dei også høve til å hospitere på ein vidaregåande skule for å få kjennskap til moglege yrkesval.

8.2.8 Tverrfagleg samarbeid

Skulen har ein tett samarbeid med skulehelsetenesta, barnevern og PPT. Dette har vist seg å vere svært viktig for å kunne gje hjelp til elevar som treng hjelp av ulikt slag.

8.2.9 Eventuelle prosjekt/ investeringsprosjekt:

IKT skule/barnehage 2715: Prosjektet er avslutta. Det er kjøpt inn digitale tavler.

Fasade skulebygg 121: Prosjektet har vore planlagt gjennomført i mange år. Seinast i haust, vart administrasjonen beden om å leggja fram ei analyse for rehabilitering av den gamle skulen vs. bygging av ny skule. Kommunestyret vedtok i mars 2015 å arbeide vidare med denne analysen.

Ein ser fram til at det vert trekt konklusjonar i år 2015, sidan rehabiliteringa no ikkje lenger kan vente på seg.

8.2.10 ØKONOMISK RESULTAT:

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/2013	
Ansvar 210							
Sum inntekter:	-1 377 777	-1 266 000	-112	8,8 %	-1 812 655	435	-24,0 %
Sum utgifter:	11 730 397	11 746 000	-16	-0,1 %	11 359 985	370	3,3 %
Netto driftsramme:	10 352 620	10 480 000	-127	-1,2 %	9 547 330	805	8,4 %

Det positive resultatet ved dette rammeområde, skuldast i all hovudsak at det er henta inn ekstra refusjonar for tiltak i driftsåret, som ikkje var budsjetttert.

Avvik som er oppstått i driftsåret, er elles løyst ved interne budsjettjusteringar.

8.2.11 Endringar frå år 2013/2012 – før og etter samanslåing skular:

Nettoutgiftene har auka med om lag 8,4%, men her er det best å gjere samanlikningar med år 2012, då Ytre Solund skule var i full drift.

Driftsutgiftene ved Ytre Solund skule i siste heile driftsår (2012), var på 2,1 mill.

Samla driftsutgifter ved begge skulane i år 2012 var på 11,3 mill.
Nominelt har difor skuledrifta i Solund kommune vorte redusert med 1,0 mill.

Ved å rekne inn den kommunale deflatoren på 3% (gjennomsnittleg løns- og prisvekst), skulle driftsnivået ha vore på 12,0 mill. i år 2014.

Det vil seie det er gjort ein realreduksjon på 1,7 mill. frå år 2012 til år 2014.

I økonomiplanen vart det rekna med ein driftsreduksjon på om lag 1,4 mill. samla sett, med ei samanslåing av skulane. Det vil seie ei ekstra innsparing på om lag 0,3 mill.

Igjen; - slike driftsreduksjonar gjev effektar på folketalsutviklinga i kommunen.

Sum mindreforbruk ved ansvar 210 er kr. -127` i høve revidert budsjett

8.3 Ansvar 211

Ytre Solund Oppvekstsenter

Det har ikkje vore drift ved Ytre Solund Oppvekstsenter i år 2014, men prosjektleiinga for Kvalitetsprosjektet er ført ved dette rammeområde, slik som i år 2013. Desse driftsreduksjonane har såleis ingenting med drifta av skulane å gjera
Dette prosjektet vart avslutta hausten 2014.

Rekneskapen for ansvar 211 er nokonlunde i balanse i høve revidert budsjett.

8.3.1 Økonomisk resultat:

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/2013	
Ansvar 211							
Sum inntekter:	-521 749	-481 000	-41	8,5 %	-634 840	113	-17,8 %
Sum utgifter:	579 915	531 000	49	9,2 %	1 698 826	-1 119	-65,9 %
Netto driftsramme:	58 166	50 000	8	16,3 %	1 063 985	-1 006	-94,5 %

8.4 Ansvar 271

Solund barnehage

Solund barnehage skal vere ein barnehage der barn, foreldre og tilsette har gode kvardagar. Barnehagen skal vere ein del av Solund kommune sitt mangfald!



8.4.1 Talmateriale:

Kvartal/ periode	Tal på brukarar/ elevar	Tilsette årsverk	Tal Tilsette	Merknad
2014	Vår – 32	10,62	14	
	Haut – 27	9,62	13	
Barnehagen har skule- og barnehageansvarleg i 15% stilling. 1 årsverk er lærling.				

8.4.2 Organisering:

Solund barnehage vert drifta med tre avdelingar. Barnehagen vart godkjent etter ombygging og ein opna den tredje avdelinga i underetasjen i januar 2014. Dette har hatt svært god innverknad både på arbeidsmiljø og trivsel.

Hausten 2014 vart det tilsett ein pedagogisk leiar i 100% stilling ved barnehagen. Ein drifter no etter norm om pedagogisk bemanning.

Solund kommune har full barnehagedekning og oppfyller rett til barnehageplass. Solund barnehage har to opptak i året; Hovudopptak 1.mars og suppleringsopptak 1.september.

8.4.3 Overordna mål:

Oppvekstvilkåra for barn og unge vert opplevd som gode.

Skule og barnehagetilbodet er blant dei beste i Sogn og Fjordane.

(jf. Kommuneplan – Samfunnsdel)

Barnehagen sitt arbeid er forankra i Rammeplan for barnehage, Barnehagelova og lokale planar (Jf. Årsplan for Hardbakke barnehage 2010 – 2015 og Handlingsplan for Solund barnehage 13/14).

I den daglege drifta i barnehagen kan ein forvente:

- daglege opplevingar av å lukkast
- ein trygg plass å vere
- at det vert lagt vekt på omsorg, leik og læring
- at uteliv og fysisk aktivitet vert prioritert
- at barna møter eit godt og heilskapleg oppvekstmiljø

Arbeidet i barnehagen vert planlagt og gjennomført med dette som utgangspunkt. Personalressursar og økonomiske rammer er medverkande faktorar på om dette lukkast.

8.4.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

Prioritert aktivitet har vore å utføre tilfredstillande tenester for brukarane (foreldre og barn) samt å arbeide for eit tilfredstillande arbeidsmiljø for både store og små ved barnehagen.

Døme på aktivitet:

- **Overgang barnehage – skule;** her er utvikla eit godt system for skuleforberedande aktivitetar og resultat er sær gode. Det vert lagt vekt på tidleg innsats! Ein vil på sikt sjå gode resultat i skulen av at tidleg innsats er viktig! Plan for overgang mellom Solund barnehage og Solund barne og ungdomsskule er teke i bruk og fungerer godt.
- **Eit aktivt språkmiljø;** Evne til god kommunikasjon må lærast tidleg og barnehagen har dette som satsingsområde. Barna skal ha utbytte av å kommunisere, bruke språket og verte bevisst eige og andre sitt kroppsspråk. I tillegg bruker ein Sråkleiken Bravo i barnehagen. Eit sansestimulerande verktøy som er med på å utvikle barnet sine språkferdigheter samt å stimulerer hjernen til å motta og sortere ny kunnskap. Ein kan vise til gode resultat på dette området.
- **Framandspråklege barn;** Lær meg norsk før skulestart er vorte eit viktig satsingsområde dei siste åra og her ser ein gode resultat. I Solund barnehage brukte omlag 15% av barnegruppa (vår 2014) dagleg eit anna språk enn norsk. Å integrere desse barna samt å lære dei det norske talespråket er viktig – og sær viktig for det seinare utdanningsløpet.
- **Arbeidsmiljø;** Ein har også i 2014 arbeida vidare med arbeidsmiljø og jobbnærvær. Ein ser at ved å ha eit stort fokus på arbeidsmiljø får ein høgare score på jobbnærvær. Solund barnehage har fått dette inn i eit godt system og arbeidet vil forsetje med høg prioritet også i 2015.
- **Kompetanseutvikling;** Solund barnehage har vore igjennom store endringar dei siste åra og behov for kompetanseutvikling har vorte større blant dei tilsette. I 2014 fekk 1 tilsett fagbrev som Barne og ungdomsarbeider. Det vert arbeida med ny kompetanseplan.
- **Prosjekt fysisk aktivitet og læring i Solund barnehage.** Det er starta på eit prosjekt om fysisk aktivitet og læring der målet er å setje satsningsområdet i system og å få eit handfast verktøy å arbeide ut ifrå. Det vil bli søkt prosjektmidlar for å få dette arbeidet drifta fram.

8.4.5 Prosjekt/ investeringsprosjekt

Prosjekt «Utviding av Hardbakke barnehage ferdigstilt medio desember 2013, men nokre avsluttande avrekningar / fakturaer har kome til i driftsåret 2014 . Løyvingane til uteområde i år 2014 vart sett i samband med hovudprosjektet og sett på vent, då ekstrakostnadane vart kjent.

Dette prosjektet er ynskjeleg å starte opp igjen så snart som råd er, men krev no ei ekstra løyving..

8.4.6 ØKONOMISK RESULTAT:

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/2013	
Ansvar 271							
Sum inntekter:	-1 132 898	-1 195 000	62	-5,2 %	-1 128 426	-4	0,4 %
Sum utgifter:	5 578 058	5 165 000	413	8,0 %	5 193 509	385	7,4 %
Netto driftsramme:	4 445 160	3 970 000	475	12,0 %	4 065 083	380	9,3 %

Avviket mellom rekneskap og budsjett er diverre stort. Dette skuldast fleire tilhøve.

Formannskapet vart allereie tidleg kjent med at det kunne verta vanskeleg å oppnå balanse

Ved tertialrapport nr. 1 vart det lagt inn ein føresetnad for balanse:

Forventa resultat:

Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette rammeområde utover den naturlege reduksjonen som følgje av redusert lønssoppgjør. Ein reknar her med balanse ved årsslutt.

Ved tertialrapport nr. 2 vart følgjande rapportert:

Forventa resultat

Det vert drifta noko høgt på løn. Men ein har redusert stillingar frå oppstart av nytt barnehageår, og det er vanskeleg å finna rom for ytterlegare nedskjeringar idag.

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding

Det rår likevel ein del usikkerheit til kor vidt ein skal klara finansiera ekstra lønsutgifter frå juli-oktober. Dette var ein periode med lågt barnetal i barnehagen. Og for å unngå oppseiingar, for så nokre månader seinare måtte gå til nyttilsetjingar igjen, så har ein behalde ressursane i mellomfasen og heller prøvd å unngå vikarbruk ved kortare eller lengre fråvær.

Ved restriktiv bruk av vikarar ut året, og dersom ein (ikkje offentleg) føresetnad vert oppfylt, så er det von om balanse ved årsslutt.

Meirforbruket kan forklarast slik:

Solund barnehage vart drifta med 3 avdelingar også hausten 2014, grunna signal om at det i driftsåret 2014/2015 ville koma til fleire nye barn til avdelingane både til hausten og i det nye året.

Ekstraressursen som var engasjert våren 2014, hadde rett på fast stilling i kommunen.

Seinhaustes kom det attende ein ressurs, der kommunen plikta å både løna denne ressursen og den engasjerte ressursen ut driftsåret.

Reduksjonane som ein meinte å kunne gjera, synte seg likevel å ikkje kunne gjennomførast utan direkte oppseiing og omplassering ville føre til meirutgifter ved andre avdelingar.

Sjukerefusjonar som var pårekna, vart ikkje på nivå med det ein trudde.

Brukarbetalingane vart noko meir redusert enn pårekna.

I tillegg til dette hadde ekstra reinhaldspersonell også rett på stilling, og kunne ikkje omplassert utan å påføre andre avdelingar den same kostnaden.

Samla sett kan ein seie at barnehagen vart drifta med om lag 1/1 stilling for mykje i driftsåret.

Dette syner også utviklinga i lønskostnadane frå året før.

Barnetalet var lægre i år 2014 enn året før. Inntektene falt meir enn stipulert utover i driftsåret.

Ein forsøkte å finna alternative løysingar til direkte oppseiingar, men lukkast ikkje.

Utviklingsprosjektet som nemnt i avsnitt 8.4.5 vart også starta opp for å prøva skapa nye inntekter på allereie eksisterande ressurs.

Frå og med 1/1 2015 driftar barnehagen med 0,9 stillingar mindre enn hausten 2014.

Søknad om prosjektilskot er sendt fylkeskommunen i det nye året.

Ein vonar difor å ha funne løysingar som gjer at drifta i år 2015 skal koma ut i balanse

Rekneskapen for ansvar 271 syner eit meirforbruk på kr. 475` i høve revidert budsjett.

8.5 Ansvar 300

NAV Solund

8.5.1 Talmateriale:

Periode	Tilsette - årsverk	Tilsette - tal	Merknad
2013	0,50	1	Navleiar

8.5.2 Organisering:

NAV Solund har einskapleg administrativ og fagleg leing. Navleiar har det felles administrative og faglege ansvaret for alle delar av NAV Solund si verksemd. Leiaren har ansvars- og styringslinjer til Solund kommune og Arbeids- og velferdsetaten, og forhold seg til begge eigarane. Solund kommune dekkjer 50% av lønskostnadane for leiarstillinga og 25% av driftskostnadane ved navkontoret.

8.5.3 Overordna mål:

Menneske i sosial naud får den hjelpa dei treng. Sosialtenesta vert involvert på eit så tidleg stadium at det gjev den einskilde eit godt grunnlag til å klare seg sjølv.

8.5.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

NAV Solund har i utgangspunktet to fast tilsettete. Leiar og rådgjevar. Begge i 100% stilling og begge er statleg tilsette. Solund kommune dekkjer 50% av lønsutgiftene for navleiar.

NAV Solund har ansvaret for Arbeids- og velferdsetaten sine tenester i Solund kommune. Dette omfattar dei statlege tenestene som til ei kvar tid er lagt til NAV-kontor.

Dei kommunale tenestene som per 2014 er implementert i NAV-kontoret er:

- Tenestere etter Lov om sosiale tenester i NAV:
 - Opplysning, råd og rettleiing
 - Rett til individuell plan
 - Midlertidig husvære
 - Økonomisk sosialhjelp
 - Økonomisk rådgjeving/gjeldsordning
 - Kvalifiseringsprogrammet.
- Tenester etter Helse- og omsorgstenestelova:
 - Særlege tiltak rusmiddelavhengige

Dei tilsette ved NAV-kontoret utfører oppgåver på både statleg og kommunalt fullmaktsområde.

I 2014 vart det gjennomført brukarundesøking ved alle NAV-kontora i Sogn og Fjordane. Det er svært gledeleg at undersøkinga, for tredje året på rad, viser at vesle NAV Solund er blant dei kontora med høgast skår av nøgde brukarar.

8.5.5 Økonomisk sosialhjelp

NAV Solund har motteke og handsama 25 søknadar om økonomisk sosialhjelp i 2014. Av dette er 13 søknadar knytt til krisehjelp livsopphald. Under 10 personar mottok økonomisk sosialhjelp i løpet av året. Dette er på nivå med året før. Det same gjeld for tilskotsnivået som vart ytt.

I år 2014 har vi hatt ein reduksjon i samla utbetaling av økonomisk sosialhjelp (bidrag og lån) på 14,53% i høve til 2013. Innvilga stønad er i hovudsak gjeve i form av bidrag. Det er innvilga eitt sosiallån. Ein person har i 2014 hatt sosialhjelp som einaste inntekt, men berre i ein månad.

8.5.6 Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigste verkemiddel i kampen mot fattigdom. Målet med programmet er å bidra til at fleire kjem i arbeid og aktivitet ved hjelp av tettare og mer forpliktande bistand og oppfølging - også i tilfelle der vegen fram kan vere relativt lang og usikker.

Personar i yrkesaktiv alder som har vesentlig nedsett arbeids- og inntektsevne og ingen eller svært begrensa ytingar til livsopphold kan ha rett til deltaking i programmet, jfr. § 29 i Lov om sosiale tjenester i NAV. Fyller ein person krava om rett til kvalifiseringsprogram, kan kommunen ikkje avslå søknaden grunna dårleg økonomi.

Tilskotet til kvalifiseringsprogrammet er no blitt ein del av rammetilskotet til kommunen. Det Grønne heftet” viser kva beløp som er tiltenkt kvalifiseringsprogrammet.

Frå statleg hald ligg det ei forventning om at kommunen, minimum, har ein deltakar i programmet. Det har ikkje vore aktuelle søkjarar til kvalifiseringsprogrammet i 2014.

8.5.7 Særlege tiltak rusmiddelavhengige

Ved etableringa av NAV-kontoret i 2008, valde kommunen å plassere rustenesta si ved NAV-kontoret. Statlege midlar til drifting av rusarbeidet i kommunane er frå 2013 innlemma i rammetilskotet til kommunane. I det ligg ei forventning om at kommunen budsjetterer midlar til rustenesta.

I 2014 vart det søkt om og innvilga statlege tilskot med kr 220.000,- til styrking av det kommunale rusarbeidet. Dette er prosjektmidlar som skal nyttast til stilling for ruskonsulent. Midlane vart ikkje nytta i 2014, og er tenkt overført til 2015. Planen er at ruskonsulent i 40% stilling skal tilsetjast på nyåret i 2015.

Frå 01.01.12 er Særlege tiltak rus ikkje lenger ei teneste etter Lov om sosiale tenester i NAV. Rustenesta er frå same dato teke inn i den nye Kommunale helse- og omsorgstenestelova. Denne lova ser Særlege tiltak rus meir som ei helse- og omsorgsteneste enn som ei sosial teneste. Jmfør kommunen sin Ruspolitiske handlingsplan, vart det i 2014 gjort ei vurdering av organiseringa av rustenesta i kommunen. Det vart konkludert med at ein såg det meir hensiktsmessig og tenleg at Særlege tiltak rus vart organisert under helse- og omsorgstenesta i kommunen. Ei slik organisering vil truleg også gje ei betre utnyttinga av dei tildelte prosjektmidlane til styrking av Solund kommune si rusteneste. Med dette som bakteppe er ansvaret for Særlege tiltak rus frå 01.01.15, bestemt lagt til helse- og omsorgstenesta i Solund kommune og organisert under helse- og omsorgsleiar sitt ansvarsområde.

8.5.8 ØKONOMISK RESULTAT:

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/2013	
Ansvar 300							
Sum inntekter:	-226 380	-226 000	-0	0,2 %	-449 362	223	-49,6 %
Sum mottekne avdrag sosiale lån: *	-26 148	-50 000	24	-47,7 %	-3 000	-23	7716 %
Sum utgifter:	889 973	976 000	-86	-8,8 %	1 138 809	-249	-219 %
Sum sosiale utlån: *	9 077	50 000	-41	-818 %	33 182	-24	-72,6 %
Netto driftsramme:	646 523	750 000	-103	-13,8 %	719 629	-73	-10,2 %

Rus (innvilga tilskot kr. 220' i år 2014 til prosjektmidlar stilling ruskonsulent)

Midlane er ikkje nytta i år 2014, og er overført til år 2015, Reduksjonen i driftsutgiftene frå år 2013 til år 2014, skuldast i hovudsak opphøyr av prosjektstillinga knytt til førebyggjande rusarbeid.

Økonomisk sosialhjelp (bidrag og lån)

Mindreforbruk netto sosiallån kr. -17'

Mindreforbruk sosiale bidrag kr. -36'

Kvalifiseringsprogrammet

Ingen brukarar av programmet i år 2014, gjev eit mindreforbruk på kr -50'

Sosialkontor

Andre driftskostnader er redusert i høve året før (-25`), men er i budsjettmessig balanse.

8.6 Helse- og omsorg 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373

Overordna mål:

Helse- og omsorgstenesta i Solund skal gje innbyggjarane eit trygt og fagleg godt tilbod, både når det gjeld førebygging, behandling og rehabilitering. Dette skal gjerast forsvarleg etter gjeldande lover og forskrifter, og innanfor dei økonomiske rammene vi har.

Vi skal ha ein god arbeidsplass der dei tilsette får utvikle seg og samarbeide om gode løysingar.

Ny helse- og omsorgsleiar blei tilsett i oktober. Avdelingsleiarane vart pålagt meir ansvar i overgangsperioden der tidigare leier slutta før ny leiar vart tilsett. Avdelingsleiarane viste solid kvalitet i arbeidet både i denne perioden og ellers. Helse- og omsorgstenesta har overteke ansvaret for ruskoordinator stillinga frå NAV.

8.6.1 Ansvar 310

Lækjartenesta

Organisering

På lækjarkontoret er det ein lækjar i 100 % (66,5+33,5), sjukepleiar i 60 % og hjelpepleiar/legesekretær i 60 %.

Overordna mål

I Solund skal innbyggjarane ha eit godt legetilbod. Solund legekontor har tilbod om time til alle listepasientar innan tre veker og tek imot pasientar med behov for øyeblikkeleg hjelp fortløpande(legevakt på dagtid). Det er og sett tid kvar veke for tilsyn på Solundheimen og kommunikasjon med heimetenesta og kvar tredje onsdag helsestasjonen.

Talmateriale

Ein gjennomgang viser at ein har i snitt ca. 29 listepasientar per veke (fordelt på ca. fem virkedagar) i tillegg har ein eit snitt på fem til ti pasientar til legevakt per veke.

I 2014 tok ein ca 700 blodprøver, hadde ca 1120 telefon henvendingar som førte til takst.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet

Det er i 2014 teke i bruk 24 timers blod trykks (24tBT) måling ved legekantoret. Ein har òg investert i Spirometri apparat som ein har god nytte av. Elektronisk resept ordninga fungera no fint. Ein har siste året hatt jamt fokus på elektronisk kommunikasjon via data og telefon, og ser at dette har teke mykje tid. Telefonsystemet på legekantoret er ikkje tilfredsstillande, og fører til mykje frustrasjon for tilsette og brukarar av tenesta.

Sjukefråvær

Det er stabilt personale ved lækjarkantoret og lite sjukefråvær.

Prosjekt/ investeringsprosjekt

- 24 timers blodtrykksmålingsapparat (24tBT)
- Spirometri apparat
- Utbetring av telefonsystemet

Mål for drifta 2015

I 2015 må vi ha fokus på elektronisk kommunikasjon med sjukehus og spesialisthelsetenesta

Det er stadig krav til nye funksjonar og arbeidsmåtar som krev at ein må ha jamn investering på denne fronten. Det må startast eit arbeid for å sjå på kva kostnader og investeringar vi står overfor for å

tilfredsstille krav som vert sett med tanke på kjernejournal, utveksling av informasjon, kommunikasjon og samhandling.

Ein ynskjer elles at det vert sett fokus på det ytre arbeidsmiljøet på kontoret som kontormøblar, arbeidsareal og temperatur i arbeidslokal.

Medisinske investeringar 2015

- Forstøverapparat til nytte i diagnostisering
- INR apparat for målingar ved legekontoret.

8.6.2 Ansvar 312.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Talmateriale

Periode	Tal på brukarar/elevlar 2014 * (2013)	Årsverk (2013)	Tilsette - tal
2014	2 nyfødde barn (5 barn født i 2013)	0,7 (0,6)	1
	31 (36) barn frå 0 til 6 år		
	93 (87) Barn 7 – 16 år, 1 – 10 klasse		
	38 (25) frå 17 til 20 år		

NB! Tal barn er for kalenderåret og ikkje skuleåret.

Organisering

Leiande helsesøster er administrativ leiar og helsestasjonslege er medisinsk fagleg ansvarleg. Tenesta gjev tilbod til alle born i alderen null til 20 år i kommunen og er delt opp i ulike tenestedområde som helsestasjons- / skulehelseteneste, og helsestasjon for ungdom (HSU) og adm oppgåve. Helsesøster har delegert tilleggsoppgåve som reisevaksinerings, førebygging og kontroll av tuberkulosearbeid i kommunen.

Overordna mål

Det vert arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte. I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eige helse. Kommunen har samarbeid med nabokommunen om jordmorteneste.

(Kommuneplanen for Solund 2008 – 2020, Samfunnsdelen)

Delmål

Mål for tenesta er å fremje fysisk og psykisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggje sjukdom og skade.

Sjukefråvær

Det har vore normal drift og ingen sjukemeldingar.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet

- Solund Kommune deltek i kartleggingsprosjekt av helsevanar, miljø og livsstil blant skuleelevar.
- Hausten. 2014 auka skulehelsetenesta trefftid for elevlar og tilsette ved skulen til kvar fredag kl. 11.20 – 13.30. På bakgrunn av årsets tema på Verdensdagen « Korleis førebygge negativt stress» har ein teke i bruk psykologisk førstehjelpsskrin i samarbeid med PPT, skule, barnehage og HAFS interkommunale barnevernsteneste.
- Ulykkes førebyggjande arbeid: Sparebanken Sogn og Fjordane, sponsa refleksvestar til alle fire årningar. Tenesta har uteleige av bilstolar og bilbelte for gravide.
- Smittevern: Årleg kampanje mot hovudlus x 2 kvart år.

- Internt i kommune har det vore jobbe med forbetringar og oppfølging av rutinar rundt førebygging av tuberkulosekontroll og nytilsette
- Elevar får tilbod om vekt og lengde måling i 3. og 8. klasse etter nasjonale faglege forskrifter for veging og måling i helsestasjon og skulehelsetenesta. Solund kommune manglar ekstraordinære tiltak for å hjelpe barn med høg BMI.

Kompetanseheving:

- Småbarnsdagane «følg meg på utviklingsvegen. « Frå svikt til omsorg»
- Fagdagar for helsesøstre «Kvardagsutordringar i helsestasjon- og skulehelsetenesta.
- Fagdag for Tuberkulose. Deltok saman med lege og legesekretær.
- Helsesøsterkongress i Stavanger. Tema - ungdom, overvekt, prevensjon, søvn mm.

Eventuelle prosjekt/ investeringsprosjekt

- Inntektsgivande arbeid vert inntektsført legekontoet
- Solund kommune fekk kr 100.000 i auka rammetilskot, som var «øyremerkt» helsestasjon- og skulehelsetenesta. (tilsvarande ca 20 % stilling). Kommunestyret valde å auka opp rammeområde og det vart m.a. prioritert å auka stillingstressursen ved tenesta med 10%.

Essensielle mål for drifta 2015

- Å få på plass handlingsplan mot overgrep og vald, i nære relasjonar
- Etablere ei ordning/rutinar jfr. nye nasjonale faglege retningslinjer for barselomsorgen der ein tilbyr heimebesøk av jordmor i løpet av dei 3 fyrste døgna etter heimreisa
- IKT-målet er få etablert ein papirfri journal. Det datatekniske må på plass for at målet kan verta nådd.
- Forbetring av varmeregulering i lokala
- Oppretthalde og vidareutvikle ei god helsestasjons- / skulehelseteneste.

8.6.3 Ansvar 360

HAFS interkommunale barnevernteneste, Solund

Talmateriale

Teneste- Ansvar	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik
24410 Drift HAFS interkom. bvt.	262 020	313 000	-50 980
25100 Tiltak i heimen	109 897	213 000	- 103 103
25200 Tiltak utanfor heimen	197 593	199 000	- 1 407
Sum			

Organisering

HAFS interkommunale barnevernteneste er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund som vart oppretta 1.april 2006. Tenesta arbeider etter barnevernlova og oppgåvene omfattar barnevernadministrasjon, førebyggjande arbeid for born og unge saman med andre instansar, og tiltak for born, både i heimen og i fosterheim.

Tenesta har 5,5 sakshandsamarstilling og 1 tiltaksstilling. I tillegg har Askvoll og Fjaler ei 0,5 tiltaksstilling kvar. Kompetansen frå tiltaksstillinga blir også nytta i Solund og Hyllestad ved behov og då refundert til Askvoll og Fjaler. Det er tilsett fagutdanna i alle stillingane i barneverntenesta. 1,3 stilling vert refundert av Fylkesmannen som ein del av den nasjonale styrkinga på det kommunale barnevernet. Midlar til 0,5 stilling vart innvilga av Fylkesmannen våren 2014, det resterande er midlar vidareført frå tidlegare år.

Mellom anna på grunn av auken midlar til tiltaksstilling frå Fylkesmannen, har det ikkje vore naudsynt for Solund å kjøpe tiltaksteneste frå Askvoll og Fjaler i 2014.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet

Ved utgangen av året hadde HAFS interkommunale barnevernteneste 81 born i tiltak. 76 av desse er i hjelpetiltak, 6 born i fosterheim og 2 born i etterverntiltak. I tillegg er det mange undersøkingar i gang, som krev mykje stillingsressursar. Solund har i 2014 9 born i tiltak. 1 av desse er plassert i fosterheim og 8 i hjelpetiltak. I 2014 fekk barneverntenesta totalt 45 bekymringsmeldingar (50 i 2013). 4 av desse gjaldt born i Solund. Meldingane i Solund kom frå helsestasjon (2), barneverntenesta (1), skule (1).

Eventuelle prosjekt og resultatvurderinga

Vi er opptekne av å kunne bygge den nødvendige kompetansen vi treng i barneverntenesta internt. Vi ser at det å vere ei interkommunal teneste, med fleire tilsette fører til meir variert kompetanse. I 2014 har vi hatt særleg fokus på å besøke skulane i HAFS og informere om barneverntenesta. Det er eit mål for oss å komme tidleg inn i høve desse borna for å kunne førebygge større vanskar og vi har positive opplevingar av å treffe skular og barnehagar på denne måten. Vi har hatt tre tverrfaglege møte i våre fire kommunar som planlagt. Det var ikkje registrert fristbrot i Solund i 2014 og det var heller ingen klagesaker.

Teneste 24410 *Interkommunalt barnevern* syner ei innsparing på kr 43` for Solund.

Innsparinga kjem hovudsakleg av eit mindreforbruk på løn blant anna på grunn av vakanse i ei stilling i haust. I tillegg er det ei generell innsparing på fleire mindre poster.

Teneste 25100, *tiltak i heimen viser rekneskapen* viser ei innsparing på kr.100` på tiltak i heimen.

Dette kjem hovudsakleg av at ein har hatt ein redusert bruk av besøksheim/avlasting i nokre saker, samtidig som det ikkje har vore naudsynt å kjøpe inn tiltaksteneste frå Fjaler og Askvoll i 2014.

Teneste 25200, *tiltak utanfor heimen viser* er i balanse.

Denne posten er knytt til barn i fosterheim. Tiltak som har var budsjettert har også vore i verksett.

Essensielle mål for drifta framover

Som også skrive i årsmelding 2013 har det dei siste åra skjedd ei endring i behovet for kompetanse i den kommunale barneverntenesta. Bufetat reduserer kraftig sitt tilbod av tiltak til kommunane og barneverntenestene må både auke kompetanse og bygge opp eit meir omfattande tiltaksapparat. Dette er eit krevjande arbeid som må gå over tid. Barneverntenesta må bygge vidare på sin kompetanse internt, i tillegg til at ein framleis vil ha bruk for gode oppdragstakarar som kan ta på seg avgrensa oppdrag i kommunane for å utføre enkelte tiltak. Å sikre at vi har den nødvendige kompetansen til ein kvar tid er eit mål for tenesta.

Barneverntenesta har som hovudmålsetjing at born og foreldre som vi arbeider med skal oppleve barneverntenesta som ei god teneste som gjev rett hjelp til rett tid. Tverrfagleg samarbeid er svært viktig for å yte gode tenester for dei borna og familiane barneverntenesta er i kontakt med. Eit par skular gjenstår i høve infomasjonsrunda vår og vi har som målsetting å vere innom alle skular før sommaren 2015.

Vi skal halde fram med tre tverrfaglege møte i kvar av dei fire kommunane, og sette av tid til drøfting av enkeltsaker. Vi skal arbeide med rutinar og internkontroll i tenesta opp i mot nytt nettbasert internkontrollsystem, Risk Manager, for å sikre gode tenester.

8.6.4 Ansvar 370

Psykisk helseteneste

Talmateriale

Kvartal/periode	Tal på brukarar 2014 (2013)	Tilsette – årsverk 2014 (2013)	Tilsette - tal	Merknad
2014	10- 15 (10-15)	0,3 (0,4) * 0,1 vakanse	1	Leiar
	5 (5)	0,2 (0,2)	1	Aktivitør
	6 (5)	0,7 (0,3)	7 stk. på timebasis	Treningskontakt / støttekontakt/ oppdragsavtale

* Leiar har 03, stilling totalt administrative oppgåve og sjukepleie oppgåve

Organisering

Leiar for tenesta er administrativ leiar i 0,3 storleik fordelt på 8 timar i veka fordelt på to dagar. Årsaka til 0,1 stilling vakanse er at helsesøster innehar begge stillingane og fekk auka si stilling som leiande helsesøster. Leiar for tenesta er også koordinator for psykososialt kriseteam.

Overordna mål

Det vert arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte. I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eige helse (Kommuneplanen for Solund 2008 – 2020, Samfunnsdelen).

Delmål

Solund Kommune skal sikre at innbyggjarane med psykisk lidning får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod uavhengig av alder. Tenesta skal vere eit lågterskeltilbod og der nødvendige samordna tiltak kan starte straks.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet

Tenesta tilbyr støttesamtale, ansvarsgruppe, Individuellplan (IP) og tverrfaglig samarbeid med ulike instansar, oppdragsavtalar, treningskontakt, støttekontakt. Kvar onsdag er arbeidsstova *Flittige Hender* bemanna med aktivitør, men brukarane kan kome kvar dag. Ein får tilbod om måltid, ein kan gjere handarbeid/ handverk eller bare ein plass å vere for å kome saman med andre. Ei utfordringa er at vi manglar kontinuitet i treningskontakt- og støttekontaktordninga grunna sjukemeldingar, vakanse og liten ressurs hos leiar til å følge opp vedtak. Konsekvensane er lengre ventetid, mindre tilgjengeleg for brukarane og det er liten tid til tverrfagleg samarbeid.

Kompetanseheving:

- Samhandlingsmøte mellom kommunehelsetenesta i Sunnfjord og Ytre Sogn og Ytre Sogn og Psykiatrisk klinikk, Helse Førde.
- Psykiatrisk klinikk. Tema « Den vanskelege ventetida»

Gjennomførte tiltak/prosjekt

Markering av verdensdagen for psykisk helse med tema «kvardagsstress og psykisk helse – sjå kvarandre, senk skuldrene». Dette vart gjennomført med innføring i psykologisk førstehjelp ved Solfrid Raknes, psykologspesialist ved Voss sjukehus. Nabokommunane vart invitert, samt at Solund kommune stilte tverrfagleg. Dagen vart også markert på arbeidsstova *Flittige hender* og som en del av ei treningsøkt i samarbeid med Solund idrettslag.

Essensielle mål for drifta 2015

- Organisere tenesta slik at 0,1 st vakanse kjem tenesta til gode til det beste for brukarane
- Ei betre organisering av tilbod om støttekontakt og treningskontaktane
- IKT med mål om ein papirfri journal.

8.6.5 Ansvar 370 , 372, 315

Heimehjelp (370), PU (315) og heimesjukepleie (372, 370)

Talmateriale

Kvartal/periode	Tilsette – tal	Tal på brukarar	Merknad
2014	11		
		15	Tilsyn 2 til 3 gonger per dag
		14	Tilsyn 1 til 2 gonger i uka
		8	Tilsyn ved behov eller i en periode f.eks.1 til 2 tilsyn kvar 4 veke

Organisering

Tenesta gjev hjelp til brukarar rundt om i kommunen og i omsorgsbustader. Heimetenesta yter best mogleg teneste ut i frå de ramane og ressursane ein har til rådighet i eininga. Ein har dette året vore restriktiv med å nytte vikarar. I periodar, når drifta har tilet det, har ein gått med ein person mindre på dagtid. Det har spesielt vore mangel på sjukepleier kompetanse. Dette er noko som kan gå utover kvaliteten på tenesta. Talet på telefonsamtaler til avdelinga har merkbar auka dette året. Heimetenesta samarbeider med legen når det gjeld båtskyss og tenester til brukarar på øyane. Tenester til psykisk utviklingshemma (PU) i kommunen har vore organisert under heimetenesta. Dette fortsett vidare framover.

Overordna mål

Det blir arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte. Menneske i sosial naud skal får den hjelpa dei treng (Kommuneplan – Samfunnsdel, 2008-2020).


Skildring av vanleg drift/ aktivitet

I 2014 starta heimesjukepleien med eit førebyggjande tiltak i Solund kommune der alle 75 åringar i kommunen får heimebesøk løpet av året de fyller 75. Målet er å igangsette tiltak som kan bidra til å forebygge mot fall, skader, brann og andre ulykker heimen til eldre. Videre har det også blitt gjennomført forflytningskurs og forebyggjande trykksår 16.01.14.

Heimesjukepleien og Solundheimen har i år innført elektroniske timelister og alle tilsette har fått opplæring i bruken av Visma Ressursstyring. Frå å ha separate turnusar for Solundheimen og heimesjukepleien, har ein frå september begynt med felles turnus mellom avdelingane. Dette samarbeidet kjem til å verta prøvd ut vidare framover. Nytt for året er også at helse og omsorgstenesta har begynt med e-meldingar. Det vil sei at ein mottar meldingar på eit internett frå Helse Førde samt andre helseføretak. Dette let kommunikasjonen med spesialisthelsetenestene og kommunehelsetenestene bli meir effektiv og ein får ein kontinuitet i samarbeidet. Solund kommune er kome godt i gang med dette arbeide samanlikna med andre kommunar i Sogn og Fjordane. Vidare er heimeteneste sentral i utviklinga av tenesta *kvardagsrehabilitering* i kommunen. Planen er å starte opp tenesta i 2015.

Sjukefråvær

Ein har også dette året har nokre langtidssjukmeldingar, og i nokon grad eigenmeldt sjukefråvær. Dei langtidssjukemelde gjev svært store utslag på statistikken under.



Prosjekt/ investeringsprosjekt

- Heimetenesta har sidan 2012 arbeida for å pusse opp vaktrommet. Dette må sjåast på som ei investering som kan bidra til å skape betre arbeidsmiljø og arbeidsro.
- Heimetenesta har redusert til ein bil i si teneste.
- Forprosjektet for bygging av nye omsorgsbustadar er i gong.

8.6.6 Ansvar 370

Helse- og omsorgsteneste institusjon/ Solundheimen

Talmateriale

Kvartal/periode	Tal pasientar	Tilsette - årsverk	Tilsette - tal	Merknad
1.tertial	88,44%			
2. tertial	84,15%			
3.tertial	90,11%			
Gjennomsnitt 2014	87,56%	16,42	25	* Behov for 28 tilsette , 1,32 årsverk ubesatt

* Tal på årsverk og tilsette er henta frå ny grunnturnus september 2014. Det er felles grunnturnus med heimetenesta og det vart på den turnusen spart inn ca 0,55 årsverk. Ca 0,30 årsverk av dette var på Solundheimen.

Overordna mål

Helse-ogomsorgseininga er drifta etter LEON-prinsippet. Menneske som er hjelpetrengande vil få tilbod om plass på Solundheimen dersom naudsynt (Kommuneplan – Samfunnsdel, 2008-2020).

Organisering

Solundheimen har ein tredelt turnus. Der er alltid ein sjukepleiar på vakt (enten på vakt eller som heimevakt). Så langt det lar seg gjere, lar ein ikkje sjukepleiar gå aleine med assistentar, det bør vere minst ein hjelpepleiar på vakt samstundes.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet


Solundheimen har døgnyrtmeplan som ligg til grunn for den daglege drifta. I tillegg forhold ein seg til dei rutinar som ligg til grunn på avdelinga. Solundheimen har ei stor utfordring med sjukepleiardekninga. Dette har tidvis ført til store utgifter, grunna innleige av vikarbyrå. Det er ei utfordring for oss å få tak i sjukepleiarar som kan gå i turnus, spesielt er helgane og kveld/natt sårbare med mykje press på bakvaktene. I tillegg har ein tidvis høgt sjukefråvær som igjen fører til utgifter i innleige av vikar. Ein arbeider for å styrke den kunnskapen tilsette i eininga har som for eksempel, det å etablere et fast demensteam, styrke kreftomsorgen og oppstart av kverdagsrehabilitering.

Eventuelle prosjekt/ investeringsprosjekt

- Sansehage på Solundheimen etablert sommaren 2014. Denne vart dekkja av Gåvefondet til Solundheimen. Kr. 100` vert dekkja av ekstraløyving på prosjekt Uteområde Solundheimen
- Solundheimen fekk installert ny heis
- Sengekle og handukar vart også kjøpt inn til avdelingane
- Personalkle vart også kjøpt inn
- Det er i år 2014 køyrt eit driftsprosjekt der turnusprogram og lønssystemet vert kopla saman. Dette vil fjerne dei manuelle timelistene og redusere feilkjelder på lønsutbetalingar. Dette skal gje meir rasjonelle arbeidsprosessar, og betra oversikt over økonomi og ressursbruk

Sjukefråvær

Ein har også dette året har nokre langtidssjukmeldingar, og i nokon grad eigenmeldt sjukefråvær. Dei langtidssjukemelde gjev svært store utslag på statistikken under.



8.6.7 Ansvar 370, 373

Vaskeri (370), reinhald (370) og kjøkken (373)

Organisering

Kjøkkensjefen har driftsansvar og personalansvar for kjøkkentenesta, vaskeri og reinhald.

Overordna mål

Driftsavdelinga bidrar til at bebuarane på Solundheimen og innbyggjarane i Solund få et tilbod om ein verdig kvardag. Kjøkkentenesta tilbyr heimelaga mat og legg vekt på at brukarane skal ha et mat tilbod der ei god matoppleving står sentralt i arbeide.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet

Kjøkkenet har hatt noko mindre sal av mat en budsjettert. Vaskeriet har fått pålegg i frå hygienesjukepleier å skille mellom rein og skitten sone på vaskeriet. Ein skiljevegg er påtenkt og sette opp i 2015. Både kjøkkenet og vaskeriet har hatt ekstra belastning i dei vekene heisen var under ombygging på Solundheimen. De har i denne perioden vist innsatsvilje og var løysingsorienterte for å finne ein måte å fortsette drifta på, dette på trass av forholda.

Prosjekt/ investeringsprosjekt

- Ny vaskemaskin til vaskeriet blei kjøpt
- Nytt dekketøy og bestikk vart kjøpt inn til

Essensielle mål for drifta 2015

- Ny tralle med hevbar bund var tenkt å kjøpe inn til vaskeriet. Men det vart ikkje noko av.

8.6.8 ØKONOMISK RESULTAT for ansvar 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373:

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/2013	
Ansvar 310							
Sum ordinære inntekter:	-1 817 079	-1 992 000	175	-8,8 %	-2 142 966	326	-15,2 %
Sum ordinære utgifter:	5 138 894	4 942 000	197	4,0 %	5 150 054	-11	-0,2 %
Netto driftsramme:	3 321 815	2 950 000	372	12,6 %	3 007 088	315	10,5 %
Ansvar 312							
Sum ordinære inntekter:	-10 507	-18 000	7	-416 %	-13 643	3	-23,0 %
Sum ordinære utgifter:	407 395	393 000	14	3,7 %	309 141	98	31,8 %
Netto driftsramme:	396 888	375 000	22	5,8 %	295 497	101	34,3 %
Ansvar 315							
Sum ordinære inntekter:	4 858	5 000	-0	-2,8 %	-180 448	185	-102,7 %
Sum ordinære utgifter:	810 699	795 000	16	2,0 %	2 115 198	-1 304	-61,7 %
Netto driftsramme:	815 557	800 000	16	1,9 %	1 934 750	-1 119	-57,8 %
Ansvar 360							
Sum ordinære inntekter:	-49 300	-42 000	-7	17,4 %	-1 260	-48	3812,7 %
Sum ordinære utgifter:	627 249	767 000	-140	-18,2 %	673 169	-46	-6,8 %
Netto driftsramme:	577 949	725 000	-147	-20,3 %	671 909	-94	-14,0 %
Ansvar 370							
Sum ordinære inntekter:	-4 101 666	-3 984 000	-118	3,0 %	-3 581 396	-520	14,5 %
Sum ordinære utgifter:	22 141 329	21 159 000	982	4,6 %	20 279 535	1 862	9,2 %
Netto driftsramme:	18 039 664	17 175 000	865	5,0 %	16 698 138	1 342	8,0 %
Ansvar 371							
Sum ordinære inntekter:	-99 275	-98 000	-1	1,3 %	-107 439	8	-7,6 %
Sum ordinære utgifter:	406 259	323 000	83	25,8 %	340 687	66	19,2 %
Netto driftsramme:	306 984	225 000	82	36,4 %	233 249	74	31,6 %
Ansvar 372							
Sum ordinære inntekter:	-48 958	-48 000	-1	2,0 %	-56 479	8	-13,3 %
Sum ordinære utgifter:	417 171	423 000	-6	-14 %	425 725	-9	-2,0 %
Netto driftsramme:	368 213	375 000	-7	-1,8 %	369 246	-1	-0,3 %
Ansvar 373							
Sum ordinære inntekter:	-296 035	-295 000	-1	0,4 %	-272 102	-24	8,8 %
Sum ordinære utgifter:	560 090	545 000	15	2,8 %	495 597	64	13,0 %
Netto driftsramme:	264 056	250 000	14	5,6 %	223 495	41	18,1 %
Ansvar 310,312,315,360,370,371,372,373							
Sum ordinære inntekter:	-6 417 962	-6 472 000	54	-0,8 %	-6 355 734	-62	1,0 %
Sum ordinære utgifter:	30 509 087	29 347 000	1 162	4,0 %	29 789 106	720	2,4 %
Netto driftsramme:	24 091 126	22 875 000	1 216	5,3 %	23 433 372	658	2,8 %

8.6.8.1 Spesifikasjon / kommentarer avvik:

Det har vore vanskeleg å legge budsjettet der det høyrer heime, sidan det har foregått så mykje organisasjonsjusteringar, permanente så vel som mellombelse.

Her er dei mest vesentlege avvika lista opp.

Ansvar 310 – helse og sosial:

- | | | |
|---|---------------|--|
| Kjøp av båttransporttenester Fylkeskommunen | - 100` | Vesentleg auke - ikkje budsjettert |
| Lønsutgifter lækjarteneste | - 150` | Uforutsett auke frå år 2013 |
| Reduksjon brukarbetalingar | - 25` | |
| Andre utgifter | - 50` | herunder auka kostnader gjesteinnbyggjarar |
| Skjenkekontroll | - 35` | auka utgifter og reduserte inntekter |
| Andre utgifter | - 12` | herunder interkommunal lækjarvakt |
| Ansvar 310 - Sum avvik | - 372` | |

Ansvar 312 – Helsestasjon- / skulehelseteneste	- 22`	Redusert inntekt – jf. justering i år 2015
Ansvar 315 – PU-tenesta	- 16`	Netto lønskostnad
Ansvar 360 – Barnevernstenesta	- 147`	Reduserte kostnader kjøp av tenester

Ansvar 370 – Pleie- og omsorg

Auka kjøp av tenester vikarbyrå	- 200`	
Auka lønskostnad Solundheimen	- 550`	Herav auka overtid 200`
Auka lønskostnader kjøkenteneste	- 50`	Vikarløn og overtid
Auka lønskostnader heimesjukepleie	- 100`	Fastløn og overtid
Auka lønskostnader heimhjelp	- 60`	
Auka andre driftskostnader	- 125`	Innkjøp programvare – nye driftsavtalar
Auka brukarbetalingar	+120`	
Redusert kostnad samhandlingsreform	+100`	
Ansvar 370 - Sum avvik	- 865`	

Ansvar 371 – Avdelingsleiar Solundheimen	- 82`	Medikament og leasingbil
Ansvar 372 – Avdelingsleiar heimetenester	+ 7`	
Ansvar 373 – Avdelingsleiar kjøkenteneste	- 14`	Auka kjøp av matvarer

Sum avvik heile Helse og omsorg - 1.216

8.6.8.2 Administrasjonssjefen sine kommentar til det totale avviket:

Samla sett er det nytta vikarbyråtenester for om lag 1,0 mill. mot 0,15 mill. år 2013. Vikarbyråtenester er 2-3 gonger dyrare enn om ein driftar med eigne ressursar.

Den vanskelege ressursituasjonen, der det har mangla fagpersonell i pleien, har ført til store utbetalingar av overtid (også i år 2013).

Denne kostnaden er 0,5 – 1 gonger dyrare enn om ein driftar normalt.

Utsifting av leiarskap, der leiarfunksjonen vart løyst mellombels, har saman med at økonomistyringsressursen i kommunen vart nytta til innføring av eigedomsskatt, ført til at kostnadskontrollen og støtte/oppfølgjinga frå administrasjonen vart lægre enn ynskjeleg.

Opphavleg budsjett la opp til vesentlege reduksjonar i helse- og omsorg, sidan både omstrukturingsarbeidet og naturlege reduksjonar i behovet for ressurskrevjande tenester oppstod på same tid.

Det oppstod dermed ein overtallig-situasjon, og den einaste måten å redusere drifta kortsiktig på, var å gå til direkte oppseiingar. Då ville dei yngste og/eller sist tilsette arbeidstakarane verta mest berørt.

Naturlege avgangar var i tømnda og ein valde å avvente med direkte oppseiingar.

Det vart sett i verk utarbeiding av ny turnus, der overtalligheita i utgangspunktet vart gjort noko med. Dette gav mindre reduksjonar på tampen av driftsåret, men det vil verte ytterlegare reduksjonar i året som kjem, etter som heilårsverknader slår til og naturlege avgangar oppstår.

Fagpersonell er komen på plass og det ligg ikkje an til bruk av vikarbyrå i år 2015.

Det er vanskeleg å unngå overtidsbruk, men det ligg an til å få til ei betre styring av ressursbruken enn tidlegare år, sidan ein i år 2014 har kopla saman turnusplanlegginga, med lønssystemet i kommunen.

8.6.8.3 Utviklinga i netto ramme for Helse- og omsorgssektoren:

Som det går fram av tabellen ovanfor så har samla nettokostnader for helse- og omsorg auka med om lag 0,65 mill. dette er ein vekst på 2,8% frå året før, noko som er mindre vekst enn den kommunale deflatoren skulle tilseie (3,0%). Men det må då takast høgd for ein vesentleg reduksjon i behovet for ressurskrevjande brukarteneste frå år 2013 til år 2014 (-1,1 mill.)

Det vart i reviderte budsjett lagt inn ein reduksjon på -2,4% i ramma, som følgje av både redusert tal brukarar, meir rasjonell drift og opphøyr av tenester mot ressurskrevjande brukar.

8.6.8.4 Vurdering av framtidig driftsnivå for heile Helse- og omsorg:

Ramma for år 2015 er samla sett på 21,4 mill. Dette er -2,0 mill. lægre enn faktisk netto driftskostnader i år 2013 (ikkje budsjett).

I år 2013 vart PU-tenesta drifta med 2,0 mill. Samhandlingsreforma med 1,0 mill.

I år 2015 er PU-tenesta redusert med -1,6 mill. Kostnader Samhandlingsreforma er opphøyr -1,0 mill. Netto korrigert endring gjev etter dette at Helse- og omsorg har fått ein nettoauke i ramma frå år 2013 til år 2015 på 0,4 mill.

Tek ein høgd for deflatoren (3,0%), så vert realveksten frå år 2013-2015 (0,6 mill. pr. år), omgjort til ein reduksjon på om lag -0,8 mill. Dette gjeld heile helse- og omsorgssektoren.

8.6.8.5 Konklusjon:

Administrasjonssjefen vurderer det slik at om ein kan drifta utan vikarbyrå og med alt fagpersonell på plass med ditto reduserte overtidskostnader dette gjev i drifta, og om ein at naturlege avgangar vert effektuert slik det ligg an til, så skulle dette borga for ei drift på nivå med det som er vedteke som ramme for år 2015.

8.7 Ansvar 400, 600, 601 og 620

Plan og Utvikling

8.7.1 Ansvar 400:

Organisering:

Eining med einingsleiar direkte underlagt adm. sjef.

Overordna mål:

Overordna mål framgår av kommuneplanen for Solund 2008 – 2020 Samfunnsdelen. Vedteken i Solund kommunestyre 20.04.2010.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

Næringsutvikling:

2014 har vore eit år prega av endring og omstilling innan næringsarbeidet i Solund. Det har i 2014 pågått ein prosess for å etablere eit tettare samarbeid om næringsutvikling i HAFS, der resultatet vart vedtak om skiping av HAFS-Utvikling AS.

Solund kommune hadde i 2014 framleis avtale med SNU AS om ulike prosjektoppgåver. Sidan dagleg leiar i SNU AS slutta i jobben i april vart desse oppgåvene løyst med innleigde ressursar i SNU.

Solund kommune har i 2014 forvalta næringsfondet. Det kom inn 24 søknader om næringsstilskot og næringslån i 2014. 11 av desse vart handsama i 2014, medan 13 vart liggjande over til handsaming i 2015.

Søknader om tilskot og lån til næringsføremål							
År	Søknader	Søknadsbeløp	Tilskot		Lån		Næringsfond overf. til neste år
			Saker	Sum	Saker	Sum	Saldo
2014	24	2 572 500	9	345 000	2	300 000	737 300
2013	30	1 742 358	40	988 880	4	513 000	239 135
2012	25	1 627 280	24	735 318	1	200 000	563 427
2011	28	4 729 568	17	771 500	2	260 000	630 378
2010	31	3 665 000	17	690 316	5	1 250 000	102 214
2009	20	3 491 625	16	581 875	2	480 000	141 999

Kultur og friluftsliv

Solund kommune har i 2014 jobba med å ferdigstille kystarventurstiar med merking og skilt.

Kystledestinasjonen på Litle Færøyna vart fullført i 2014. *Prosjektet Kystarven* vart formelt avslutta hausten 2013, men det står att ein del praktisk arbeid som skal fullførast fyrste halvår 2015.

Sommaren 2014 vart tredje del av eit større opprustingsarbeid på Utvær fyrstasjon gjennomført. Prosjektet vert gjort i samarbeid med Vener av Utvær og Kystverket.

Solund skatepark fekk tilskot frå spelemidlane i 2014, og prosjektet vert ferdigstilt våren 2015. Det har i 2014 vorte jobba saman med Solund idrettslag for å kome få realisert planane om kunstgrasdekke på Solund idrettspark.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Solund kommune				Fallvilt		
År	Kvote (stk)	Felte dyr (stk)	Felte dyr (%)	Meldingar	Hjort	Anna vilt
2014	216	80*	37*	0	0	0
2013	242	143	59,1	11	8	1 oter 1 Havørn 1 hønehaug
2012	241	137	56,8	3	2	1 oter
2011	239	139	58,2	1	1	0
2010	243	162	66,7	2	2	0
2009	230	173	75,2	5	4	1 Havørn
2008	225	158	70,2	3	1	2 Oter
2007	227	162	71,4	8	7	1 Oter
2005	189	127	67,2			
2003	200	151	75,5			

*Avskytinga av hjort i Solund er enno ikkje klar, grunna sein innmelding av fellingstal frå fleire store vald. Vi har eit vald med godkjent bestandsplan.

Veterinærtenester

Hyllestad kommune administrerer veterinærtenestene for vakt-distriktet, kommunane Fjaler, Hyllestad og Solund. 3 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga. Men dei siste åra har ikkje tilskotet dekt heile kostnaden, slik at kommunane har fått litt utgifter til dette.

Landbruk:

Innan landbruk har ein hatt mellombels tilsett i 2014. Aktiviteten frå 2013 har vore vidareført i 2014.

Kommunestyret har slutta seg til etablering av felles landbruksavdeling i HAFS, med node i Solund. Det haster med å få ei avklaring om dette kjem på plass eller ikkje slik at ein kan ha ei fast ordning for landbruksforvaltninga i Solund frå 2. halvår 2015.

Planarbeid:

	2012	2013	2014	
Godkjende reguleringsplanar	7	4	2	Hyttefelt Hardbakke - Klubben, Industriområdet Sponevika.

I tillegg har det vore halde eit oppstartmøte for reguleringsplan hyttefelt Stølsvika.

Bygge- og delingssaker:

	2011	2012	2013	2014
Antall saker	100	61	76	58
Heilårsbustader	2	1	0	1
Fritidsbustader	8	2	3	4
Andre*	64	32	52	20
Deling	7	14	7	9
Dispensasjonar	19	12	14	24

* Garasjer, uthus, naust m.m.

Kart, oppmåling og geodata:

År	Journalførte rekvisisjonar oppmålingsforretning	Ferdighandsama saker
2014	9	7
2013	19	18
2012	17	13
2011	19	22
2010	22	19
2009	19	27
2008	33	43

Tabellen viser at tal saker vore lågare vesentleg lågare i 2014 enn åra før. Dette kan ha samband med at det ikkje har vore etablert nye hyttefelt eller bustadfelt.

Beredskap

For brann og beredskap vert det utferda eiga årsmelding etter mal frå direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

Brannvernet har etterslep i høve til krava til kompetanse i den nye dimensjonerings- forskrifta.

Arbeidet med innføring av nytt naudnett har pågått i 2014.

Innan førebyggjande brannvern har ein som tidlegare år prioritert opplæring og motivasjon i skule og barnehage i tillegg til lovpålagte tilsyn. NGIB – Nordhordland og Gulen Interkommunale brannførebyggjande avdeling har utferda eiga årsmelding.

Oppsummering/spesielle høve.

To tilsett var langtidssjukmelde i 2014. Dette var ei stor utfordring for administrasjonen. Ein greidde likevel å løysa dette med ekstra innsats frå dei øvrige tilsette og god fleksibilitet/samhandling i organisasjonen. Oppgåvene var av slik art at det var vanskeleg å ta inn vikar.

Kommentarer til avvik:

Tal plansaker har vorte redusert i høve til tidlegare år. Gebyrinntekta vart lågare enn budsjettert då få planar var komne i ein fase som løyste ut krav om gebyr. Den som har plansak som arbeidsområde utførte arbeid med tilrettelegging for eigedomsskatt delar av 2014.

Området byggjesak hadde høgare gebyrinntekt enn budsjettert grunna høg aktivitet.

Landbruksforvaltning fekk lågare utgift enn budsjettert då ein hadde mellombels tilsett i berre 30% stilling.

Naturforvaltning og friluftsliv fekk overskot grunna refusjon i samband med prosjekt som har vore gjennomført.

8.7.2 Ansvar 600:

Tekniske tenester, sjølvkosttenester

Utgiftene ligg innanfor budsjettramma.

Det er verd å merka seg at sjølvkostrekneskapen for «Vatn» syner eit underskot på kr. -33` i driftsåret. Det samla akkumulerte underskotet på dette sjølvkostområde, er no på kr.-168`.

Dette underskotet skulle vore dekkja av eit reguleringsfond, om der var midlar å hente der. Når så ikkje er tilfelle, kan politisk nivå vurdere å auke vassavgifta om dei ynskjer finna inndeckning for dette underskotet.

Overskot/underskot frå drifta av sjølvkostområda er elles korrigert mot utjamningsfond i den grad desse eksisterer.

8.7.3 Ansvar 620:

Bygg og anlegg

Korleis arbeidet og utgiftene fordeler seg i driftsåret, kan variere mykje i høve opphavlege planar og detaljbudsjett. Ein forsøker å vera fleksibel og innsatsen vert tilpassa røynda når akutte behov oppstår. Den samla drifta har vore innanfor budsjettramma i 2014.

Det er framleis etterslep på vedlikehald grunna for små løyvingar til vedlikehald over mange år.

I 2014 har det vore mange driftsavvik på veg- og kailys grunna vêrtilhøva.

I tillegg har det vore auka utgifter grunna nye anlegg som har kome til.

Det har vore ein del innsparringar på vegvedlikehald.

Eit prosjekt «**Utviding av vegskuler f.v. 606 Krakhella**» vart gjennomført og ferdigstilt kring årsskiftet 2014/2015. Arbeidet vart finansiert med refusjon frå Statens vegvesen. Dette er ein god modell for å få gjennomført mindre, men heit naudsynte utbetningsarbeid på fylkesveg.

8.7.1.4 ØKONOMISK RESULTAT ansvar 400, 600, 601 og 620:

	R - 2014	RB - 2014	Avvik R vs. RB		R - 2013	Endr. 2014/2013	
Ansvar 400							
Sum inntekter:	-3 508 970	-3 735 000	226	-6,1%	-5 569 477	2 061	-37,0 %
Sum utgifter:	5 384 577	5 785 000	-400	-6,9 %	7 412 346	-2 028	-27,4 %
Netto driftsramme:	1 875 607	2 050 000	-174	-8,5 %	1 842 869	33	1,8 %
Ansvar 600							
Sum inntekter:	-2 566 581	-2 531 000	-36	14 %	-2 545 034	-22	0,8 %
Sum utgifter:	3 521 486	3 581 000	-60	-1,7 %	3 510 087	11	0,3 %
Netto driftsramme:	954 904	1 050 000	-95	-9,1 %	965 053	-10	-1,1 %
Ansvar 601							
Sum inntekter:	-11 529	-12 000	0	-3,9 %	-5 193	-6	122,0 %
Sum utgifter:	61 137	62 000	-1	-1,4 %	31 656	29	93,1 %
Netto driftsramme:	49 608	50 000	-0	-0,8 %	26 463	23	87,5 %
Ansvar 620							
Sum inntekter:	-2 028 413	-1 888 000	-140	7,4 %	-1 697 220	-331	19,5 %
Sum utgifter:	6 001 595	5 863 000	139	2,4 %	6 046 488	-45	-0,7 %
Netto driftsramme:	3 973 181	3 975 000	-2	0,0 %	4 349 268	-376	-8,6 %
Ansvar 400, 600, 601, 620							
Sum inntekter:	-8 115 494	-8 166 000	51	-0,6 %	-9 816 925	1 701	-17,3 %
Sum utgifter:	14 968 795	15 291 000	-322	-2,1 %	17 000 577	-2 032	-12,0 %
Netto driftsramme:	6 853 300	7 125 000	-272	-3,8 %	7 183 653	-330	-4,6 %

Det vert elles vist til kap. 9 for samla oversyn over investeringar som avdelinga har vore involvert i.

9 INVESTERINGAR:

Det vert vist til rekneskapsskjema 2A og 2B når det gjeld oversyn over årets investeringar med finansiering; - herunder kostnader og resultat pr. prosjekt. Det vert også vist til note 11 for oversikt over finansieringa av lånemidlar og kva som er overført av unytta lånemidlar til neste driftsår.

I vedlegg til årsrekneskapen følgjer det spesifikasjon over fondsreservar og bruken av desse. Der er det også ei oversikt over ubundne og bundne investeringsfond som skal nyttast i komande driftsår.

I samband med siste revisjonen av budsjett 2014, og i budsjettsaka for år 2015, vart alle gamle og nye løyvingar gjennomgått av Kommunestyret med tanke på både gjennomføringsevne- og tidspunkt. Det vert difor vist til gjeldande budsjett- og økonomiplan for ytterlegare informasjon om prosjektkostnad og tilhøyrande finansiering.

9.0 Om sluttrekneskapar for prosjekt år 2012 og 2013:

I Kommunestyre den 26.3 2015 vart det vedteke ei beløpsgrense på 0,75 mill. for framlegging av særskilde sluttrekneskapar for handsaming i Kommunestyre.

I tillegg kan Kommunestyre be om å få framlagt særskilde rekneskapar, når dette vert kravt.

Sluttrekneskapar for år 2011 og for tidlegare år, vart handsama av kommunestyre hausten 2012.

9.0.1 Vurdering av sluttrekneskapar for investeringar i år 2012:

Investeringsnivået var svært lågt i år 2012, slik det også var i år 2011.

Årsrekneskapen for år 2012 vart avslutta i balanse, med følgjande prosjektkostnader pr. prosjekt:

	Rekneskap 2012
Brannsyn (2007)	12 725
Uteområdet Solundheimen	1 563
Rehabilitering adm.hus	104 679
Flytting barnehage/bibliotek	296 915
Infrastruktur datanettverk	20 813
IKT-skule/Oppgr. Agresso	33 025
Forprosjekt Sjønesvegen	11 875
Oppgradering kjøkkenSolundheimen	29 993
Geovekstprosjekt	181 416
Nytt kjøkken Hardbakke barnehage	150 000
Trafikktryggingstiltak	418 137
Veg Skarnagel	198 263
Mobilmast Kverhellen	78 975
Utviding kapasitet barnehage	178 056
IKT-skule	129 234
Trafikktryggingstiltak	370 196
Oppgradering FØYS	301 823
Samhandlingsprosjekt telefoni og mobil	144 091
Politikarportal	94 682
Bustadfelt Storehaugen	151 729
Bustadfelt Ytrøygrend	65 929
EK KLP	170 073
SUM	3 144 190

Ingen av desse prosjekta vert vurdert til å trenge særskilt sluttrekneskap på.

9.0.2 Vurdering av investeringar i år 2013:

Investeringsnivået for år 2013 vart dobla i år 2013, grunna gjennomføring av prosjekt «Utviding kapasitet barnehage» inkl. tilhøyrande «Uteområde barnehage».

Følgjande prosjektkostnader vart ført dette året:

	Rekneskap
	2013
Heisanlegg Solundheimen (2007)	5 844
Nye omsorgsbustader (2008)	13 695
Rehabilitering administrasjonshus (2008)	87 610
Mobilmast Kverhellen	2 246
Utviding kapasitet bhg. (2012)	3 479 588
Geovekstprosjekt (2012)	123 105
IKT-skule (2012)	21 705
Traffikktryggingstiltak (2012)	604 553
Veg Tangenes (2012)	206 594
Oppgradering FØYS IKT (2012)	30 000
Samhandl.prosjekt telefoni og video (2012)	123 463
Mobiltelefoni Hersvik (2012)	11 652
Bustadfelt Storehaugen (2012)	2 318
Flytting bibliotek (2011)	29 455
Fiberutbygging Hardbakke	35 625
Kyrkjeleg sektor (2013)	525 000
Oppgradering kommunale vegar (2013)	200 000
Gangveg Hardbakke sentrum (2013)	1 176
EHF - reiserekningsmodul (2013)	13 324
IKT skule/barnehage (2013)	371 500
Uteområde barnehage (2013)	102 054
Eigedomsskatt (2014)	93 767
SUM	6 084 273

Også dette året vart prosjekta grundig presentert, og avvik forklart. Framlegg til inndecking vart presentert gjennom årsrekneskapen . Årsrekneskapen vart deretter handsama av kommunestyret med eit positivt udisponert resultat på om lag kr. 32` som vart avsett til ubunde investeringsfond.

Sidan slutfakturaen for barnehageutvidinga er ført på år 2014, vert sluttrekneskapen for dette prosjektet lagt fram ved årsavslutinga for år 2014.

Elles vert det vurdert slik at det ikkje trengs sluttrekneskapar for andre prosjekt dette året.

9.1.1 Avslutta prosjekt i år 2014 utan krav om særskilt sluttrekneskap (bruttoløyvingar):

	R - 2014
Brannsyn (2007)	10 364
Nye omsorgsbustader (2008)	0
Uteområde Solundheimen (2008)	425 414
Avkøyrslø Lending (2008)	121 341
IKT-skule (2012)	11 993
Samhandl.prosjekt telefoni og video (2012)	35 115
Gangveg Hardbakke sentrum (2013)	61 030
EHF - reiserekningsmodul (2013)	97 950
IKT skule/barnehage (2013)	28 500
Stakaldefossen (2013)	7 100
Oppgradering Føys (2014)	62 753
Rehab adm.hus (2014)	77 881
IKT-skule (2014)	358 922
Utstyr Solundheimen 24t EKG/maskinpark vaskeri (2014)	121 651
Geovekstprosjekt (2014)	112 461
Utrykningskøyretøy (2014)	555 566
ENØK (2014)	57 568
Oppgradering kommunale vegar (2014)	587 500
Solund Sokneråd Inv.tilskot (2014)	435 000
Breidbandprosjekt Ytre Sula (2014)	50 660
Sum bruttokostnad	3 218 768

Som det går fram av tabellen, så vert no mange gamle unytta løyvingar endeleg avslutta i år 2014. Og dei fleste prosjekta, nye som gamle, vart avslutta med tilnærma lik 0 i rekneskapsmessig avvik. Vedteken finansiering vart også nytta som forutsatt i budsjettet. Vidare følgjer nokre kommentarar til dei avslutta prosjekta:

Trinn 1 av «**Uteområde ved Solundheimen**» (Sansehagen) er fullført. Dette har vore eit positivt prosjekt for både brukarar og tilsette. Gåvemidlar er nytta til dette store løftet, og desse er nytta i tråd med retningslinene. Meirkostnader i prosjektet vart dekkja ved å tilføra prosjektet 0,1 mill. i driftsåret. Det vert vist til saksutgreiing knytt til tilleggsløyvinga for ytterlegare detaljar for prosjektet.

Det vert vist til omtale under kap. 8.6 for kva som er meir spesifikt innhald i prosjekt «**Utstyr Solundheimen EKG/maskinpark**». Det er positivt at denne eininga har fått på plass naudsynt utstyr til beste for både innbyggjarar, brukarar og tilsette.

Det nye «**Utrykningskøyretyet**» for brannvesenet har kome på plass og dette gjev både auka tryggleik og bokstaveleg talt meir «**fart**» på utrykningstida for brannvesenet i Solund. Løyvinga er nytta som forutsatt.

På «**Oppgradering kommunale vegar**» vart dekklegging på Leirvåg, Ytrøy og Eide prioritert. Løyvinga er nytta som forutsatt.

Solund Sokneråd følgjer ein eigen vedteken framdriftsplan for «**Rehabilitering av kyrkjene**». Vanskar med å få på plass arbeidsfolk, har skuvd prosjektgjennomføringa noko ut i tid. Store delar av løyvinga er difor satt på eige bunde investeringsfond hjå Soknerådet ved deira årsavslutning.

Det er gledeleg at prosjekt «**Avkøyrslø Lending**», no er fullført. Snuplassen / avkøyrsla har også fått fast dekke. Vedteken finansiering er nytta som forutsatt i budsjettet.

Restløyvinga til det gamle prosjektet «**Rehabilitering administrasjonshus**», vart i budsjettprosessen for år 2015 avgjort avslutta og vidareført gjennom ny løyving til «**2 kommunale adm.bygg**». Noko av løyvinga for 2015 er forskottert nytta i desember 2014, gjennom t.d. innkjøp av alle vinduer. I året har ein prioritert bruken av løyvinga mot nytt møterom knytt til ordførarkontoret og løysingar for nærarkivet. I tillegg er noko av kostnadane for opprusting av «**Bibliotek/møterom**» også forskottert nytta på same løyving for år 2015 i driftsåret.

«**Oppgradering FØYS**» og «**EHF – Reisrekningsmodul**» er berre nokre av dei mange prosjekt som økonomikontoret har køyrt i samband med gjennomføring av driftsprosjektet Fullelektronisk arkiv. Her kan i tillegg nemnast innføring av integrasjon av ressursstyringsprogrammet NOTUS v/helse- og omsorg vs. økonomiprogrammet AGRESSO, etablering av nytt program KOMTEK, innføring av A-melding, READSOFT-fakturascanning, E-handel, m.m.

Restløyvinga til prosjekt «**Breidband til Ytre Sula**» vert rekna som avslutta, sjølv om det knapt er starta opp. Dette skuldast at det er berre denne delen av totalløyvinga som kan nyttast i investeringsrekneskapen. Det vil seie kostnader i samband med planlegging og innkjøp v utstyr som vil verta direkte i kommunal eige i framtida.

«**Geovekstprosjektet**» heng saman med både innføringa av eigedomsskatt og Adresseprosjektet, sidan det handlar mykje om Matrikkel og Matrikkelføring, felles programvare og om mogleg synergieffektar ein dreg av å vera på synfaringar/oppmålingar m.m.

Andre prosjekt er små og gjerne årvisse og det vert vist til hovudoversikt 2B for ytterlegare informasjon.

9.1.2 Avvik på avslutta prosjekta i driftsåret, med framlegg til inndekning (nettoløvvingar):

Uteområde Solundheimen (2008)	17
Nye omsorgsbustader (2008)	-17

Løyvinga til «Nye omsorgsbustader» frå år 2008, vert avslutta, foranalysar og konklusjonar er trekt, og sidan det er vedteke ny arbeidsgruppe og ny løyving på 0,15 mill. til same føremål i budsjett 2015.

Samhandl.prosjekt telefoni og video (2012)	35
Formidlings-/startlån	-36

Prosjektet var i utgangspunktet avslutta i år 2013 og kommentert der, men det kom ei ekstra uforutsett slutfaktura frå SYSIKT i 2014, som vart ståande udekka i driftsåret.

Det vert alltid budsjettert men ein viss margin på avdrag formidlingslån og inndekning for meirforbruket i samhandlingsprosjektet kan finnast her.

I tillegg er kr. 20` av budsjettert overføring frå drift til utlånsføremål stroken.

Strykningar vert kommentert særskilt i eige avsnitt under.

IKT-skule (2012)	-9
IKT skule/barnehage (2013)	0
IKT-skule (2014)	26

IKT-prosjekta i 2012 og 2013 inneheldt m.a. kjøp av digitale tavler, elevPC-ar.

IKT-prosjektet i år 2014 inneheldt samanbinding av nettverk mellom barne- og ungdomsskuledelen, innkjøp av ny naudsynt programvare og «pålegg» om oppkopling mot SYSIKT som ny driftsansvarleg for IKT skule.

Utviding kapasitet bhg. (2012)	98
Uteområde barnehage (2013)	-66

Sjølv om desse prosjekta vil verta presentert i ei eiga sak, må ein i årsrekneskapen finna ei førebels inndekning for avviket som har oppstått.

Då det vart kjent på slutten av år 2013 at prosjekt Utviding kapasitet barnehage ville få ei overskriding og at det i år 2014 kom ei ekstra slutfaktura i prosjektet, så vart prosjekt Uteområde barnehage satt på vent, slik at ein kunne sjå løyvinga i samanheng, med hovudprosjektet.

Netto ekstra meirforbruket i år 2014 må dekkast opp ved årsavslutninga, tilliks med det ein gjorde med avviket på hovudprosjektet for år 2013 (kr. 104`).

Kommunestyret kan seinare vedta ny inndekning på dette prosjektet, sidan det skal skje ei eiga handsaming av sluttrekneskapen for desse prosjekta.

Andre avvik på avslutta prosjekt er +/- u/kr. 10` og vert ikkje kommentert her.

Etter dette vert den samla manglande inndekning for alle desse avslutta prosjekta (kr. 55`) , ein del av restfinansieringa / strykninga som vert kommentert i seinare avsnitt.

9.1.3 Avvik – særskilt for prosjekt innføring av eideomsskatt

Dette prosjektet fekk ein uheldig prosess grunna uforutsett sjukdomsfråvær på sentrale fagpersonar. Særleg vart det utfordringar knytt til oppdatering av Matrikkelinformasjonen, som etter attendemeldingar frå heimelshavarane i prosessen, synte seg å innehalda mange feil og manglar.

Proessen kravde såleis mykje meir ressursbruk enn planlagt, både i førebuing- og gjennomføringsfasen. Dei uheldige omstenda førde også til at kommunen måtte kjøpe takseringstenester (+0,4 mill.), i staden for å bruke interne ressursar. Dette gav vesentlege direkte meirkostnader på prosjektet i høve både opphavleg og revidert budsjett.

Hovudkostnadane har vore:

- Kurs og opplæring
- Kjøp av takseringstenester
- Kjøp av programvare
- Arbeidskostnader for nemndene i innføringsperioden (tapt arbeidsforteneste / møtegodtgjersle)
- Interne kostnader eideomsskattekontoret, herunder frå både økonomikontoret (3 involverte) og frå plan- og utviklingsavdelinga (2 involverte)

Prosjektbudsjettet var opphavleg på 0,27 mill.

Det vart deretter tilført midlar i 2 omgangar på driftsåret (0,08 mill. og 0,1 mill.) . tilsaman 0,45 mill.

Det vart i tillegg lagt inn 0,1 mill. til bruk i år 2015, for den avsluttande klagehandsaminga.

Klagenemnda gjorde seg ferdig med sitt arbeid i år 2014, slik at løyvinga som var tiltenkt i år 2015, er forskottert brukt i år 2014.

Avvik prosjekt innføring eideomsskatt:

Samla løyving til føremålet = kr. 550`

Sum kostnader 2013 / 2014 = kr. 809`

Meirforbruk = kr. 259`

Meirforbruket vert forskriftsmessig dekkja ved bruk av ubunde investeringsfond.

Det vert vist til eiga sluttrekneskapssak for dette prosjektet, for ytterlegare detaljar om kostnader, finansiering og årsakssamanhengar til avvik. I den saka vil også det verta lagt fram nokre alternative inndekningsmåtar på avviket.

9.2 Prosjekt som krev sluttrekneskap for år 2014:

Dei einaste prosjekta som det vil verta framlagt sluttrekneskap på i tilknytning til årsavslutninga dette driftsåret, er «**Utviding kapasitet barnehage**» og «**Uteområde barnehage**», samt «**Innføring av eideomsskatt**». Begge desse prosjekta er avslutta i driftsåret.

Andre prosjekt er under beløpsgrensa og vert heller ikkje vurdert som så særskilde og/eller prinsipielle at det frå administrasjonssjefen si side vert tatt initiativ til å legge fram meir informasjon enn det årsrekneskapen her gjev.

Det vil også, etter kvart som prosjekta vert ferdigstilt, verta lagt fram sluttrekneskapar for t.d. «**Heisanlegg Solundheimen**», «**Veg Tangenes**», «**Mobiltelefoni Hersvik**» og dei prosjekt som Kommunestyre krev særskilde sluttrekneskapar på; - fortrinnsvis i samband med tilhøyrande årsavslutning, t.d. kan dette gjelde mobilprosjekta Strand og Kverhella.

9.3.1 Kommenterar til prosjekt som ikkje er avslutta i driftsåret:

Det vert vist til hovudoversikt 2B til årsrekneskapen for alle prosjekt som ikkje er avslutta i driftsåret. Desse vert alle saman avslutta i balanse, etter at naudsynt finansiering er nytta. Restløyving vert tilrådd overført til år 2015, for vidare handsaming i budsjett og planprosessar.

Prosjekt «**Fiberutbygging Hardbakke-Eide**» og **Fiberprosjekt Ytre Sula**», er etter forskriftene flytta over til drift. Det vert vist til særskilt omtale under avsnitt 8.1.4. om desse prosjekta.

9.3.2 Kommenterar til prosjekt som har løyving og som er påbegynt, men ikkje ferdigstilt

Det lukkast, etter mange søknadsrundar, å få utløyst eit tilskot frå Husbanken til «**Ny heis Solundheimen**». Anlegget ferdigstilt og tatt i bruk desember 2014. Det vantar enno ein slutfaktura, før prosjektet kan avsluttast; - vonaleg nokonlunde i balanse.

«**Mobilprosjekta på Hersvik, Kverhella og Strand**» er alle snart fullført. Slutfakturaer og tilskot vil koma på plass etter kvart som prosjektrapportar frå prosjektleiaren er ferdigstilte

Arbeid med «**Veg til Tangenes**» har hatt god framdrift og er forventa ferdig sommaren 2015.

Ein har gjennom politisk vedtak løyst opp i kravet om sal av tomtar knytt til oppstart av «**Bustadfelt Hardbakke**». Prosjektet er også kopla opp mot satsinga på mottak av flyktningar. Politisk nivå omdefinerte i budsjettprosessen for år 2015 «**Rehabilitering kommunehus**» og «**Bibliotek/møterom**» til nytt prosjekt «**2 kommunale adm.hus**». Det er forskottert bruk av den nye løyvinga for år 2015. Sjå under avsnitt 9.8 for korleis forskotterte løyvingar vert handsama.

«**Oppgraderinga av Hardbakke Vassverk**» er no godt i gang. Dette har vore eit prosjekt som ein har ynskt lenge, så dette er ei gledeleg utvikling.

Foranalyse på «**Oppgradering kaiar**» er gjennomført i år 2014. Plan for gjennomføring vert utarbeidd i år 2015.

For prosjektet «**Veg Skarnagel**» – er teknisk plan under arbeid.

Under fellesomgrepet «**Trafikktryggingstiltak**» er planarbeid for fortau Brattelia-Barnehage prioritert i år 2014. Solund kommune fekk utsetjing med sjølve gjennomføringa til år 2015.

«**Skateboardparken**» er under ferdigstilling og vert antatt klar til bruk våren 2015.

9.3.3.1 Om prosjekt som har løyving, men som ikkje er påbegynt

Lista over slike prosjekt er ikkje så veldig omfattande lenger, sidan det er gjort omdisponeringar i driftsåret opp mot nokonlunde realistiske framdriftsplanar. Nokre tidlegare vedtekne prosjekt, kan ein såleis finna lenger ute i økonomiplanperioden.

På neste side følgjer liste over prosjekt som ikkje er starta opp.

Utvikling Solund Prestegård (2007)	76 904
Vassforsyning Ytrøygrend (2013)	100 000
Kunstgras idrettsbane (2013)	200 000
Tilbakekjøp tomtar (2013)	140 000
Omb. skulekj. til klasse-/grupperom (2013)	140 000
Opprusting klasserom 5 (2013)	140 000
Rehab. møte-/pauserom kjøken (2013)	40 000
Omdøme-/Profilerings-og Plan-materiell (2014)	50 000
Tettstadforming (2014)	581 250
Leikeapparat (2014)	130 000
Rehab skule (2014)	961 000
Klatrepark 2014	250 000
Sanitæranlegg Hersvik (2014)	50 000
Adresseprosjekt (2014)	401 495
Gangveg Hardbakke sentrum (2014)	50 000
Kunstgras idrettsbane (2014)	500 000
Bru Ytre Steinsund (2014)	14 592
Sløkkjeutstyr (2014)	100 000
Rassikring Idrettsbane (2014)	300 000

Nokre kommentarar til lista ovanfor:

Oppstart av prosjekt «**Rehabilitering skule**» er eit gammalt prosjekt, som i budsjettprosessen for år 2015 vart lagt saman med ein forventa kostnad på riving og gjenoppbygning av «nyefløyen / musikkrom / toalett» på gamleskulen. Samla sum skulle inngå i ei felles satsing på rehabilitering. Nye kostnadsoverslag frå eksterne konsulentar, syner at løyvinga er for liten. Formannskapet har bede administrasjonen om gjere ei analyse av «**Ny skule vs. rehabilitering av gamal**». Det vert vist til gjeldande budsjett- og økonomiplan for samla oversyn over løyvingar til føremåla, samt til presentasjonar av utgreiingsarbeidet og kommunestyrevedtak om ytterlegare utgreiingar i år 2015.

Som følge av prosessen som nemnt i førre avsnitt, er dei mindre prosjekta knytt til «**Rehabilitering/ombygging av gamleskulen innvendig**», også sett på vent, i påvente av konklusjonar på analysen som nemnt i førre avsnitt.

Det vert også vist til Kommunestyrevedtak i år 2015 for prosjekt «**Tilbakekjøp tomtar**».

Arbeidet med kunstgrasbane har dratt ut i tid, sidan det har vore vanskar med å få folk til å få utført «**Rassikring Idrettsbane**». Det er no von om ei snarleg oppstart våren 2015. Solund Idrettslag har skaffa tilstrekkeleg ekstern finansiering til hovudprosjektet, så lenge rassikringa kjem på plass.

Den delen av løyvinga til «**Tettstadforminga**» som no er stroken (kr. 75'), er viktig å få på plass igjen, av omsyn til å fått utløyst eksterne tilskot.

«**Adresseprosjektet**» er oppstarta med oppretting av nemnder og med førebuingarbeidet. Det vert viktig å få på plass igjen den strokne løyvinga også her.

Nokre av desse prosjekta må igjen vurderast for inndecking av mellombels bruk av ubunde investeringsfond ved årsslutninga.

9.3.4 Prosjekt som er påbegynt, der ein har forskottert delar av neste års løyving Finansiert med mellombels «lån» av unytta lånemidlar.

Nokre prosjekt er starta opp, forsert på framdriftsplan, og/eller ferdigstilt før tida. Dette gjeld:

Bustadfelt Ytrøygrend har ikkje vorte starta opp på gjennomføringsfasen, men det har tidlegare år vorte gjort planarbeid og byggesakskostnader har påløpt med kr. 39' på prosjektet. Finansieringa for både plan- og gjennomføringsarbeid skal vera sal av tomtar. Dette har ikkje skjedd.

Mellombels inndekning er gjort med kr. 39' i unytta lånemidler. I tillegg ventar ein balanseført kostnad på kr. 50' som er meint å føre på prosjektet når tomtar vert selde.

Ekstraløyvinga på år 2015 til det avsluttande arbeidet med «**Innføring av eigedomsskatt**», er forskottert nytta i år 2014 med kr. 100'.

Det er forskottert bruk av «**2 kommunale adm.bygg**» med kr. 87' . Innkjøp av m.a. vndauge vart gjort i år 2014.

Til sist er det tidlegare år forskottert kr. 98' av utgiftene knytt til «**Fiberutbygginga Hardbakke-Eide**», som i år 2014 vart overflytta til eit driftsprosjekt. Forskotteringa vart gjort av unytta lånemidler.

Når eksterne tilskot vert utbetalt, så må denne summen tilbakeførast til investering.

9.4 Overføringar frå drift som er strokne:

Kommunestyret vedtok at 1,020 mill. skulle overførast frå drift til finansiering av investeringar. Desse vart fordeler seg slik i detaljrekneskapen:

Tettstadforming (2014)	75 000	
Eigedomsskatt (2014)	370 000	Avslutta
Geovekstprosjekt (2014)	100 000	Avslutta
Adresseprosjekt (2014)	275 000	
KLP	180 000	Avslutta
Formidlings-/startlån	20 000	Avslutta

Kommunestyrevedtaket inneheld berre løyving til samla investeringar og finansieringa gruppert på finansieringskjelder. I detaljbudsjettet er det difor «tilfeldig» kva prosjekt som har fått kva slags finansieringskjelde.

Finansieringa til Eigenkapitalinnskotet og til «Formidlings- / startlån» er den einaste løyvinga som er presisert i budsjettskjema 1A og 2B og som det vert vist til i budsjettvedtaket.

Bruk av overført løyving til prosjekt innføring av eigedomsskatt reknar også administrasjonssjefen som rimeleg «øyremerkt».

Resterande løyving frå drift til investering vart deretter «tilfeldig» fordelt, men tabelloppsettet som formannskapet nytta som sitt arbeidsgrunnlag før framlegg til vedtak vart presentert, har vore retningsgjevande.

9.5 Korleis koma fram til storleiken på bruken av ubunde investeringfond:

Strykinga av finansieringskjelda «overføring frå drift» er på 1,02 mill. iflg. avsnitt 9.5.

Administrasjonen har likevel berre måtta nytta 0,9 mill. for å balansera investeringsrekneskapen.

Her følgjer kvifor denne summen er nytta:

Sum samla avvik avslutta prosjekt	iflg. avsnitt 9.1.2.1 :	kr. 55'
Sum avvik på prosjekt eigedomsskatt	iflg. avsnitt 9.1.2.2:	kr. 259'
Sum strokne løyvingar (som er nytta i driftsåret	iflg. avsnitt 9.4	kr. 602'
Eigedomsskatt (285')		
Geovekst (103')		
EK KLP (214')		

Sum manglande finansiering i driftsåret

kr. 916'

I tillegg er finansieringskjelda på den delen av Tettstadprosjektet og Adresseprosjektet, som skulle finansierast ved overføring frå drift. Til saman 0,35 mill.

9.6.1 Økonomisk utfordring i neste driftsår.

I utgangspunktet kan Kommunestyret velje å la den mellombelse finansieringa med bruk av ubundne investeringsmidlar stå fast. Då står ein att med å finna løysing på stroken løyving til Tettstadforming og Adresseprosjektet med tilsaman 0,35 mill.

Dersom ein ynskjer anna finansiering enn bruk av ubunde investeringsfond, vil utfordringa vera å finna dekning også for 0,9 mill. Til saman 1,25 mill.

9.6.2 Vidare handsaming av utfordringane som har oppstått i driftsåret:

Først og fremst har Kommunestyret høve til å vedta årsrekneskapen med eit anna vedtak enn inndekning ved bruk av ubunde investeringsfond; - eller presisere seinare inndekning av denne bruken.

Så vil kommunestyret også få eit eige vedlegg til budsjettjusteringssak tertial nr. 1, der framlegget vil verta å overføra alle unytta løyvingar m/tilhøyrande finansiering, til neste driftsår. Her kan kommunestyret gjere endringar.

Dernest kan kommunestyret, i eit påfølgjande framlegg til andre justeringar for 1. tertial, koma med endringsframlegg til dette også.

Til sist vil det i sak om rullering av økonomiplanen verta tilrådd endringar investeringsplanen, utfrå ei total gjennomgang og drøfting med formannskapet på samla innmelde behov som er innkomne, og om dei prioriteringar som er ynskjeleg å få til for komande år.

Administrasjonssjefen ser på bruken av ubunde investeringsfond som ei mellombels løysing og det vert vist til framlegg til vedtak i dei andre sakene for korleis denne mellombelse finansieringa vert tilrådd attendeført. Det vert rekna som naturleg å ta drøftingar om desse utfordringane ved handsaminga av revidert budsjett og økonomiplan.

9.7 Unytta løyvingar:

Det vert vist til eigen note for korleis unytta løyvingar fordeler seg etter årsavslutninga, med sine respektive finansieringskjelde.

Det vert også vist til budsjettendringssak, der alle desse løyvingane vert tilrådd overført til år 2015

Alle unytta løyvingar vert som eit utgangspunkt overført til neste år, med unntak av dei som er nemnt, under avsnitt 9.7, der finansieringskjelda er saldert bort (0,35 mill.).

Det er viktig å ha oversikt over finansieringskjeldene, før løyvingar vert storkne. Det er mange løyvingar som er finansiert med vesentlege løyvde eksterne tilskot og nokre av desse krev ein eigenfinansiering, for å løysa ut tilskotet, slik det t.d. er gjeldande for prosjekt Tettstadforming.

9.8 Generelle avsluttande kommentarar til investeringsrekneskapen:

Det har vore ein vanskeleg ressursituasjon ved plan- og utvikling dei siste åra og for mange investeringsprosjekt, herunder prosjekt som sorterer under andre ansvarsområde, er prosjektstart utsett. Dette har ikkje vore ein tilfredsstillande situasjon.

Likeins har ein hatt vanskar med å få ferdigstilt ein vedlikehaldsplan, noko som igjen har gjort det vanskeleg å gjere både administrative og politiske prioriteringar.

I samband med budsjettprosessen hausten 2013, vart det avgjort at det skulle engasjerast ein prosjektleiar som kan ha sitt hovudfokus på gjennomføring av investeringsprosjekt. Kostnaden med stillinga skal gå mot aktuelle investeringsprosjekt.

I skrivande stund vert det tilsett ein person i denne nye stillinga.

Det kan vera ei løysing å la denne prosjektleiaren starte sitt arbeid med å få på plass ein tenleg vedlikehaldsplan.

10.0 Konklusjon:

Alt i alt, så har driftsåret 2014 vore eit positivt driftsår, sjølv med eit 0-resultat.

Det viser seg at det tek tid å gjera reduksjonar i drifta, i alle fall om ein ynskjer unngå uheldige konsekvensar for folketalsutviklinga og dermed neste års inntektsnivå.

Kommunen er nøydd å bryta den negative spiralen på folketalsutviklinga og har gjort mange positive grep i år 2014, som kan danne grunnlag for ein slik snunad.

Det siste halvåret har den negative folketalsutviklinga stoppa opp. Dette er eit positivt utviklingstrekk.

Ambisjonen om å setta til sides vesentlege midlar til både drift og investering, synte seg å vera vanskeleg å nå. Reservane i drift vart prioritert når strykningar skulle gjerast, og budsjettføresetnadane er såleis følgt der. Det vil seie at ein kan gjennomføra dei tiltak som ligg i budsjett og økonomiplan komande år. Ein må likevel vurdere ambisjonar på både drifts- og avsetnadsnivå på nytt, og då sett saman med forventa inntektsnivået for år 2015.

Det står for døra mange positive utfordringar. Både mottak av flyktningar, investeringar i nye omsorgsbustader, avgjersle om rehabilitering av gamal- eller bygging vs. bygging av ny skule, ferdigstilling/vidare utvikling av fiberprosjekt, Tettstadforminga, avgjersle rundt kommunestruktur, rullering av kommuneplan, utarbeiding av strategisk handlingsplan, næringsutviklingsarbeid via HAFS utvikling, digitalisering av kommunal drift, arbeid med ulike samferdsleprosjekt med mykje meir.

Administrasjonssjefen vil takke både dei tilsette og politisk nivå for eit godt stykke arbeid og eit godt samarbeidsklima i året som har gått.

Det er no lagt eit godt grunnlag, for å møta dei store utfordringane som ligg føre på ein god måte.

Hardbakke 31/3 2015
Kjell Mongstad
økonomisjef

Solund kontrollutval

Solund kommunestyre

Dato: 26.05.2015
Vår referanse: 15/980
Arkiv: FE-216

Uttale til rekneskapen for 2014

Årsrekneskapen 2014 for Solund kommune er handsama i kontrollutvalet 26.5.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Den avlagde årsrekneskapen datert 31.3.2015
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 31.3.2015
- Revisjonsmeldinga datert 15.4.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig resultat på kr 0 etter avsetning og bruk av fond.

Investeringsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig resultat på kr 0.

Det er ikkje atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Solund kommune vert godkjent.

Solund kontrollutval

Rune Steinsund, leiar

Heidi Sanden, nestleiar

Steinar Krakhellen

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 013/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/305
---	-------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap - Mobilmast Kverhella prosjektnr. 2691, Mobiltelefoni Hersvik prosjektnr. 2701 og Mobiltelefoni Strand prosjektnr 2768

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.05.2015	Revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 13.5.2015, med rekneskap/sluttrapport frå Solund kommune for prosjekt 2691 Mobilmast Kverhella, prosjekt 2701 Mobiltelefoni Hersvika og prosjekt 2768 Mobiltelefoni Strand datert 27.4.2015	2513

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 13.5.2014 for prosjekt 2691 Mobilmast Kverhella, prosjekt 2701 Mobiltelefoni Hersvik og prosjekt 2768 Mobiltelefoni Strand, og rår til at rekneskapen vert godkjent.

.

Saksutgreiing:

Det ligg føre projektrekneskap for prosjekt 2691 Mobilmast Kverhella, prosjekt 2701 Mobiltelefoni Hersvik og prosjekt 2768 Mobiltelefoni Strand .

Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyre i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt der sluttkostnaden overstig kr 750.000, jamfør økonomireglement for Solund kommune punkt 11.8.9 Sluttrekneskap.

Prosjektrekneskapen datert 27.4.2015 viser sluttrapport med oppstilling av utgifter tilhøyrande prosjekta for åra 2011-2015. Prosjekta har eit budsjett på kr 1.983.000 og ein totalkostnad på kr 2.229.373. Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr 246.373. Prosjekta er finansiert med tilskot, lån og fondsmidlar.

Kommunestyret må gjere vedtak om dekking av meirforbruket.

Revisjonsuttalen datert 13.5.2015 frå KRYSS Revisjon stadfestar taldelen i projektrekneskapen.

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskap for prosjekt 2691 Mobilmast Kverhella, prosjekt 2701 Mobiltelefoni Hersvik og prosjekt 2768 Mobiltelefoni Strand, kan godkjennast slik han ligg føre.

Solund kommune
Postboks 73

6921 Hardbakke

Dykkar ref.:

Vår ref. :
Revmlid/prosj

Arkivkode :
216

Journalnr. :
015/2015

Dokumentdato:
13.05.2015

**REVISJONSMELDING – PROSJEKTRKESKAP –
MOBILMAST KVERHELLA, PROSJEKTNR. 2691, MOBILTELEFONI HERSVIK,
PROSJEKTNR. 2701 OG MOBILTELEFONI STRAND, PROSJEKTNR. 2768.**

Vi har revidert prosjektrekneskap for Solund kommune for prosjekt 2691 Mobilmast Kverhella, prosjekt 2701 Mobiltelefoni Hersvik og prosjekt 2768 Mobiltelefoni Strand. Prosjektrekneskapen, datert 27.4.2015, består av rekneskapsoppsett som syner oppstilling av utgifter tilhøyrande prosjekta for åra 2011 – 2015 og sluttrapport. Prosjekta som hadde eit budsjett på kr. 1.983.000,-, har ein total kostnad på kr. 2.229.373,- og er finansiert ved tilskot, lån og fondsmidlar. Prosjektrekneskapen er utarbeida av økonomisjef.

Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mulig å utarbeide ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at prosjektrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

prosjektrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining gjev prosjektrekneskapen for Solund kommune for prosjekt 2691 Mobilmast Kverhella, prosjekt 2701 Mobiltelefoni Hersvik og prosjekt 2768 Mobiltelefoni Strand, datert 27.4.2015, eit uttrykk for prosjektet sitt resultat i samsvar med grunnlaget for rekneskapen som omtala i første avsnitt.

Hyllestad, 13. mai 2015


Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet




Prosjekt 2701 «Mobiltelefoni Hersvik»
Prosjekt 2768 «Mobiltelefoni Strand»
Prosjekt 2691 «Mobilmast Kverhella» (er ikkje ein del av breidbandsløfta)
 Jf. også prosjekt 2705/2729 «Fiberutbygging Hardbakke» (ikkje ferdigstilt)

Emne	Skildring	Til politikk
Prosjektlei	Gøsta Odéen	
Skildring	Felles innleiing: Solund kommune har vore tilgodesett med vesentlege midlar gjennom dei ulike fasane i breidbandsløftet. Gjennom prosjektfasen kan ein seie om alle prosjekta, at det er søkt og gjeve tilskot i mange omgangar. Dette skuldast m.a. lange tilbudsprossar, behov for meir finansiering og lang ventetid på leverandørar. Leverandøren måtte prioritere eit større arbeid ved Ulvegveina som ikkje var påtenkt, men som var naudsynt for oppstart. Dette gav 2 års prosjektutsetjing aleine. Rapporterings- og utbetalingsfristar vart difor ofte utløpt og søknad og tilsegn/avslag om vidareføring og omdisponeringar vart utferdige/gjevne i ulike instansar. Satsingane i dei ulike breidbandfasane har også naturleg nok gått over i kvarandre og løyvingar er delvis slått saman. I tillegg har Solund kommune seldert sine investeringsprosjekt ved fleire vende sidan år 2009, noko som kan ha skapt ubalanse i høve opphavlege løyvingar vs. endeleg finansiering. Samla sett gjev dette eit uoversiktleg bilete på kva som er endeleg vedteke sluttfinansiering for alle desse prosjekta . Fylkeskommunen og i Solund kommune har i sin rekneskap for år 2014, avsett 1,688 mill. til Solund kommune knytt til samtlige tilsegn som er gjeve gjennom desse fasane. Dette vert lagt til grunn i den vidare rapporteringa. Dette er 0,25 mill. mindre enn det Solund kommune oppfatar som løyvde midlar gjennom desse breidbandfasane. Vedlagt følgjer den dokumentasjonen som Solund kommune har, og som syner alle tilsegn og endringsvedtak frå Breidbandsforum og Fylkeskommunen som Solund kommune har bygd sine budsjettvedtak på. Fylkeskommunen ynskjer ein samla rapport som bidreg til at alle desse midlane vert utbetalt og sakene avslutta. Fylkeskommunen har meldt at resten av midlane ikkje eksisterer grunna utløpte fristar, og må difor søkjast om og ev. løyvast på nytt. Alle søknadane som har vorte sendt har hatt si grunnleggjende i: - Svært vanskeleg å drive næringsverksemd - Skaper konkurransevridingar - Investeringsrepresentanter ikkje ekstravaganse, men som ein rein hygienefaktor for innbyggjarane - Sikkerheit både på land og på sjø - M.m.	



Emne	Skildring	Til politikk
	Gjennomgang tilsegn som vedkjem prosjekta: - Tilsegn fase 5, kr. 813' - Fylkeskommunen (sak 09/2447-4) - Utvilda tilskot fase 5, kr. 250' - Breidbandsforum (frå fase 4 til 5) - Nytt tilsegn fase 6, kr. 175' + kr. 350' - Fylkeskommunen (sak 10/4465-24) - Aksept omdisponering fase 5, kr. 175' frå Strand til Hørsvik – Breidbandsforum - Utvilda tilsegn fase 7, kr. 250' - Fylkeskommunen (sak 11/2716-23) - Utvilda tilskot fase 7, kr. 100' - Fylkeskommunen (sak 10/4465-51) Alle tilsegn har inneheldt eit vilkår om at Solund kommune skal bidra med tilsvarande sum i prosjekta. Som det går fram av vedlegg 1 og 2, så er fiberprosjekt Hardbakke også ein del av kompleksiteten og det er usikkert om kva del av prosjekta dei manglande løyvingane på Breidbandsløftet 5 refererer seg til. Sentrale kommunale vedtak: Kommunestyresak 039/10 som inneheldt vedtak om: - Bruk av disposisjonsfond Hørsvik kr. 225' - Bruk av disposisjonsfond Kverhella kr. 170' - Arbeide vidare med planar for Strand/Avløyp-område Kommunestyresak 009/13 - Godkjenning av intensjonsavtalar for utbyggingane og oppstart av prosjekterings- og anbudsarbeid I samband med årsavslutninga for år 2013, vart disposisjonsfondet spesifisert i tråd med opphavleg vedtak og nye fordelingsnøklar, med fokus på matchingsvilkåret som følgde tilskota som vart gjeve. I økonomiplanprosessen for år 2014 vart alle løyvingar i kommunen gjennomgått på nytt, med fokus på at alle kjende vedtak skulle koma til syne i eit samla dokument. Restløyvingar for år 2013 og tidlegare år, vart då justert inn i 2014-løyvingane gjennom eige vedlegg i budsjettjusteringsak for tertial nr. 1 år 2014. Behovet for tilleggsløyving til prosjekt Strand, vart også inkludert i dette budsjettvedtaket. Kommunestyresak 031/14 der det vart vedteke eit spleiselag omkring fullfinansiering av mobilstasjon på Strand, etter at ekstra kostnader vart kjende. Kommunestyresak 045/14 inkluderer ei justering av spleiselagsmodellen, etter at ekstra tilskot er innvilga frå Fylkeskommunen.	Vedlegg 1 Vedlegg 2 Vedlegg 3 Vedlegg 4 Vedlegg 5 Vedlegg 6 K-sak 039/10 K-sak 009/13 K-sak 015/14 K-sak 017/14 F-sak 031/14 K-sak 045/14



Emne	Skildring	Til politikk
	Prosjekt 2701 – Mobiltelefon Hersvik (jf. prosjekt 2768) Det vart løyvd kr. 225` frå det kommunale ubunde investeringsfondet for å få bygd eit utstyrhus og kraftline med 5 stolpar. Fondet fekk namnet « Vedtak 2010 – mobiltelefon ». I samband med at både dette prosjektet og prosjektet på Strand kom med i prioriteringa på breidbandsløfta, vart trongen for bruk av fondsmidlar revidert og omdisponert mellom Kverhella, Hersvik og Strand-prosjekta. Resultatet vart til sist at den Fylkeskommunale løyvinga til Hersvik-prosjektet, skulle matchast med lånemidlar aleine. Prosjektet fekk sitt første eksterne tilskot på breidbandsløftet fase 5, med sluttrapporteringsfrist den 31/12 2010. Sjølv om prosjektet har dratt ut i tid grunna trong for både ekstrafinansiering og vesentlege endringar i prosjektgjennomføringa, så har det vorte eit vellukka prosjekt der størstedelen av Nord-Solund inkl. øyane, no har fått 4G-mobildekning. Samla tilskot som kan inntektsførast iflg. Fylkeskommunen er 0,6 mill. Sjå vedlegg 1, 4 og 5 (175' + 175' + 250'). Sidan vilkåret for utbetaling er 50/50% kostnadsdeling, er totalbudsjettet for prosjektet på 1,2 mill.	K-sak 039/10

Økonomisk oversyn av investeringsprosjekt:

Mobilmast Hersvik									
Konto	Lagingsart	Budjett år 2010-2015	Råkningskap år 2015	Råkningskap år 2014	Råkningskap år 2013	Råkningskap år 2012	Råkningskap for år 2011	Sum råkningskap	Avvik i kr.
001...	Len og sosiale kostnader			25 000,00				25 000,00	25 000,00
01800	Straum		2 602,76		481,36			3 084,12	3 084,12
01950	Avgifter, gebyr, lisensar			14 390,00	11 050,00			25 440,00	25 440,00
02001	Inventar og utstyr	1 200 000,00	127 000,00	974 413,40				1 101 413,40	-98 586,60
03700	Kjøp av tenester frå private		7 000,00	1 500,00				8 500,00	8 500,00
04290	MVA som gjevret til moms kompensasjon		650,69	194 603,35	120,34			195 374,38	195 374,38
	Sum utg./kostnader	1 200 000,00	137 253,45	1 209 906,75	11 651,70	0,00	0,00	1 358 811,90	158 811,90
Konto inntektsartar:									
07290	Kompensasjons mva. avg.		650,69	194 603,35				195 254,04	195 254,04
07300	Refusjon frå Fylkeskommunen	600 000,00	184 696,90	415 303,40				600 000,00	0,00
09109	Bruk av lånemidlar	600 000,00		600 000,00				600 000,00	0,00
09400	Bruk av disposisjonsfond							0,00	0,00
09480	Bruk av ubunde investeringsfond	0,00	0,00		11 651,70			11 651,70	11 651,70
	Sum inntekter	1 200 000,00	185 347,29	1 209 906,75	11 651,70	0,00	0,00	1 406 905,74	206 905,74
	Nettoutgift	0,00	-48 093,84	0,00	0,00	0,00	0,00	-48 093,84	-48 093,84
	Minde kostnad i høve revidert budsjett								

Samla brutto kostnader er på kr. 1.358.811,90 .
Dette er kr. 48` mindre enn budsjettert finansiering for prosjektet, men likevel høgt nok til å løysa ut fullt tilskot frå Fylkeskommunalt nivå.

Det vert tilrådd å la desse midlane vert overført til det generelle ubunde investeringsfondet.



Emne	Skildring	Til politikk
	Prosjekt 2768 – Mobiltelefoni Strand (jf. prosjekt 2701) Prosjektet kom opphavleg med på satsinga i breidbandsløftet fase 5, men vart seinare omdisponert til å følgja løyvinga på fase 6. Budsjettet vart først fastsett gjennom budsjettendringprosessen for tertial nr. 1 år 2014. Dette prosjektet er nyleg ferdigstilt og i siste instans deltok innbyggjarane sjølv i eit spleiselag med utbyggjar, Solund kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune, for å få restfinansieringa på plass. Også dette prosjektet har vorte vellukka. I og med dette prosjektet, har ein no løyst ut resten av Nord-Solund med 4G-dekning. Samla tilskot som kan inntektsførast er kr. 275`. Sjå vedlegg 1, 3, 4 og 6 (175` + 175` - 175` + 100`) Tilskot på kr. 250` som er løyvd, men har fukt bort (sjå vedlegg 2)	K-sak 017/14 F-sak 052/14 K-sak 045/14

Økonomisk oversyn av investeringsprosjekt:									
Mobilmast Strand									
Konto	Utgiftsart:	Budsjett år 2010-2015	Rekneskap år 2015	Rekneskap år 2014	Rekneskap år 2013	Rekneskap år 2012	Rekneskap for år 2011	Sum rekneskap	Avvik i kr.
01800	Straum		1 928,83					1 928,83	1 928,83
01950	Avgifter, gebyr, lisensar			2 990,00				2 990,00	2 990,00
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar			89 000,00				89 000,00	89 000,00
02001	Inventar og utstyr	513 000,00	264 000,00	331 020,20				595 020,20	82 020,20
03700	Kjøp av tenester frå private							0,00	0,00
04290	MVA som gjev rett til momskompensasjon		482,21	82 755,05				83 237,26	83 237,26
	Sum utg./kostnader	513 000,00	266 411,04	505 765,25	0,00	0,00	0,00	772 176,29	259 176,29
Inntektsartar:									
07290	Kompensasjon m.v.a.vg.		482,21	82 755,05				83 237,26	83 237,26
07300	Refusjon frå Fylkeskommunen	275 000,00	15 338,10	259 661,90				275 000,00	0,00
07700	Refusjon frå private	75 000,00	78 935,00					78 935,00	3 935,00
09109	Bruk av lånemidlar							0,00	0,00
09400	Bruk av disposisjonsfond	163 000,00		163 348,30				163 348,30	348,30
09480	Bruk av ubunde investeringsfond							0,00	0,00
	Sum inntekter	513 000,00	94 755,31	505 765,25	0,00	0,00	0,00	600 520,56	87 520,56
	Nettoutgifter	0,00	171 655,73	0,00	0,00	0,00	0,00	171 655,73	
	Meirkostnad i høve revidert budsjett								171 655,73

Samla kostnader er på kr. 772.176,29.
Dette er kr. 171` meir enn budsjettert, noko som er tilsvarende den summen som førebels står unyttta i Kverhella-prosjektet.

Det vert tilrådd at meirforbruket på prosjekt Strand vert dekkja av det førebelse mindreforbruket på prosjekt Kverhella.



Emne

Skildring

Til politikk


Økonomisk oversyn av investeringsprosjekt:

Begge prosjekt samla

Konto	Utgiftsart:	Budsjett år 2010-2015	Rekneskap år 2015	Rekneskap år 2014	Rekneskap år 2013	Rekneskap år 2012	Rekneskap for år 2011	Sum rekneskap	Avvik i kr.
001..	Len og sosiale kostnader	0,00	0,00	25 000,00	0,00	0,00	0,00	25 000,00	25 000,00
01800	Straum	0,00	4 531,59	0,00	481,36	0,00	0,00	5 012,95	5 012,95
01950	Avgifter, gebyr, lisensar	0,00	0,00	17 380,00	11 050,00	0,00	0,00	28 430,00	28 430,00
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	0,00	0,00	89 000,00	0,00	0,00	0,00	89 000,00	89 000,00
02001	Inventar og utstyr	1 713 000,00	391 000,00	1 305 433,60	0,00	0,00	0,00	1 696 433,60	-16 566,40
03700	Kjøp av tjenester fra private	0,00	7 000,00	1 500,00	0,00	0,00	0,00	8 500,00	8 500,00
04290	MVA som gjev rett til momskompensasjon	0,00	1 132,90	277 358,40	120,34	0,00	0,00	278 611,64	278 611,64
	Sum utg./kostnader	1 713 000,00	403 664,49	1 715 672,00	11 651,70	0,00	0,00	2 130 988,19	417 988,19
Konto	Inntektsartar:								
07290	Kompensasjon mva.avg.	0,00	1 132,90	277 358,40	0,00	0,00	0,00	278 491,30	278 491,30
07300	Refusjon frå Fylkeskommunen	875 000,00	200 034,70	674 965,30	0,00	0,00	0,00	875 000,00	0,00
07700	Refusjon frå private	75 000,00	78 935,00	0,00	0,00	0,00	0,00	78 935,00	3 935,00
09109	Bruk av lånemidler	600 000,00	0,00	600 000,00	0,00	0,00	0,00	600 000,00	0,00
09400	Bruk av disposisjonsfond	163 000,00	0,00	163 348,30	0,00	0,00	0,00	163 348,30	348,30
09480	Bruk av ubunde investeringsfond	0,00	0,00	0,00	11 651,70	0,00	0,00	11 651,70	11 651,70
	Sum inntekter	1 713 000,00	280 102,60	1 715 672,00	11 651,70	0,00	0,00	2 007 426,30	294 426,30
	Nettoutgifter								
	Meirkostnad i høve revidert budsjett*	0,00	123 561,89	0,00	0,00	0,00	0,00	123 561,89	123 561,89

Det vert vist til auka løyving i breidbandsløfte nr. 5, som FK ikkje lenger har avsett til utbetaling for Solund kommune (jf. vedlegg nr. 2 = kr. 250.000 – jf. løyving til «Fiberprosjekt Hardbakke».

* Det vort vist til auka løyving i breidbandsløfte nr. 5, som FK ikkje lenger har avsett til utbetaling for Solund kommune (jf. vedlegg nr. 2 = kr. 250.000 – jf. løyving til «Fiberprosjekt Hardbakke».



Emne

Skildring

Til politikk

Prosjekt 2691 – Mobilmast Kverhella (er ikkje ein del av breidbandsløfta)

Det vart løyvd kr. 170' frå det kommunale ubunde investeringsfondet for å få etablert ein repeaterstasjon på Kverhella. Fondet fekk namnet «Vedtak 2010 – mobiltelefon».

Det vart ikkje søkt om og då heller ikkje gjeve tilsegn om midlar gjennom breidbandsløfta til dette prosjektet. Solund kommune har, under ein føresetnad av at grunneigaren måtte kosta infrastrukturen knytt til prosjektet, likevel gjennomført prosjektet i tråd med intensjonen.

Prosjektet har vore vellukka og bygda har fått oppretta eit godt mobilsamband.

K-sak 039/10

K-sak 017/14

Økonomisk oversyn av investeringsprosjekt:

Mobilmast Kverhella									
Konto	Utgiftsart:	Budsjett år 2010-2015	Rekneskap år 2015	Rekneskap år 2014	Rekneskap år 2013	Rekneskap år 2012	Rekneskap for år 2011	Sum rekneskap	Avvik i kr.
01800	Straum			2 479,13	1 308,21	696,44		4 483,78	4 483,78
01900	Leige av lokale og grunn				488,28			488,28	488,28
02000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar						11 252,16	11 252,16	11 252,16
03700	Kjøp av tenester frå private	270 000,00				62 931,57		62 931,57	-207 068,43
04290	MVA som gjev rett til moms kompensasjon			619,79	449,12	15 347,44	2 813,04	19 229,39	19 229,39
	Sum utg./kostnader	270 000,00	0,00	3 098,92	2 245,61	78 975,45	14 065,20	98 385,18	-171 614,82
Konto	Inntektsartar:								
07290	Kompensasjons mva.avg.			619,79				619,79	619,79
09109	Bruk av lånemidlar	50 000,00	49 999,55		-78 975,00	78 975,45		50 000,00	0,00
09400	Bruk av disposisjonsfond	170 000,00	74 714,19		81 220,61		14 065,20	170 000,00	0,00
09480	Bruk av ubunde investeringsfond	50 000,00	47 520,87	2 479,13				50 000,00	0,00
	Sum inntekter	270 000,00	172 234,61	3 098,92	2 245,61	78 975,45	14 065,20	270 619,79	619,79
	Nettoutgifter		-172 234,61	0,00	0,00	0,00	0,00	-172 234,61	-172 234,61
Førebels unytta bruk av vedteken finansiering									

Samla kostnader i prosjektet har vore på kr. 98.385,18

Restløyvinga står no att som buffer med kr. 172', etter omfordeling i revidert budsjett for år 2014, i fall det vert kravd eit anleggsbidrag frå leverandøren etter at sluttavrekning er gjennomført.

Det rådde stor usikkerheit omkring denne summen, då midlane vart løyvd (jf. saksutgreiing K-sak 039/10).

Sidan alle desse prosjekta heng saman (jf. innleiinga), så vert det tilrådd å nytte restløyvinga i prosjekt Kverhella til inndecking for meirforbruket på prosjekt Strand.



Emne	Skildring	Til politikk
Dato start på prosjekt	Første søknad sendt 10/12 2009 – Første oppstartsvedtak 9/11 2010	
Dato avslutta prosjekt	Sluttrapport datert 30/4 2015	
Investering	Ja	
Total kostnad*		
Siste tiltak	Igangsetjing av ordinær drift	
Internt timar	Om lag ½ årsverk vert stipulert til å ikkje vera ført i rekneskapen på desse prosjekta samla sett	
Underskrift og dato ansvarleg		
Underskrift og dato administrasjonssjef		

Kommentar:


Fylkeskommunen har bede om eit samla oversyn over desse prosjekta og vil utbetale alle tilskota i ei vende. Oversyn over prosjekt Kverhella, er inkludert i denne rapporten, for revisjonen sin del.

For prosjekt Strand og Hersvik så manglar det om lag 124' på å få fullfinansiert prosjekta
Tek ein med det førebelse mindreforbruket på prosjekt Kverhella på omlaga på om lag kr. -172', så er inndekning funne.
Dette er positivt, men det vert gjort merksam på følgjande:

- A) Sluttavrekning på Kverhella-prosjektet kan koma når leverandør eventuelt har gjort opp sin sluttrekneskap. Arbeidet vart utført så langt tilbake som i år 2011.
- B) Det manglar eit Fylkeskommunalt tilskot på kr. 250', som vart ein del av det utgatte tilsegnet i breidbandsløfte 4, og som Breidbandsforumet så vedtok å auka med tilsvarande sum i breidbandsløfte 5 (sjå vedlegg 1 og 2). Det vil seie at «Fiberprosjekt Hardbakke» manglar ei finansiering på kr. 250'.
Desse midlane må løyvast på nytt av FK, om fiberprosjektet skal løysast på same vilkår som tidlegare, med 50/50% finansiering og dermed økonomisk balanse.

Dato & underskrift:

Hardbakke 27. april 2015


Kjell Mongstad
Økonomisjef i Solund kommune

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 014/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/306
---	-------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap - Prosjekt 2693 Utviding kapasitet Solund barnehage og prosjekt 2718 Uteområde Solund barnehage

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.05.2015	Revisjonsmelding m/prosjektrekneskap/sluttrapport frå Solund kommune datert 13.5.2015 for prosjekt 2693 Utviding kapasitet Solund barnehage og prosjekt 2718 Uteområde Solund barnehage	2515

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 18.5.2014 for prosjekt 2693 Utviding kapasitet Solund barnehage og prosjekt 2718 Uteområde Solund barnehage, og rår til at rekneskapen vert godkjent.

.

Saksutgreiing:

Det ligg føre prosjektrekneskap for prosjekt 2693 Utviding kapasitet Solund barnehage og prosjekt 2718 Uteområde Solund barnehage .

Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyre i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt der sluttkostnaden overstig kr 750.000, jamfør økonomireglement for Solund kommune punkt 11.8.9 Sluttrekneskap.

Prosjektrekneskapen datert 13.5.2015 viser sluttrapport med oppstilling av utgifter tilhøyrande prosjekta for åra 2012-2014.

Prosjekt 2693 Utviding kapasitet Solund barnehage har eit budsjett på kr 2.850.000 og ein totalkostnad på kr 3.777.804,05. Grunna mva-kompensasjon har prosjektet eit meirforbruk på kr 213.505. Prosjektet er elles finansiert med lån.

Prosjekt 2718 Uteområde Solund barnehage har eit budsjett på kr 350.000 og ein totalkostnad på kr 349.728,06. Grunna mva-kompensasjon har prosjektet eit mindreforbruk på kr 66.443. Prosjektet er elles finansiert med lån.

Samla overskriding på dei to prosjekta 2693 og 2718 er kr 147.062. Kommunestyret må gjere vedtak om dekking av meirforbruket.

Revisjonsuttalen datert 18.5.2015 frå KRYSS Revisjon stadfestar taldelen i prosjektrekneskapen.

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskap for prosjekt 2693 Utviding kapasitet Solund barnehage og prosjekt 2718 Uteområde Solund barnehage, kan godkjennast slik han ligg føre.

Solund kommune
Postboks 73

6921 Hardbakke

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode : Journalnr. : Dokumentdato:
Revmlt/prosj 216 016/2015 18.05.2015

REVISJONSMELDING – PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT 2693 UTVIDING KAPASITET BARNEHAGE OG PROSJEKT 2718 UTEOMRÅDE BARNEHAGE

Vi har revidert prosjektrekneskap for Solund kommune for prosjekt 2693 Utviding kapasitet barnehage og prosjekt 2718 Uteområde barnehage. Prosjektrekneskapen, datert 13.5.2015, består av rekneskapsoppsett som syner oppstilling av utgifter tilhøyrande prosjekta for åra 2012 – 2014 og sluttrapport.

Prosjekt 2693 Utviding kapasitet barnehage som hadde eit budsjett på kr. 2.850.000,-, har ein totalkostnad på kr. 3.777.804,05. Prosjektet er finansiert med lån og mva-kompensasjon. Meirforbruk på prosjektet er Kr. 213.505,-.

Prosjekt 2718 Uteområde barnehage hadde eit budsjett på kr. 350.000,- og ein totalkostnad på kr. 349.728,06. Prosjektet er finansiert med lånemidlar og mva-kompensasjon.

Prosjektrekneskapen syner eit mindreforbruk på kr. 66.443,-.

Total overskriding på prosjekt 2693 og 2718 er kr. 147.062,-.

Prosjektrekneskapen er utarbeida av økonomisjef. Vi syner til sluttrapport til prosjektet, der det er skissert inndekningsmåten for prosjektet.

Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å gjere det mulig å utarbeide ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Forde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Forde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at prosjektrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein prosjektrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining gjev prosjektrekneskapen for Solund kommune for prosjekt 2693 Utviding kapasitet barnehage og prosjekt 2718 Uteområde barnehage, datert 13.5.2015, eit uttrykk for prosjektet sitt resultat i samsvar med grunnlaget for rekneskapen som omtala i første avsnitt.

Hyllestad, 18. mai 2015


Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet



Prosjekt 2693 - Utviding kapasitet Solund barnehage Prosjekt 2718 – Uteområde Solund barnehage

Emne	Skildring	Til politikk
Prosjektleiar	Anne Brith Tangenes	
Skildring	Opptakten til å få utvida barnehagen skjedde heilt tilbake i år 2007. Fram til og med år 2011, vart det gjort mykje forarbeid / analyser / forprosjekt og kostnadane med alt dette vart saldert bort med mindre løyvingar og lånemidlar frå tidlegare år.	
	Oppstarten og opphavleg løyving / oppstartsvedtak vert i denne prosjektrekneskapen rekna til å vera K-sak 084/11	K-sak 084/11
	2,5 mill. til utviding kapasitet barnehage 0,5 mill. til uteareal barnehage	
	Budsjettjusteringa for 4. kvartal 2012 reduserte budsjettet med -2,0 mill. Nytt budsjett vart etter dette 0,5 mill. Det vart nytta mindre summar av denne opphavlege løyvinga til det endelege forprosjektet det året.	K-sak 081/12
	I budsjettprosessen for år 2013 vart heile investeringsbudsjettet tatt opp til ny vurdering og det vart lagt opp ei ny løyving på 2,2 mill. til sjølve utvidinga + inventar/utstyr på 0,15 mill. + 0,25 mill. til utearealet. Til saman 2,6 mill. I tillegg vart det lagt inn ei løyving til uteområde på 0,25 mill. i år 2016.	K-sak 083/12
	Restløyvingar frå tidlegare år vart justert inn ved 1. tertialjustering for år 2013. Prosjektdelane vart sett under eitt og det vart løyvd 0,25 mill. ekstra til totalprosjektet. Det vart i tillegg løyvd 0,1 mill. til uteområde for år 2014, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga for år 2016. (Ved rulleringa av økonomiplanen for år 2015-2018, så vart restløyving på år 2016 (0,15 mill) flytta til år 2015. Dette vedkjem trinn 2 av uteområde og er ikkje med i denne prosjektrekneskapen). Sum løyvingar som det til slutt vart styrt og rapportert etter: Utviding kapasitet barnehage kr. 2.850.000 (herav kr. 150.000 til inventar og utstyr) Uteområde barnehage kr. 350.000 (ekskl. løyving for år 2016)	K-sak 023/13 K-sak 058/13

Emne	Skildring	Til politikk
	Bakgrunn for prosjekta: Det hadde vore ei positiv utvikling på 2000-talet, når det gjeld aukande barnetal i Solund barnehage. Det var eit samla behov for å auka tal plassar ved barnehagen til om lag 50 (barn under 2 år opptar 2 plassar kvar) og det var ynskjeleg å kunna samlokalisera avdelinga i Kletten, saman med avdelingane i hovudbygningen på Hardbakke. Gjennomføring av prosjekta: Det vart fatta vedtak i Solund kommunestyre om å utvide kapasitet barnehage, og det vart avgjort at dette skulle gjerast å ved å nytte lokale i underetasjen. Kontraktsunderskrifta for totalenterprisen vart datert 8/2 2013 og første spadetak vart tatt same dag. Prosjektgruppa har bestått av både tilsette, foreldre, kommunale representantar og administrasjonssjef. Vestbygg leia prosessen i nært samarbeid med styrar i barnehagen, som då vart byggeleiarrepresentanten kommunen. Byggeprosessen vart svært god, det var god dialog undervegs og resultatet sto ferdig og klar til bruk i januar 2014. Solund barnehage framstår no som lys og triveleg, samstundes som den er tenleg for alle brukargruppene. Ein kan no tilby 50 plassar fordelt på 2 etasjar. I samband med prosjekt utviding kapasitet barnehage meldte det seg eit behov for å fornye, samt å investere, i nytt inventar i barnehagen. Prosjektmidlane vart nytta til kontorplassar til tilsette, interiør på ny avdeling samt garderobeplassar. Solund barnehage er no innreda med gode arbeidsplassar for tilsette som stettar dagens krav, samt ein triveleg og teneleg avdeling i underetasjen. Uteområde har også fått eit løft, men grunna eit uunngåeleg meirforbruk i hovudprosjektet, er dette arbeidet mellombels stoppa. Før arbeidet med uteområde vart stoppa, vart det investert i nytt klatrestativ og fleire leikeapparat vart oppgradert til dagens krav om standard og sikkerheit. Barnehagen vart også malt utvendig, men det står att å få gjort eit viktig dreneringsarbeid.	



Emne	Skildring	Til politikk
	Avslutning: Ferdigattesten frå kommunen var 19/12 2013 (ferdigattest), og den utvida barnehagen vart att i bruk frå 1/1 2014. Samla kostnader for prosjekta har så langt vore om lag kr. 4.127.533,12 . Netto meirforbruk samla sett vart kr. 147.062,25, som fordeler seg på dei einskilde driftsår slik vedlegget syner. I eit ombyggingsprosjekt er det ikkje uvanleg at det kan oppstå nokre avvik. Avviket er på om lag 3,6%. Det var ynskjeleg med kr. 0 i avvik, noko ein ikkje makta å få til. Inndekning av meirforbruk: Inndekning år 2014 er i årsrekneskapen gjort ved bruk av det generelle ubunde investeringsfondet. Inndekning tidlegare år er gjort ved saldering mot mindreforbruk på andre investeringsprosjekt. Det vert ikkje tilrådd å gjere endringar i inndekningsmåten for år 2013 og tidlegare år. Resten av planane for uteområde har ein hatt eit ynskje om å løysa innafør løyvinga i år 2015 til trinn 2 av uteområde (0,15 mill.). Men administrasjonssjefen gjer no eit nytt framlegg om å tilbakeføre til fondet det meirforbruket som sluttrekneskapen syner, mot saldering av løyvinga til trinn 2 av uteområde for år 2015. Dette vil medføre at K-styre må vurdere å løyve nye midlar til Uteområde trinn 2 på år 2015 / 2016. Det vert elles vist til sak om årsrekneskap og tertialrapport nr. 1 år 2015.	
Dato start på prosjekt	År 2007 / 8/12 2013	
Dato avslutta prosjekt	19/12 2013 / 31/12 2014	
Investering		
Total kostnad*	Sjå tabellar under	
Siste tiltak		
Internt timar	Det er ikkje utgiftsført kostnader for desse eller anna intern ressursbruk i prosjektet	
Underskrift og dato ansvarleg		
Underskrift og dato adm.sjef		

Vedlegg:

*Tabell 1: oversikt av økonomi

Økonomisk oversyn av investeringsprosjekt:

Utvinding kapasitet barnehage									
Konto	Utgiftsart:	Budsjett år 2010-2014	Rekneskap år 2015	Rekneskap år 2014	Rekneskap år 2013	Rekneskap år 2012	Sum rekneskap	Avvik i kr.	
001..	Løn og sosiale kostnader			7 000,00			7 000,00	7 000,00	
01400	Annonse, reklame og informasjon					1 542,00	1 542,00	1 542,00	
01950	Avgifter, gebyr, lisenser o.likn.				4 227,60		4 227,60	4 227,60	
02001	Inventar og utstyr			90 527,80	56 097,60		146 625,40	146 625,40	
02701	Konsulenttenester	2 850 000,00			1 718 348,82	143 012,83	1 861 361,65	-988 638,35	
03700	Kjøp av tjenester fra private				1 009 191,74		1 009 191,74	1 009 191,74	
04290	MVA som gjev rett til momskompensasjon			22 631,95	691 722,51	33 501,21	747 855,67	747 855,67	
	Sum utg./kostnader	2 850 000,00	0,00	120 159,75	3 479 588,27	178 056,04	3 777 804,06	927 804,06	
Inntektsartar:									
07290	Kompensasjons mva.avg.			-22 631,95			-22 631,95	-22 631,95	
09109	Bruk av lånemidler	-2 850 000,00			-2 683 484,00	-166 536,04	-2 850 000,04	-0,04	
09700	Overført fra driftsrekneskapen				-691 666,80		-691 666,80	-691 666,80	
	Sum inntekter	-2 850 000,00	0,00	-22 631,95	-3 375 130,80	-166 536,04	-3 564 298,79	-714 298,79	
	Nettoutgifter	0,00	0,00	97 527,80	104 457,47	11 520,00	213 505,27	213 505,27	
	Meirforbruk av vedteken finansiering								

Økonomisk oversyn av investeringsprosjekt:

Uteområde barnehage									
Konto	Utgiftsart:	Budsjett år 2010-2014	Rekneskap år 2015	Rekneskap år 2014	Rekneskap år 2013	Rekneskap år 2012	Sum rekneskap	Avvik i kr.	
001..	Løn og sosiale kostnader			8 871,79			8 871,79	8 871,79	
02001	Inventar og utstyr			8 781,60	69 290,00		78 071,60	78 071,60	
03700	Kjøp av tjenester fra private	350 000,00		184 260,59	12 352,82		196 613,41	-153 366,59	
04290	MVA som gjev rett til momskompensasjon			45 760,55	20 410,71		66 171,26	66 171,26	
	Sum utg./kostnader	350 000,00	0,00	247 674,53	102 053,53	0,00	349 728,06	-271,94	
Inntektsartar:									
07290	Kompensasjons mva.avg.			-45 760,55			-45 760,55	-45 760,55	
09109	Bruk av lånemidler	-350 000,00		-268 357,00	-81 642,82		-349 999,82	0,18	
09700	Overført fra driftsrekneskapen				-20 410,71		-20 410,71	-20 410,71	
	Sum inntekter	-350 000,00	0,00	-314 117,55	-102 053,53	0,00	-416 171,08	-66 171,08	
	Nettoutgifter	0,00	0,00	-66 443,02	0,00	0,00	-66 443,02	-66 443,02	
	Mindre kostnad i høve revidert budsjett								

Dato & underskrift:

13/5-15 *[Signature]*

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 015/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/95
---	-------------------------	------------------------------

Revisjonsprosjekt: Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde

Vedlegg:

Dok.dato 22.04.2015	Tittel Revisjonsrapport frå KRYSS Revisjon: Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde - Solund kommune	Dok.ID 2199
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Solund kontrollutval viser til revisjonsrapport datert 22.4.2015 frå KRYSS Revisjon: Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde – Solund kommune, og tek den til vitande.

Rapporten vert sendt kommunestyret til orientering.

.

Saksutgreiing:

Solund kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 11/14 Forvaltningsrevisjon – Val av nytt prosjekt i møte 10.6.2014:

1. *Kontrollutvalet tingar følgjande revisjonsrapport: Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.*
2. *Rapporten tek utgangspunkt i KOSTRA si kommunegruppe, gjennomsnitt i fylket og nokre kommunar som det er naturleg å samanlikne med. I rapporten bør ein legge spesielt vekt på å samanlikne med øykommunar med tilnærma likt busetnadsmønster som Solund.*
3. *Rapporten skal gi eit overordna bilete av tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar.*
4. *Framlegg til prosjektplan skal ligge føre til handsaming i kontrollutvalet sitt møte den 4. september 2014. Frist for prosjektrapport: 30.4.2015.*
5. *Kryss revisjon får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.*

Prosjektplanen vart godkjent i møte 4.9.2015 sak 017/14 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsrapport: Vurdere bemanninga og ressursbruken på uliketenesteområde. Det vart i møtet presisert at det var eit revisjonsprosjekt og ikkje forvaltningsrevisjon.

KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim leverte rapport for revisjonsprosjektet 22.4.2015

REVISJONSPROSJEKT

**”Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike
tenesteområde – Solund kommune ”**

Endeleg rapport levert den: 22.04.2015

Forord

Denne rapporten er produsert av KRYSS- Revisjon etter formell tinging frå kontrollutvalet i Solund kommune. I tinglysmandatet har kontrollutvalet sagt at dei ikkje ynskjer ein forvaltningsrevisjon etter RSK 001. I det ligg det ei formell fristilling frå kontrollutvalet med omsyn til korleis vi kan utføre oppdraget. Mellom anna tyder det at vi ikkje er pliktig til å utleie klåre og autoritative revisjonskriterier som grunnlag for vurdering av fakta i problemstillingane.

Vi har etter vurdering av vår formelle rolle som tilsynsorgan etter kommunelova ikkje funne kriterier vi kan nytte som grunnlag til å vurdere ressursbruk og bemanning i Solund kommune.

Det er med andre ord ingen spesielle kommunestyrevedtak eller andre klåre føringar vi har sett som kunne ha vorte nytta til å gje vurderingar av korleis Solund kommune har prioritert sin ressursinnsats eller organisering. Det ligg i den politiske sfæren, og manifesterar seg mellom anna i planverket, vedtak og budsjettet.

I dette ligg det frå vår side ei erkjenning av at vi må vere forsiktig i å meine noko om lokalpolitiske prioriteringar i Solund kommune. Om vi utan å kunne syne til klåre kommunale vedtak eller statlege føringar skulle ha kome med egne vurderingar kring organisering og ressursbruk, ville vi ha havna i ei rolle som vi ikkje kan eller skal ta. Vi er eit tilsynsorgan, og våre arbeidsoppgåver skal spegle dette. Syner i så måte til kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Vi har difor løyst oppdraget med å leggje fram kommunen sine egne tal og rapporteringar¹ til KOSTRA, som igjen har vorte bearbeida av fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Eit utplukk av desse rapporteringane vert presentert i rapporten med våre kommentarar.

¹ Vi har også nytta Årsmelding Solund kommune 2013 som kjelde og referansepunkt i denne rapporten

INNHALD

1	INNLEIING	4
2	Tematikk i analysa	4
2.1	Tingingsdokumentet frå SEKOM	4
2.1.1	Presisering og avgrensing av problemstillingane i tingingsdokumentet	4
2.1.2	Revisjonen sine vurderingar av oppdraget og oppdragsmandatet.	4
3	METODE og kjelde	5
4	PROBLEMSTILLING operasjonalisert og tilpassa.	5
5	KOSTRA RAPPORTER – UTVALDE INDIKATORAR OG TABELLAR	6
5.1	Tenester som ikkje er direkte aldersspesifikke	13
5.2	Avslutningsvis	15

1 INNLEIING

Dette oppdraget er heimla i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 11/14. I tinginga ligg det ei føring på at vi skal samanlikne Solund kommune med øykommunar med tilnærma likt busetnadsmønster som Solund.

I kontrollutvalsmøtet den 04.09.14 vart vårt framlegg til prosjektplan handsama i sak 17/14. Til møtet hadde sekretariatet med eit forslag om moglege kommunar som kunne nyttast til samanlikning med Solund². Kontrollutvalet sitt signal i møtet var at desse kommunane ikkje var direkte samanliknbare med Solund. Vi har difor ikkje gått vidare med ovannemnde kommunar i vår rapport. Då vi etter å ha vurdert andre kommunar, ikkje har funne direkte samanliknbare kommunar i Norge, vart Gulen, Sogn og Fjordane fylke og landet utan Oslo valt som samanlikningsgrupper i reknearka henta frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Gulen kommune er vald i og med at dette også er ein øykommune i Sogn og Fjordane, og det er ein kommune som Solund samarbeider med på fleire fagområde. Mykje av samarbeidet er formalisert gjennom HAFS samarbeidet og HAFS regionråd.

2 TEMATIKK I ANALYSA

2.1 Tingingsdokumentet frå SEKOM

Føremålet

Føremålet med analysa er jf. tingsingsvedtaket å gje eit overordna bilete av tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar.

Presiseringar i vedtaket

Det vert presisert i vedtaket at rapporten bør vektlegge samanlikningar med øykommunar med tilnærma likt busetnadsmønster.

Fullmakt for revisor til å gjere avgrensingar og tilpassingar

I punkt 5 i tingsingsvedtaket vert det presisert at KRYSS – Revisjon får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar.

2.1.1 Presisering og avgrensing av problemstillingane i tingsingsdokumentet

Det er ikkje sagt noko i tinginga av kva periode ein ynskjer å få analysert. Vi har difor avgrensa undersøkinga til KOSTRA tal frå 2011 – 2013. Dei sist oppdaterte og bearbeida tal og tabellar er frå 2013.

Vi har valt Gulen kommune som hovudkommune for samanlikning. Vi har også for fleire av oppsetta i rapporten tatt med fylkes og landet. Dette for å sette tilhøva i Sound inn i ein større samanheng for analyse og samanlikning.

2.1.2 Revisjonen sine vurderingar av oppdraget og oppdragsmandatet.

Som vi allereie har skrive i innleiinga har kontrollutvalet ikkje tinga ein forvaltningsrevisjonsrapport etter RSK 001. Det vi oppfattar som vårt mandat, er å syne korleis Solund kommune sine prioriteringar og ressursbruk er samanlikna med andre kommunar og fylket. Vi har difor valt ut to sentrale område kommunen skal levere tenester på.

² Saka desse kommunane var henta frå, gjaldt ein søknad om midlar til utgreiing av kommunestruktur for øykommunar utan fastlandsforbindelse. Kommunane nemnd var Fedje, Hasvik, Kvitsøy, Leka, Røst, Smøla, Solund, Træna, Utsira og Værøy.

Vi har valt tenester for barn og unge; som skule og barnehage og tenester for pleie- og omsorgstrengande, oftast representert ved eldre innbyggjarar.

Vi presiserer at vi ikkje kjem ei fullstendig eller djuptgripande KOSTRA – analyse. Det ville medført eit stort arbeid og ville gjeve ein omfangsrik rapport.

3 METODE OG KJELDE


Vi har nytta analyse av KOSTRA rapporteringa frå Solund kommune med tabellar henta frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi har også i den grad det har passa, nytta kommunen si årsmelding for 2013 som grunnlag og kjelde for understøttande informasjon i vår rapport.

4 PROBLEMSTILLING OPERASJONALISERT OG TILPASSA³.

Samanlikn Solund kommune med Gulen kommune, Sogn og fjordane fylke og landet utan Oslo med utgangspunkt i utvalde overordna KOSTRA – indikatorar. Rapporten skal gje eit overordna bilete av tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar.

³ Jf punkt 5 i kontrollutvalssak 11/14

5 KOSTRA RAPPORTER – UTVALDE INDIKATORAR OG TABELLAR




Denne grafen syner alderssamansetninga i Solund kommune for åra 2011 – 2013. Vi har her for samanlikninga si skuld teke med naboøykommunen Gulen, Sogn og Fjordane fylke og landet elles utan Oslo.

Det går fram av grafane at befolkninga i Solund kommune vert eldre⁴. Andelen eldre er høgare i Solund enn i Gulen, Sogn og Fjordane og ikkje minst landet utan Oslo. Samstundes går andelen unge også ned. Tendensen i Sound er ein aldrande befolkning i ein kommune som også opplever ein markant befolkningsnedgang. Nedgangen frå 2011 til 2013 er på 36 personar. Det utgjer ein reduksjon på 4,3 %.

Denne tendensen gjer det rimeleg å anta at utgiftene til tenester innafor helse, pleie og omsorg er aukande, og at Solund kommune må nytte ein større del av sine driftsinntekter på ein aldrande folkesetnad. Samstundes vil ein tendens med nedgang på tal innbyggjarar mellom 0 – 15 år, indikere at behovet for ressursar til skule, barnehage etc går ned. Vi har difor henta fram tal frå 2011 – 2013 også på dei andre indikatorane nytta i denne rapporten. Det vert gjort for å syne kva trend dei områda vi har valt ut syner dei tre siste åra.

⁴ Eldre er i denne samanheng definert som befolkning over 67 år

Behovsprofil Diagram C: Alderssamanstelling



Dette diagrammet syner alderssamanstellinga på innbyggjarane i Solund og Gulen, fylket og landet utan Oslo.

I åra 2011 – 2013 er andelen eldre 80 år og eldre konstant i Solund kommune. I høve Gulen kommune er prosenten eldre 80 år og over tilnærma likt. I praksis vil det seie at begge desse kommunane har same utfordring når det gjeld å planlegge for framtidig ressursbruk innafor pleie- og omsorgstenestene. Ser ein på fylket og landet elles, har Solund kommune litt større del eldre over 80 år.

I gruppa mellom 67 – 79 år er trenden i Solund at denne aldersgruppa har auka, og han aukar fortare enn i nabokommunen Gulen. Auken vert ytterlegare forsterka når en tar med data frå fylket og landet elles. Dette har tyding for planlegging av tenestene frametter. Denne aldersgruppa vil etter kvart bli 80 år +, og det vil måtte bli tatt omsyn til deira sannsynlege behov for tenester ytt av pleie- og omsorgssektoren.

Speglar denne demografien også dei yngste årsklassane? Diagrammet syner i så måte ein tendens med færre 0-5 åringer og 6-15 åringer i høve totalt tal innbyggjarar. Det vil igjen ha tyding for dimensjonering av barnehageplassar og grunnskuletilbodet. Om ikkje trenden snur, vil Solund kommune nytte ein stendig mindre del av budsjetta til barn og unge.

I korte trekk viser diagrammet at Solund kommune i sin ressursplanlegging bør ta omsyn til at befolkninga vert eldre og færre.


Om tendensen held fram vil det tyde at behova for barnehage, skule og kringliggjande tenester etter kvart vil bli redusert.

Behova innafor pleie- og omsorg vil derimot auke, og vil krevje etter kvart ein større del av tilgjengelege ressursar i form av budsjettmidlar og tilsette.

Kva seier Årsmelding 2013 Solund kommune

I årsmelding 2013 for Solund kommune er det på side 21-22 gjort ein analyse av folketalsutviklinga. Det går der fram at folketalsnedgangen i 2013 var vesentleg. Frå 851 i 2012 til 829 pr 1/7 2013. (Jf her også folketallet pr 31.12 som i fylgje KOSTRA rapporteringa syner ein ytterlegare nedgang til 815 innbyggjarar.)


Eit viktig poeng som vert understreka i årsmeldinga er kva tyding folketalsnedgang i høve overføring på dei frie inntektene til ein kommune. Grovt sett vert det rekna eit gjennomsnittleg tap i frie inntekter på kr 50 000 pr innbyggjar. Det får, som det står i årsmeldinga, stor tyding i høve dimensjonering av kommunale tenester iform av omstruktureringar og nedskjeringar. Det vert difor viktig for kommunen å freiste å snu folketalsutviklinga.



Dette diagrammet syner at grunnskulesektoren bruker ca 20 % av netto driftsutgiftene på skulen i 2013, medan elevgrunnlaget utgjer ca 11 % av tal innbyggjarar. Om ein ser på Gulen kommune, fylket og landet elles er forholdstala mykje likt. Solund kommune har i dette perspektivet ikkje ein avvikande ressursbruk samanlikna med dei andre. At kurvane er fallande for Solund kommune i perioden, heng saman med at tal elevar også går ned i perioden.

Som ein tilleggsopplysning viser vi til årsmelding 2013 frå Solund kommune der det vert informert om omorganisering av skulestrukturen hausten 2013. Då vart Ytre Solund Oppvekstsenter og Hardbakke skule/Solund ungdomsskule slått saman til ein skule.

I praksis tyder dette at Solund kommune i sine budsjett dei siste åra, har tatt omsyn til alderssamansetninga og nedgangen på tal innbyggjarar. Det er såleis ikkje ut i frå dette diagrammet mogleg for oss å sjå at kommunen på nokon måte driv skulen på ein strukturelt sløsende måte. Solund kommune har for desse åra omstilt seg til det synkande talet på barn og unge i skulesektoren.




I dette diagrammet som spenner frå 2011 til 2013, ser ein kva netto driftsutgifter per innbyggjar og per innbyggjar mellom 6- 15 år har vore. Vi har i tillegg til Gulen kommune også tatt med Sogn og Fjordane og landet utan Oslo. Den grøne pila som står ved kva røde søyle i diagrammet, syner prosentdelen innbyggjarar mellom 6-15 år av totalt tal innbyggjarar i kommunen. Den markante forskjellen mellom diagramma er netto driftsutgifter brukt på skule for innbyggjarar i grunnskulealder. (Rød søyle). Her skil Sogn og Fjordane seg ut frå landet utan Oslo. For kvar grunnskuleelev i Solund er netto driftsutgifter i 2013 i overkant av 31 000 større enn for landet elles, og vel 18 000 meir enn for snittet i fylket vårt.

Her er det grunn til å tru at klassestorleik og tal elevar per lærar spelar ei viss rolle. Solund kommune er ein liten kommune, og det er få elevar i grunnskulealder. I fylgje innrapporterte data frå Solund kommune var det 88 elevar i grunnskulen i 2013.

I tillegg skal ein ha i mente at det er ein overordna målsetting for Solund kommune i kommuneplanen sin samfunnsdel at skulen skal vere blant dei beste i fylket. Sjå årsmelding 2013 side 33 punkt 8.2.3»Overordna mål». Målsettinga er ambisiøs og syner ein politisk vilje til å være blant dei beste skulekommunane i fylket.

F1 Pleie og omsorg - Diagram D - Tjenesteprofil for pleie- og omsorgstjenesten



I dette diagrammet legg ein raskt merke til at Solund kommune har ein høg andel av sine netto driftsutgifter på institusjon og ein mykje mindre andel på heimebuande. Som diagrammet syner nytta Solund kommune 70 % av driftsutgiftene på institusjonane. For Fylket og landet (utan Oslo) er utgiftsbildet at under 50 % av utgiftene knytt til institusjonane.

Samstundes syner diagrammet at korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av kommunale tenester innan pleie- og omsorg er markant høgare i Solund kommune enn Gulen, fylket og landet elles. I 2013 var korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av kommunale tenester kr 250 000 høgare enn fylkesgjennomsnittet og kr 274 500 høgare enn landsgjennomsnittet utan Oslo.


Tala i diagrammet vitnar om at innbyggjarar med behov for pleie og omsorgstenester er høgt prioritert i Solund kommune. Tala vitnar også om at det er ei prioritert oppgåve å tilby innbyggjarane ein institusjonsplass. Det kan vere fleire årsaker til det. Mellom anna er Solund ei øykommune, noko som medfører mykje tid til reise⁵ med båt for t.d. heimetenestene. Som igjen vil føre til at det vert ytt mindre direkte teneste til den einskilde brukar pr. arbeidsdag.

Vurdering


Ein vil slik vi ser det med Solund sin geografi, vere godt tent med å ha godt med institusjonsplassar. Rett og slett fordi ein får nytta meir av tida til direkte tenesteyting istadenfor å måtte bruke tid på reising. Det kan også vere ein politisk prioritering å tilby heildøgns omsorgsplassar, i staden for å bruke mykje ressursar på tiltak i heimane.

Det er uansett eit faktum at Solund kommune bruker vesentleg meir ressursar på institusjonar enn både nabokommunen Gulen og for fylket. Sjå her blått felt i kolonne for Solund kommune.

⁵ I årsmelding 2013 side 42 punkt 8.5.6 Heimetenesta vert det også sagt at det er utfordringar med å gje hjelp til heimebuande som treng hjelp dagleg og der ein må i båt for å nå dei. Det av di båtransport kostar, og fordi dei tilsette ikkje når over så mange den dagen.



Dette diagrammet syner på overordna nivå alderssamansetninga av eldre innbyggjarar i Solund i åra 2011 – 2013. Utfordringa med ressursplanlegging frametter vert aktualisert med den relativt sett store andelen innbyggjarar mellom 67 – 79 år. Denne gruppa vil etter kvart bli over 80 år, og hamne i ein livssituasjon der dei sannsynlegvis vil ha trong for tenester innan pleie og omsorg. Kolonnane syner at Solund kommune ligg høgare samanlikna med fylkesgjennomsnittet og ikkje minst landet elles på tal innbyggjarar mellom 67 – 79 år av totalt tal innbyggjarar.




På barnevern er Solund kommune med i HAFS interkommunale barnevernteneste, i lag med Hyllestad, Askvoll og Fjaler kommune.

Dette diagrammet viser at netto driftsutgifter pr barn i barnevernet i 2013 for Solund var på kr 37 333,-. Trenden for perioden 2011 – 2013 viser eit hopp i netto driftsutgifter pr barn i 2012, og ein markant nedgang for 2013. I og med at Solund kommune har så få innbyggjarar vil eit einskildtilfelle gjere store sprang når ein ser på utgiftsbildet. Men trenden (raud kolonne) syner likevel ein jamn stigning i driftsutgiftene målt mot innbyggjarane i aldersgruppa 0 – 17 år. Det som vi likevel vil merke, er at Solund kommune skil seg klart ut frå både Gulen kommune, fylket og landet elles på netto driftsutgifter pr barn i barnevernet. Solund kommune sitt kostnadsbilde målt i netto driftsutgifter syner at kvart barn kostar kommunen kr 8767 mindre enn i Gulen. Forskjellen blir vesentleg om ein ser på netto driftsutgifter per barn målt mot fylkessnittet og landet utan Oslo. Fylkessnittet er om lag kr 58000 større per barn i barnevernet. For landet utan Oslo er skilnaden enda større. Her er forskjellen om lag kr 61 000.

Vurdering

Desse kolonnane syner at ressursbruken innan barnevernet ikkje kan seiast å være spesielt høgt. Vi vil hevde at tala i tabellen heller syner det motsette. At Solund kommune har eit heller lågt kostnadsnivå innan barnevernet.

5.1 Tenester som ikkje er direkte aldersspesifikke




Diagrammet her syner netto driftsutgifter til sosialtjenesta fordelt på høvesvis alle innbyggjarane i Solund kommune og på dei mellom 20 – 66 år. Det har i denne treårs perioden vore ein stor vekst i sosialtenesteutgiftene, der utgiftene pr innbyggjar har auka frå kr 323 i 2011 til kr 1418 i 2013.

I 2013 er utgiftene lik fylkesgjennomsnittet, men likevel ein del lægre enn landet utan Oslo.

Vi kan ikkje berre ved å sjå på diagrammet seie noko om kvifor det har auka opp så mykje. Ytingar etter sosialtenestelova, som er ei rettigheitslov, og det at opphaldskommunen⁶ har ansvaret for å etterleve lova, vil gje vedkommande eit krav på yting frå opphaldskommunen om vilkåra i lova er oppfylt. Lova i seg sjølv gjer det dimed noko meir uføreseieleg for ein kommune i arbeidet med å budsjettere utgifter til sosialhjelp. Brått kan livssituasjonen for ein innbyggjar/eller besøkande endre seg og dermed gje krav på ytingar etter lova.

⁶ Med einskilde unntak, jf mellom anna sosialtenestelova § 3, 2. ledd



Diagrammet syner at Solund kommune ligg under snittet på årsverk i sosialtenesta samanlikna med fylket og landet elles utan Oslo. Reint praktisk er organiseringa at NAV Solund har administrativ og fagleg leiding som sitt ansvar. Leiar på NAV har ansvars- og styringslinjer til både Solund kommune og Arbeids- og velferdsetaten. Solund kommune dekkjer 50 % av lønskostnadane for leiar stillinga og 25 % av driftskostnadane ved NAV- kontoret. NAV Solund har også ein tilsett som rådgjevar i full stilling. I tillegg har Solund kommune i 2013 hatt tilsett eigen ruskonsulent. Vedkommande tilsette har i snitt hatt ein 40 % stilling i 2013, og er den som er medteke i diagrammet. Lønskostnadane ti ruskonsulent har jf årsmelding 2013 vorte dekkja med statlege tilskot.

Vurdering

Solund kommune har i 2013 hatt i underkant av ei halv stilling til sosialtenesta i eigen organisasjon (ruskonsulenten). Det er for alle praktiske føremål vanskeleg å tenke seg ein reduksjon av denne stillingsprosenten. Ein viss minimumsbemanning⁷ må ei kommunal teneste ha, sjølv om ein kommune er liten i tal innbyggjarar. Alternativet er å vurdere interkommunalt samarbeid også på rusområdet. Vi ser det difor ikkje som eit poeng, gitt mandatet for oppdraget, å vurdere dette diagrammet ytterlegare. Vi kan fastslå at Solund kommune i 2013 ikkje sløsar med stillingar og lønskostnader innafor dette fagfeltet.

⁷ For 2014 er ruskonsulentstillinga 100 % jf årsmelding 2013 side 38 punkt 8.5.2

5.2 Avslutningsvis

Vi har i denne rapporten valt ut nokre område som vi har analysert på eit overordna nivå i høve KOSTRA rapporteringa. Dette er dei tenestene som er størst målt i tal tilsette og då følgjeleg også størst sett i høve budsjettet.

Dei største områda i alle kommunar er tenester innafor pleie og omsorgssektoren, og tenester til barn og unge. Slik vi ser tala etter å ha blitt kategorisert i KOSTRA er det ein tydeleg prioritering av ressursar til pleie og omsorgssektoren i Solund kommune. Når det gjeld våre vurderingar av ressursbruken på til dømes grunnskulen, er vår umiddelbare respons at Solund kommune gjennom sin innrapporterte tal, dokumenterer at færre elevar gjev mindre ressursar til skulen. Kommunen tek altså etter vår vurdering dei grep som trengst for å dimensjonere skuletilbodet til det tal skuleungar som bur i Solund.

Vidare er det vår meining at Solund kommune har eit kostnadseffektivt barnevern samanlikna med både Gulen kommune, fylket og landet elles. Kvaliteten på dei barneverntenestene som blir ytt har vi ikkje tatt nærare stilling til, og vi vil i så måte syne til eventuelle tilsynsrapportar frå til dømes fylkesmannen for vidare vurdering.

Elles er årsmeldinga 2013 eit dokument som på ein informativ måte syner dei utfordringar og endringar som kommunen har i vente og dei endringar som har gjennomført i løpet av 2013.

Det har vore fleire samanslåingar og organisatoriske endringar innan både skule og pleie og omsorg i 2013. Det har etter vår vurdering vore ein medviten halding hjå tilsette i Solund kommune om at dei må vere endringsdyktige og viljuge til å vurdere om tenesteproduksjonen og eiga organisering er tenleg.

Kommunen har folketalsnedgang og ein aldrande folkesetnad og det gjev utfordringar i høve mogleg inntektsnedgang og dimed prioritering av dei tenester som vert ytt.

Slik vi ser det er det på fleire tenestekområde så vidt få tilsette, at det knappast kan sparast inn meir i høve bemanning og fortsatt tilbod om teneste i rein eigenregi. I den grad noko peikar seg ut i høve dei diagramma vi har vurdert er det pleie og omsorg. Der er ressursbruken fordelt pr. mottakar høgare enn både nabokommunen Gulen, fylket og landet elles utan Oslo.

Denne rapporten er utarbeidd av Charles Litsheim revisjonssjef forvaltning i Kryss Revisjon.

Førde, den 22.04.2015


(signatur)

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 016/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/307
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av overordna analyse

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Solund kommune frå KRYSS Revisjon.

.

Saksutgreiing:

Ein viktig del av oppstarten for nytt kontrollutval etter valet, er å starte arbeidet med overordna analyse, som er grunnlag for:

- Plan for forvaltningsrevisjon
- Plan for selskapskontroll

Utarbeiding av overordna analyse har vore ein del av revisor sine oppgåver dei tidlegare åra, og sekretariatet ser på det som ein naturleg arbeidsmåte også denne gongen. Vi har starta drøftingane om korleis analysen kan gjennomførast slik at det ikkje tar unødig lang tid, men samstundes blir ein god reiskap i planarbeidet.

Klipp frå [Kontrollutvalshandboka](#), side 77:

For å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.¹ Planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er i utgangspunktet uavhengige av kvarandre, men det kan vere ein føremon å samordne planarbeidet.²

For å utarbeide gode planar som får fram kva område i kommunen som bør kontrollerast, må det gjennomførast ein overordna analyse av verksemda til kommunen.³ Den overordna analysen skal gje svar på kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje. Det er viktig at kontrollutvalet er aktivt involvert i prosessen, spesielt når det gjeld vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast i planperioden.

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2015 – 2019, og planen skal vere basert på overordna analyse.

Overordna analyse har som føremål å få fram relevant informasjon om verksemda og eigarinteressene i kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og prioritere prosjekt innanfor aktuelle områder. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei gode og nyttige forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte.

SEKOM-sekretariat har dratt i gang samarbeid med Vest Kontroll sekretariat, Kommunerevisjonen i Nordfjord og KRYSS-revisjon, der ein har tinga programmet QuestBack for å bruk til spørjeundersøking i samband med overordna analyse. Det vert elles teke sikte på å bruke same mal for utarbeiding av overordna analyse i alle kommunane.

Tinging av overordna analyse vert lagt fram så tidleg, slik at revisjonen har høve til å innhente synspunkt/erfaringar frå noverande politikarar til utarbeiding av overordna analyse.

SEKOM-sekretariat har avklart med KRYSS Revisjon at dei vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 017/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/308
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av eigarskapskontroll

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.

1. Har Solund kommune eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har Solund kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

.

Saksutgreiing:

Plan for selskapskontroll 2012-2016 vart vedteken av Solund kommunestyret 18.12.2012 i sak KOM-098/12. Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i perioden.

SEKOM-sekretariatet har drøfta med KRYSS Revisjon om det er mogelege prosjekt ein kan sette i gong med parallelt med arbeidet med overordna analyse. Revisor føreslo at det kan gjennomførast ein eigarskapskontroll om korleis kommunen føl opp eigarskapen sin.

Figuren nedanfor viser selskapskontrollen sitt omfang og innhald, henta frå NKRF sin praktisk veileder selskapskontroll



Nokre kommunar har utarbeidd eigarskapsmelding med oversyn over selskap dei er eigar i, og korleis dei skal ivareta og utøve kommunalt eigarskap, medan andre ikkje har dette på plass. Det vil difor vere greitt for kontrollutvalet å få eit oversyn over korleis dette fungerer i kommunen.

SEKOM-sekretariat har sett opp følgjande problemstilling som vi synest er naturleg å ha som spørsmålsformulering i bestillinga av eigarskapskontroll:

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 018/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/261
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 2-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09	Informasjon frå rådmannen/einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar frå revisor som gjeld Solund. Årleg orientering om byggjerekneskap.
Forvaltningsrevisjon «Sjukefråvær og system for oppfølging».	5.6.2013 29.10.2013 11.7.2014 4.9.2014 5.9.2014 23.10.2014	Sak 12/13 Tinga og sendt til KRYSS-revisjon. Frist: 31. mai 2014. Sak 018/13 Prosjektplan godkjent. Revisjonsrapport levert av KRYSS-revisjon. Vedtak sak 16/14: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjukefråvær og system for oppfølging, datert 11.7.2014, og ber administrasjonen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med å utvikle eit godt system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdlov og eigne rutinedokument. Sendt Solund kommune/kommunestyret. Sak 043/14 i kommunestyret
Forvaltningsrapport – Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenestoområde.	10.6.2014 11.6.2014 4.9.2014 22.4.2015	Sak 11/14 Val og tinging av rapport. Leveringsfrist: 30.4.2015. Sendt til KRYSS Revisjon Sak 017/14 Prosjektplan godkjent. KRYSS Revisjon levert revisjonsrapport

003/15 Prosjektstatus og byggerekneskap	2.3.2015 3.3.2015	Vedtak: Saka vert utsett til neste møte. Sendt Solund kommune/rådmannen
004/15 Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit	2.3.2015 3.3.2015 26.3.2015	Vedtak: Kontrollutvalet viser til oppdragsansvarleg revisor, Terje Førde, sin eigenvurdering av uavhengigheit datert 20.1.2015, og tek denne til orientering. Sendt kommunestyret for orientering. KOM-01/15 Skriv og melding.
005/15 Årsmelding 2014 – Solund kontrollutval	2.3.2015 3.3.2015 26.3.2015	Vedtak: Årsmelding 2014 frå Solund kontrollutval vert godkjent. Sendt kommunestyret for handsaming. KOM-013/15 Godkjenning årsmelding 2014 kontrollutvalet.
006/15 Møteplan 2015 Solund kontrollutval	2.3.2015 3.3.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Solund kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 2. mars, 26. mai, 18. september og 30. november. Bestilt møterom i bankbygget for resterande møter.
Fagkonferanse Forum for Kontroll og Tilsyn	3.3.2015	E-post med invitasjon til Forum for Kontroll og Tilsyn sin fagkonferanse vart sendt ut. Rune Steinsund og Heidi Sanden ga beskjed i møte 2.3.2013 at dei ikkje kom til å reise.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 26.05.2015	Saksnr 019/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/310
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).